# Årsmelding 2024
# Herøy Kommune

## Oversyn

Herøy kommune er perla ytst mot storhavet på Sunnmøre. Det er 9000 innbyggarar i Herøy. Saman med kommunane Hareid, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta utgjer vi ein region med om lag 50 000 innbyggarar: søre Sunnmøre.

Frå Fosnavåg, kommunesenteret vårt, tek det 45 minutt å køyre til Ørsta-Volda lufthamn. Til Ålesund kjem du deg på under halvannan time.

Arbeidsmarknaden i regionen er stor og variert. Herøy er spesielt kjent for å skape verdiar frå hav og fiske. Regionen har eit allsidig privat næringsliv og store offentlege arbeidsplassar som sjukehus og høgskule.

Kommunen sin visjon er «ei båtlengd føre». Kjerneverdiane våre er respekt, tillit og samhandling. Vi er nær 700 årsverk i kommuneorganisasjonen.

I Herøy har vi eit breitt kultur-, fritids- og idrettstilbod med festivalar og arrangement for alle. Vegen er kort til fjell og fjøre, det gir grunnlag for eit mangfald av aktivitetar. Naturen og kysten vår er vakker. Øya Runde, med det mektige fuglefjellet, er vi ekstra stolte av.

Kommuneplanen vår har tre perspektiv som skal prege arbeidet: livsmeistring, likestilling og berekraft. Og kommuneplanen peikar ut fire satsingsområde: heilskapleg utvikling, inkluderande lokalsamfunn, oppvekst og identitet, infrastruktur.

I årsrapporten gjer vi greie for drifta, resultata og satsingane våre i 2024 – både i kvar av sektorane og på tvers av organisasjonen.

## Ordføraren har ordet



Foto: Svein Arne Orvik

«Alle politiske parti må bidra for å løyse den økonomiske krisa som vi no står no, og det må vi gjere i lag med administrasjonen i kommunen», skreiv eg i den førre årsrapporten. No kan vi slå fast at i 2024 tok kommunen tak for å sikre ein berekraftig økonomi.

Modige politikarar i Herøy har tatt tøffe beslutningar som har vore med på å snu den økonomiske skuta. Det har allereie gitt svært tydelege resultat. Meirforbruket var stort i 2023 og svært lite i 2024.

Vi treng framleis modige politikarar som står på for å få økonomien i pluss igjen, slik at vi kjem i posisjon til å investere i både framtidas omsorgssenter og i skulebygg. Derfor vil eg takke dei modige politikarane som bidrog konstruktivt i 2024. Og eg ser fram til eit godt samarbeid vidare.

Det er framleis nødvendig å få inntektene opp og utgiftene ned. Omstillingane og sparetiltaka krev mykje, ikkje minst av dei tilsette. Administrasjonen har spart inn mykje på drifta.

Eg vil takke alle tilsette og leiarar i kommunen varmt for at de står på også i tøffe tider og gir innbyggarane våre gode tenester. Det er ei ære å få dele arbeidsplass med dykk.

Og eg ser optimistisk på tida som kjem. Med tillit, respekt og samhandling mellom politikk og administrasjon skal vi ta nye steg for å bygge framtida i heile Herøy.

Det skal vi gjere saman med innbyggarane og det livskraftige næringslivet vårt. Vi er på rett veg – sjå berre på utviklingsplanen for Fosnavåg sentrum som vart lagt fram i 2024.

Ei båtlengd føre – med gode åretak i lag.

Tine Storøy
ordførar

## Kommunedirektøren sitt attendeblikk



Foto: Svein Arne Orvik

## Skuta er snudd, men er ikkje i hamn!

Herøy kommune har gjennom fleire år hatt ei negativ økonomisk drift. Budsjetta har blitt vedtekne med bruk av disposisjonsfond, i staden for å ta dei politisk krevjande prioriteringane. Kommunen fekk kniven på strupen då vi enda med eit historisk stort underskot i 2023, på nær 60 millionar kroner. Då rekneskapen var gjort opp, var sparekontoane tømde. Vi sat igjen med eit betydeleg meirforbruk som måtte dekkjast inn innan to år. Om vi ikkje klarte å leggje fram ein forpliktande plan for å kome i balanse, ville kommunen bli sett under statleg kontroll: Vi ville hamne på ROBEK-lista (står for Register om betinget godkjenning og kontroll).

Det var nødvendig med omfattande tiltak. Endring skapar uro blant tilsette, folkevalde og innbyggjarar. Gode prosessar er ofte skilnaden på om vi lukkast med endring eller ikkje. Det vart kravd politisk vilje og mot for at vi skulle lukkast med å gjennomføre dei endringstiltaka som måtte til for å få ein berekraftig økonomi.

Dette bakteppet har prega heile 2024. No måtte alle steinar snuast. Kommunen måtte vise både administrativ og politisk handlekraft.

Vi innførte innkjøpsstopp og tilsettingsstopp, ingen fekk reise på kurs eller samlingar. Økonomiske fullmakter blei inndregne og ein rekkje tilsette som slutta blei ikkje erstatta. Organisasjonsstrukturen blei endra ved at avdelingar blei lagde ned og slåtte saman.

Politisk blei også utvalsstrukturen endra: Oppvekst- og kulturutvalet blei slått saman med helse- og omsorgsutvalet og eit nytt utval for helse, kultur og oppvekst blei etablert. Talet på valkrinsar blei redusert frå 11 til 3.

## Mange viktige og krevjande politiske saker

Forskotteringsavtala om utdjuping av Fosnavåg hamn, som har prega politikken i kommunen i ei årrekkje, blei lagt vekk og ansvaret overført til staten ved Kystverket.

Kommunestyret sa nei til å innføre Helseplattforma og vedtok å selje Tussa-aksjar. Biblioteket blei vedteke flytta til sentrum og kulturhuset blei bygd om til skuleformål.

Det blei vedteke utvida bandtvang på Nerlandsøya og kommunen tok ansvar for å byggje gang- og sykkelveg på Nerlandsøya. Og vi gjekk inn i eit spleiselag med fylkeskommunen om å utbetre Kleivasvingen.

Og ikkje minst vedtok kommunestyret å innføre eigedomsskatt og gav administrasjonen i oppdrag å greie ut ny skulestruktur.

## Reviderte styringsdokument

Kommunen har i løpet av året revidert ei rekkje styringsdokument. Beredskapsplanen og den heilskaplege ROS-analysen blei revidert.

Det same blei dei økonomiske styringsdokumenta med økonomiplan, finansreglement, innkjøpsstrategi, innkjøpsreglement, og reglement for kjøp og sal av eigedom.

Temaplanen for eldre og kvalitetsstandarden for tildeling av helse- og omsorgstenester blei vedtekne. Vi har fått vår eiga veteranplan og det er vedteke ein ambisiøs planstrategi.

## Krevjande mediehandtering

2024 har i Herøy vore prega av store tunge saker som også har vore mykje omtalte i nasjonale medium.

Den såkalla babybyttesaka gjekk i Oslo tingrett i ei heil veke i november. Kommunedirektøren og fleire tilsette måtte vitne. Det er ei forferdeleg sak for alle rørte partar. Kommunen har heile vegen vore tydeleg på at vi ikkje kunne haldast ansvarleg. Det var godt å få stadfesta det då dommen endeleg kom og kommunen blei frikjend. Delar av saka er no anka og skal handsamast på nytt i september 2025.

Ei anna sak som har fått stor mediemerksemd er den såkalla Marita-saka. Også det ei krevjande sak. I tillegg til at sjølve innhaldet i saka er svært utfordrande, har kommunen hatt avgrensa moglegheiter til å korrigere medieframstillinga av saka, der vi er bundne av teieplikta. Det er tøft å være øvste ansvarleg i ein kommune når slike saker seglar opp, men mi viktigaste oppgåve har vore å vareta dei tilsette som må handtere sakene i det daglege.

## Godt å sjå at det verkar

2024 har vore eit år prega av dei økonomiske utfordringane vi står overfor. Det er derfor svært gledeleg å sjå at alle dei tøffe prioriteringane som er gjorde, faktisk monar.

Gjennom god samhandling politisk og administrativt, og med gode prosessar for å gjennomføre tiltak, har vi klart å snu eit enormt underskot til ein rekneskap der vi snart er i balanse. Meirforbruket i 2024 er marginalt.

For å klare dette, treng vi dyktige fagfolk. Vi er byggesteinane i velferdssamfunnet. Tillit mellom innbyggarane, dei folkevalde og administrasjonen er heilt avgjerande for å få til ei god utvikling av Herøy kommune. Leiarar og medarbeidarar er vår viktigaste ressurs for å nå politiske mål og sikre kvalitet i tenestene.

Årsrapporten skildrar omfang og resultat, utviklingstrekk og viktige hendingar for kommunen i 2024. Dokumentet fortel oss om året som gjekk, men bør aller mest brukast til å sjå og handle framover.

Det har vore eit tøft og krevjande år, men eg er stolt av det vi no har fått til. Og eg har tru på at vi har eit godt grunnlag for ein berekraftig økonomi, som vil gi oss rom for å ta dei store investeringane vi treng for å møte framtidas behov.

Sjå til Herøy!

Trond Arne Rossi Aglen
kommunedirektør

# Økonomirapportering drift

## Totaloversikt økonomi

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap i fjor | Opph. bud. | Rev.bud. 2024 | Rekneskap 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| Sum generelle driftsinntekter | −599 583 | −640 100 | −640 100 | −651 883 | 11 783 |
| Avskrivingar | 36 869 | 33 800 | 33 800 | 38 968 | −5 168 |
| Motpost avskrivingar | −40 646 | −38 242 | −38 242 | −42 840 | 4 599 |
| Netto finansutgifter | 50 765 | 59 680 | 43 830 | 54 850 | −11 020 |
| Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat | −36 328 | 2 643 | 143 | 375 | −232 |
| **Til disposisjon** | **−588 923** | **−582 219** | **−600 569** | **−600 530** | **−38** |
| Sektor verksemdstyring | 20 280 | 23 729 | 23 562 | 21 615 | 1 947 |
| Sektor kultur og oppvekst | 211 528 | 195 730 | 199 844 | 212 238 | −12 395 |
| Sektor helse og omsorg | 305 761 | 302 263 | 307 366 | 320 180 | −12 814 |
| Sektor samfunnsutvikling | 51 192 | 53 239 | 54 040 | 48 801 | 5 239 |
| Politisk | 4 706 | 4 103 | 4 103 | 3 669 | 434 |
| Felles- / overføringsområde | 16 044 | 19 722 | 12 371 | 2 466 | 9 905 |
| Skatt, ramme, finans | 810 | −16 567 | −717 | −922 | 205 |
| **Sum disponering** | **610 322** | **582 218** | **600 568** | **608 047** | **−7 479** |
| | | | | | |
| **Meirforbruk +/mindreforbruk -** | **21 399** | **−1** | **−1** | **7 517** | **−7 517** |

Sektorane og avdelingane fekk tildelt 600,6 millionar kroner for å drifte kommunen i 2024 (justert budsjett) . Endeleg rekneskap syner at ein nytta vel 608,1 millionar kroner. Dette er eit meirforbruk på nær 7,48 millionar kroner. Dette er ei betring sett i høve til 2023 då sektorane samla hadde eit meirforbruk på omlag 47,5 millionar kroner.

**Sektor for kultur og oppvekst** hadde eit samla meirforbruk på 12,39 millionar kroner. Her var det barnehageavdeligna (nær 5,34 millionar kroner), grunnskuleavdelinga (nær 10,94 millionar kroner) som hadde dei største negative budsjettavvika. I barnehageavdelinga skuldast omlag 5,45 millionar kroner av meirforbruket auka tilskott til dei private barnehagane. Innan grunnskuleavdelinga var det meste av meirforbruket knytt til løn (løn minus sjukelønsrefusjonar), som utgjorde i overkant av 8,5 millionar kroner. I tillegg vart kjøp av undervisningstenester omlag 3,0 millionar kroner dyrare enn budsjettert. Kvalifiseringssenteret hadde eit mindreforbruk på nær 3,44 millionar kroner. Dette skuldast blant anna høgare statstilskott enn budsjettert.

Innan sektor helse og omsorg var meirforbruket på 12,81 millionar kroner. Her var det avdeling for barn, familie og helse (4,72 millionar kroner) og legetenesta (9,04 millionar kroner) som hadde det største meirforbruket. For barn, familie og helse skuldast meirforbruket blant anna auka utbetalingar av sosialhjelp samt plasseringar i barnevernet. For legetenesta var meirforbruket meir samansett. Noko skuldast feilbudsjettering, medan andre faktorar til meirforbruket var bruk av vikarbyrå, auka kostnadar knytt til legevaktssamarbeidet, driftstilskott til legane med meir. Pleie- og omsorgsavdelinga enda på eit meirforbruk på omlag 1,26 millionar kroner medan Bu- og habiliteringsavdelinga hadde eit mindreforbruk på 2,45 millionar kroner

Dei to andre sektorane knytt til drift hadde mindreforbruk. **Sektor for verksemdstyring** hadde eit mindreforbruk i 2024 på nær 1,95 millionar kroner (skuldast i hovudsak lavare lønskostnader og høgare sjukelønsrefusjonar enn budsjettert. **Sektor for samfunnsutvikling** hadde eit mindreforbruk på omlag 5,24 millionar kroner.

Overføringskapittelet hadde eit mindreforbruk på omlag 9,91 millionar kroner - vesentleg knytt til pensjonmeirkostnadar (pensjonsavviket og amortiseringa av pensjonsavviket). Også områda som galdt politikk (0,43 mill kr) og finans (0,20 mill kr) leverte mindreforbruk i 2024.

## Kommunelova

Kommunelova seier at kommunane skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir varetatt over tid. Det er kommunestyret som har ansvaret for det. Dette betyr at kommunane skal kunne ivareta notida sine behov utan å stå i vegen for at framtidige generasjonar klarer å vareta sine. Herøy kommune har hatt meirforbruk dei siste to rekneskapsår og akkumulert meirforbruk er per 31.12.2024 på omlag 28,94 millionar kroner.

## Sentrale inntekter

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2024 | Rev.bud. 2024 | Rekneskap 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| **Frie disponible inntekter** | | | | | |
| Rammetilskot | −273 196 | −275 200 | −275 200 | −273 129 | −2 071 |
| Inntekt- og formuesskatt | −323 249 | −360 200 | −360 200 | −372 233 | 12 033 |
| Andre generelle driftsinntekter | −3 138 | −4 700 | −4 700 | −6 521 | 1 821 |
| **Sum Frie disponible inntekter** | **−599 583** | **−640 100** | **−640 100** | **−651 883** | **11 783** |

Herøy kommune har dei siste åra hatt budsjettert med høgare frie inntekter (skatt og rammetilskott) enn skissert i statsbudsjettet (Grønt hefte). Opphavleg budsjett lydde på 640,1 millionar kroner.

Endelege frie inntekter vart på nær 649,53 millionar kroner, det vil seie nær 11,03 millionar kroner høgare enn justert budsjett. Ein av grunnane til det gode resultatet var at Herøy kommune hadde ein fin vekst i skatteinntektene i 2024 sett i høve til 2023 (nær 49,0 millionar kroner - eller 15,1 prosent) og sett i høve til budsjettet (meirinntekt på 12,03 mill kr) samt at staten gav kommunesektoren eit ekstra tilskott i desember 2024. For Herøy utgjorde denne utbetalinga omlag 7,27 millionar kroner).

I tillegg til dette utgjorde dei andre generelle driftsinntektene omlag 6,52 millionar kroner, noko som var omlag 1,82 millionar kroner høgare enn budsjettert.

Kommunen sine generelle driftsinntekter vart såleis på 651,88 millionar kroner i 2024 noko som var omlag 11,78 millionar kroner høgare enn budsjettert.

## Sentrale utgifter

*Beløp i 1000*

## Finansinntekter og -utgifter

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2024 | Rev.bud. 2024 | Rekneskap 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| **Finansinntekter/-utgifter** | | | | | |
| Renteinntekter | −9 032 | −7 560 | −9 360 | −13 277 | 3 917 |
| Utbytte | −8 378 | −9 600 | −24 800 | −22 740 | −2 060 |
| Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel | −4 892 | −4 150 | −4 150 | −5 201 | 1 051 |
| Renteutgifter | 35 612 | 42 990 | 42 990 | 43 308 | −318 |
| Avdrag på lån | 37 456 | 38 000 | 39 150 | 52 760 | −13 610 |
| **Sum Finansinntekter/-utgifter** | **50 765** | **59 680** | **43 830** | **54 850** | **−11 020** |

Netto finansutgiftene i 2024 vart nær 9,92 millionar kroner høgare enn i justert budsjett. I budsjettjusteringssakene i 2024 vedtok kommunestyret å auke utbyttet/salsvinsten for Tussa med 15,2 millionar kroner, renteinntektene med 1,8 millionar kroner og avdragskostnadane med 1,15 millionar kroner. Resultatet vart at renteinntektene vart 4,03 millionar kroner høgare enn justert budsjettert, aksjeutbyttet omlag 2,06 millionar kroner lågare enn budsjettert og rentekostnadaneomlag 0,66 millionar kroner lavare enn budsjettet. Den største negative avviket kom på avdrag. Avdragskostnadane vart heile 13,61 millionar kroner høgare enn budsjettert. Dette skuldast i det vesentlege (11,6 millionar kroner) at kommunen måtte finansiere for mykje avdragsinnbetalingar i investeringsbudsjettet sett i høve til det vi hadde budsjettert med (skuldast Tussa salet). Meir om dette ser de i noteoversikta i rekneskapsdokumentet.

## Avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar - til disposisjon for tenesteområda

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2024 | Rev.bud. 2024 | Rekneskap 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| **Avsetnader og bruk av avsetnader** | | | | | |
| Avsettingar til bundne driftsfond | 0 | 0 | 0 | 375 | −375 |
| Avsettingar til disposisjonsfond | 0 | 2 643 | 143 | 0 | 143 |
| Bruk av disposisjonsfond | −36 328 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Netto avsetnader** | **−36 328** | **2 643** | **143** | **375** | **−232** |

Det har vore relativt liten aktivitet innan avsetnadar og årsoppgjersdisposisjonar i 2024. Grunnen til dette er at kommunen sine disposisjonsfønd vart tømde i 2023. Når ein i tillegg fekk eit meirforbruk i 2024 så har det ikkje vore aktivitet i disposisjonsfonda. Netto avsetjing til bundne driftsfond vart på beskjedne 0,37 millionar kroner.

## Utvikling i netto driftsresultat

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap i fjor | Opph. bud. | Rev. bud. | Rekneskap | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| **Bruk av avsetninger** | | | | | |
| Bruk av bundne driftsfond | −5 046 | −5 066 | −5 066 | −8 865 | 3 799 |
| Bruk av disposisjonsfond | −36 664 | −162 | −162 | 0 | −162 |
| **Sum bruk av avsetnader** | **−41 710** | **−5 228** | **−5 228** | **−8 865** | **3 637** |
| **Avsetninger** | | | | | |
| Avsetninger til bundne driftsfond | 3 784 | 713 | 713 | 4 934 | −4 221 |
| Avsetninger til disposisjonsfond | 0 | 2 643 | 143 | 0 | 143 |
| **Sum avsetnader** | **3 784** | **3 356** | **856** | **4 934** | **−4 078** |
| | | | | | |
| **Netto driftsresultat** | **59 325** | **1 872** | **4 372** | **11 448** | **−7 076** |
| | | | | | |
| **Sum driftsinntekter** | **−840 018** | **−895 785** | **−879 935** | **−927 208** | **47 272** |
| | | | | | |
| **Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter** | **−7,1 %** | **−0,2 %** | **−0,5 %** | **−1,2 %** | **−15,0 %** |

Utviklinga i netto driftsresultat har ikkje vore godt. Vi er vande med at driftsresultata varierer mykje frå år til år. Ein av grunnane til dette har vore at skatteinntektene har variert ein del. Frå å har 96% av landsgjennomsnittet til å ha 110% av landsgjennomsnittet vil utgjere store summar. I 2023 var kommunen sitt driftsresultat i prosent av driftsinntektene på minus 7,1%. Vi må tilbake til 2008 for å finne eit tilsvarande dårleg resultat. Vi registrerer ei betring frå 2023 til 2024. i 2024 var resultatet på minus 1,23%. Ein av grunnane til betringa er ein store auke i skatteinntektene. Ein annan grunn er betre budsjettdisiplin i avdelingar og sektorar.

## Driftsresultat inkl. avsetning/bruk av fond

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap i fjor | Rekneskap | Opph. bud. | Rev. bud. |
|---|---|---|---|---|
| **Sum generelle driftsinntekter** | | | | |
| Rammetilskot | −273 196 | −273 129 | −275 200 | −275 200 |
| Inntekt- og formuesskatt | −323 249 | −372 233 | −360 200 | −360 200 |
| Eigedomsskatt | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Andre generelle driftsinntekter | −3 138 | −6 521 | −4 700 | −4 700 |
| **Sum Sum generelle driftsinntekter** | **−599 583** | **−651 883** | **−640 100** | **−640 100** |
| **Netto finansutgifter** | | | | |
| Renteinntekter | −9 295 | −13 547 | −7 713 | −9 513 |
| Utbytte | −8 378 | −22 740 | −9 600 | −24 800 |
| Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel | −4 892 | −5 201 | −4 150 | −4 150 |
| Renteutgifter | 39 896 | 47 601 | 48 265 | 48 265 |
| Avdrag på lån | 37 456 | 52 760 | 38 000 | 39 150 |
| **Sum Netto finansutgifter** | **54 787** | **58 872** | **64 803** | **48 953** |
| **Sum sentrale inntekter og finansposter** | **−544 796** | **−593 010** | **−575 297** | **−591 147** |
| **Tenesteområda - drift** | **604 121** | **604 458** | **577 169** | **595 519** |
| **Netto driftsresultat** | **59 325** | **11 448** | **1 872** | **4 372** |
| **Sum driftsinntekter** | **−840 018** | **−927 208** | **−895 785** | **−879 935** |
| **Driftsresultat i prosent av driftsinntekter** | **−7,1 %** | **−1,2 %** | **−0,2 %** | **−0,5 %** |

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap i fjor | Rekneskap | Opph. bud. | Rev. bud. |
|---|---|---|---|---|
| Avsettingar til bundne driftsfond | 3 784 | 4 934 | 713 | 713 |
| Avsettingar til disposisjonsfond | 0 | 0 | 2 643 | 143 |
| Bruk av bundne driftsfond | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av disposisjonsfond | −36 328 | 0 | 0 | 0 |
| Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Overføring til investering | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsetninger til bundne driftsfond | −3 784 | −4 559 | −713 | −713 |
| **Netto avsetninger - sentrale poster** | **−36 328** | **375** | **2 643** | **143** |
| Avsetninger til bundne driftsfond | 3 784 | 4 559 | 713 | 713 |
| Bruk av bundne driftsfond | −5 046 | −8 865 | −5 066 | −5 066 |
| Bruk av disposisjonsfond | −336 | 0 | −162 | −162 |
| **Netto avsetninger i tenesteområda** | **−1 598** | **−4 306** | **−4 515** | **−4 515** |
| **Sum sentrale inntekter og finansposter** | **−37 926** | **−3 931** | **−1 872** | **−4 372** |

## Totaloversikt drift - fordelt på rammeområde

*Beløp i 1000*

| | | | Justert årsbudsjett 2024 | | | Rekneskap 2024 | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Tenesteområde** | **Rekneskap 2023** | **Opph. budsjett 2024** | **Utgift** | **Inntekt** | **Budsjett 2024** | **Utgift** | **Inntekt** | **Rekneskap** | **Avvik i kr** |
| Sektor verksemdstyring | 20 280 | 23 729 | 25 723 | −2 161 | 23 562 | 24 906 | −3 291 | 21 615 | 1 947 |
| Sektor kultur og oppvekst | 211 528 | 195 730 | 311 930 | −112 087 | 199 844 | 330 337 | −118 098 | 212 238 | −12 395 |
| Sektor helse og omsorg | 305 761 | 302 263 | 383 254 | −75 888 | 307 366 | 422 242 | −102 061 | 320 180 | −12 814 |
| Sektor samfunnsutvikling | 51 192 | 53 239 | 105 238 | −51 198 | 54 040 | 106 296 | −57 495 | 48 801 | 5 239 |
| Politisk | 4 706 | 4 103 | 4 163 | −60 | 4 103 | 3 775 | −106 | 3 669 | 434 |
| Felles- / overføringsområde | 16 044 | 19 722 | 14 923 | −2 552 | 12 371 | 4 601 | −2 135 | 2 466 | 9 905 |
| Skatt, ramme, finans | 810 | −16 567 | 553 | −1 270 | −717 | 351 | −1 273 | −922 | 205 |
| **Totalsum** | **610 322** | **582 218** | **845 784** | **−245 216** | **600 568** | **892 508** | **−284 460** | **608 047** | **−7 479** |

Som nemnt under totaloversikt drift hadde rammeområda/sektorane eit meirforbruk i 2024 på omlag 7,48 millionar kroner sett i høve til justert budsjett. Vi ser store avvik både på utgifts- (45,75 millionar kroner i meirforbruk) og inntektssida (39,24 millionar kroner i meirinntekter). Spesielt er avvika store innan sektor for helse og omsorg (39,01 millionar kroner i meirkostnadar og 26,17 millionar kroner i meirinntekter).

## Totaloversikt drift - fordelt på tenesteområde

*Beløp i 1000*

| | | Justert årsbudsjett 2024 | | | Rekneskap 2024 | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Namn | Rekneskap 2023 | Rev. bud. utgifter | Rev. bud. inntekter | Rev. bud. 2024 | Rekn. hiå. utgifter | Rekn. hiå. inntekter | Rekneskap | Avvik i kr |
| Sektor verksemdstyring | 20 280 | 25 723 | −2 161 | 23 562 | 24 906 | −3 291 | 21 615 | 1 947 |
| Sektor kultur og oppvekst | 211 528 | 311 930 | −112 087 | 199 844 | 330 337 | −118 098 | 212 238 | −12 395 |
| Sektor helse og omsorg | 305 761 | 383 254 | −75 888 | 307 366 | 422 242 | −102 061 | 320 180 | −12 814 |
| Sektor samfunnsutvikling | 51 192 | 105 238 | −51 198 | 54 040 | 106 296 | −57 495 | 48 801 | 5 239 |
| Politisk | 4 706 | 4 163 | −60 | 4 103 | 3 775 | −106 | 3 669 | 434 |
| Felles- / overføringsområde | 16 044 | 14 923 | −2 552 | 12 371 | 4 601 | −2 135 | 2 466 | 9 905 |
| Skatt, ramme, finans | −588 113 | 116 736 | −718 021 | −601 286 | 136 606 | −738 059 | −601 452 | 167 |
| **Sum tenesteområde** | **21 399** | **961 967** | **−961 967** | **0** | **1 028 763** | **−1 021 246** | **7 517** | **−7 517** |

Sjå kommentaren under avsnittet : Totaloversikt økonomi

# Aktivarapportering (lånegjeld og plasseringar)

## Gjeldsrapportering per 31. desember 2024

Den totale lånegjelda til Herøy kommune per 31. desember 2024 var på 1 041.761.000 kroner (1,04 milliard) eller omlag 115 751 kroner per innbyggjar. Dette ein reduksjon i høve 31.12.2023 på omlag 140.200.000 kroner eller omlag 15 570 kroner per innbyggjar.

Renteberande lånegjeld kjem fram slik:

| | Lånegjeld | Rentekostnadar |
|---|---|---|
| Total per 31. desember 2024 | 1 041 760 000 | 47 580 000 |
| Av dette Vidareutlån Husbanken | 112 400 000 | 5 130 000 |
| Finansiert via sjølvkost (avløp) | 100 850 000 | 4 270 000 |
| Rentekompensasjonsordningane | 55 500 000 | 2 350 000 |
| **Finansiert av ordinære driftsmidlar** | **773 010 000** | **35 830 000** |

Dei totale rentekostnadane auka med omlag 7 710 000 kroner frå 2023 til 2024. Frå 2022 til 2024 er auken på heile 24 500 000 kroner.

Rentebindingstida per 31. desember 2024 var på 0,99 år. Dette er omlag slik det var per 31. desember 2023. Den vekta gjennomsnittsrenta var per 31. desember 2024 på 4,234%. Det er ein auke på 0,16% sett i høve til 31. desember 2023 då den var på 4,07%. Til orientering kan ein nemne at snitt renta var på 3,09 prosent 2022 og 1,33% i 2021.

Med ei gjeld på 1,04 milliardar kroner utgjer dei årlege rentekostnadane omlag 44 070 000 kroner (for 2025). Auken i rentenivået har på to år auka kommunen sine teoretiske rentekostnadar med heile 24 500 000 kroner. Om lag 69,4 prosent av kommunen si gjeld har ei rentebindingstid på mindre enn eitt år. Det gjer at rentekostnadane våre vil auke med om lag 7.230.000 kroner om renta aukar med 1 prosent.

Herøy kommune sitt finansreglement har åtte fokuspunkt som skal kvitterast ut ved kvar rapportering. Alle desse var ok per 31. desember. Vi kan kort nemne:

- Rapportering i høve gjeldande reglement og forskrift
- Lån med fast rente skal vere på mellom 0-75 prosent av den renteberande låneporteføljen.
- Nye låneopptak skal vere gjort etter reglane i kommunelova § 14.
- Refinansieringsrisikoen skal reduserast ved å spreie tidspunkt for renteregulering/forfall.
- Gjennomsnittleg kapitalbinding skal vere på meir enn 18 månadar.
- Låneopptak skal gjerast til marknaden sine gunstigaste vilkår.

I justert budsjett budsjetterte Herøy kommune med rente- og avdragskostnadar på 86 860 000 kroner i 2024, Rekneskapstala syner ein kostnad på 100 340 000 kroner i 2024. Rekneskapsførte kostnadar i 2024 sett i høve til 2023 syner ein auke på omlag 23 020 000 kroner. Sett i høve til 2022 er auken på heile 42 770 000.

## Finansrapport: Langsiktig finansielle aktiva per 31. desember 2024

Per 31. desember 2024 hadde Herøy kommune ei totalavkastning på plassert kapital på 9,48 prosent (9,09 prosent i 2023). I 2024 var midlane plasserte i renteberande verdipapir med kort durasjon og høg kredittkvalitet, og i eigenkapitalbevis i norske sparebankar, i aksjar i børsnoterte selskap og i internasjonale aksjefond.

Obligasjonsporteføljen synte ei positiv avkastning på 5,85 prosent (5,73prosent i 2023), medan aksjeporteføljen og dei internasjonale aksjefonda hadde ei avkastning på nær 18,2 prosent i 2024 (17,58 prosent i 2023) .

Porteføljen var samansett slik:

| | Marknadsverdi | Marknadsverdi i prosent av total |
|---|---:|---:|
| Aksjar og aksjefond | 29 558 943 | 28,69 |
| Bank | 3 365 701 | 3,27 |
| Obligasjonar | 70 089 396 | 68,04 |
| **Sum** | **103 014 040** | **100,00%** |

(Porteføljen er samansett av 15 rentepapir, 18 aksjeselskap og utferdarar av grunnfondsbevis, og 2 aksjefond).

I sum leverte rentepapira (obligasjonane) ei avkastning på totalt 3 920 627 555 kroner i 2024 medan plasseringane i aksjar, aksjefond og eigenkapitalbevisa hadde eit samla positivt resultat på 4 985 194 kroner.

I opphaveleg budsjett for 2024 opererte vi med ei samla netto inntekt på 5 880 000 kroner. Resultatet ved års slutt syner eit positivt resultat på 9 141 100 kroner. (I 2023 hadde vi eit positivt 8 325 700 kroner).

Resultatet knytt til langsiktige finansielle aktiva representerte eit «vinst» på om lag 3 261 000 kroner sett i høve til regulert budsjett for 2024.

# Organisasjon og tilsette

## Organisasjon og organisasjonsendringar

Herøy kommune er organisert som ein linje-/stabsorganisasjon, der verksemdstyring er heile organisasjonen sin stabsfunksjon. Verksemdstyring sorterer direkte under kommunedirektøren. Helse og omsorg har også ein stabsfunksjon som yter tenester til heile helse og omsorg. I sektor for kultur og oppvekst er det per i dag berre ein person som utgjer stabsfunksjonen til denne sektoren. Samfunnsutvikling har ingen stabs funksjon. Sektorane er noko ulikt organisert, men etter like prinsipp.

Organisasjonsstrukturen i Herøy kommune strekkjer seg gjennom tre nivå, der leiarane har fått delegert mynde av kommunedirektøren. Leiarane som sorterer under dei ulike sektorane har budsjett-, økonomi- og personalansvar.

### Endringar i organisasjonsstruktur

Leiinga i Herøy kommune arbeider langsiktig for at kommuneorganisasjonen skal ha ein organisasjonsstruktur som er tilpassa tenestene, og som er reiskap for effektiv og god drift. Interne og eksterne rammevilkår legg føringar også på organisasjonsstrukturen, og det er såleis viktig at vi gjennom analyse av organisasjonen vurderer strategiske grep for utforming av organisasjonen. I 2024 har vi halde fram med det utviklingsarbeidet som vi la planar for og starta i 2023. Dette betyr at vi også i 2024 har gjort ein del endringar. Samtidig har vi gjort førebingar for dei endringar som skal komme i 2025.

Eit sentralt element i organiseringa er kontrollspennet, og særleg innan helse og omsorg har det blitt jobba med å ta ned kontrollspennet for å skape rom for å kunne organisere, leie og følgje opp arbeid og medarbeidarar best mogleg. Vilkåra for arbeidsmiljø og sjukefråvær har og vore med i vurderinga. Arbeids og ansvarsområde knytt til kommandolinjer har og vore viktig. Dei økonomiske rammevilkåra legg også overordna føringa for organiseringa. Politiske vedtak om innsparingar fatta i juni 2024, har såleis påverka arbeidet med organisasjonsutforminga.

**Endringar og vedtak om endringar:**

- Frå 01.05.24 vart avdeling pleie og omsorg del i åtte seksjonar, ved at Eggesbøtun og heimetenestene ytre vart delt i to sjølvstendige seksjonar.
- Koordinator for kulturhuset og tilsyn-svakt for kulturhus vart flytta frå kulturproduksjon til kulturavdelinga d. 01.10.24.
- Service og kommunikasjon vart mellombels slått saman frå 01.08.24, med mål om ei varig endring.
- Kontaktutvalet fatta etter drøftingar med arbeidstakarorganisasjonane vedtak om å legge ned Herøy gard som eiga avdeling d. 28.09.24. og vart ved årsskiftet lagt til kulturavdelinga med rapportering til avdelingsleiar for kultur.

- I desember vart det gjort vedtak om å etablere seksjonsleiar under legetenestene, med ansvar for hjelpepersonell både ved Myrvåg og Herøy legesenter.




## Organisasjons utviklingsprosessar

## Digital utvikling

Den digitale utviklinga er i stor grad med på å forme organisasjonen vår,  og stiller nye krav til kompetanse, organisering,  samarbeid og  arbeidsdeling. I 2024 er det innført nye system, nye funksjonalitetar er teken i bruk og det har blitt jobba på systemnivå for å få betre rutinar, utarbeide retningslinjer og reglement. Stikkord for dei tre sistnemnde er internkontroll.

I arbeid med digitalisering er samarbeid og langsiktige planar viktig, og dette viser også den aktiviteten som er gjennomført i 2024. Kulepunkta under viser noko av den aktiviteten som harvore siste året.

- Digitaliseringsrådet i Sjustjerna har møte ein gong i veka for dele erfaringar, utvikle felles mål og strategiar for løysingar
- Digitaliseringsrådet arbeidar også med konkrete kartlegging- og innsiktsprosjekt.
- Det er samla inn over 110 digitaliseringsønsker/-forslag frå dei tilsette i kommunane som vi arbeider systematisk med
- Det er utarbeida felles digitaliseringsstrategi i samarbeid kommunane i Sjustjerna
- Det blir jobba med å identifisere korleis tilsette kan jobbe meir effektivt med teknologiske løysingar. Viktig stikkord her er prosessforbetring og hente ut gevinstar frå etablerte system og arbeidsmåtar. T.d. dokumentert gevinstrealisering i barnevern på rundt kr. 170.000,- som følgje av effektiviserte arbeidsprosessar.
- Det er gjennomført utgreiingar av to ulike modellar for kunstig intelligens (KI) og desse er presentert for interkommunal gruppe i oppvekst
- Det er utarbeida forslag til retningslinjer for kunstig intelligens (KI)
- Barnevern har innført nytt fagsystem
- Helse og omsorg innførte Visma Flyt Ressursstyring
- Vidareutvikling av velferdsteknologi
- Arbeid med å kartlegge «teknologiparken» og hente ut tidlegare faktura har starta. Målet er å samanstille dette for å best mogleg kunne jobbe strategisk med utviklinga og sikre at vi går i same retning som kommunane rundt.
- Det er gjennomført digital opplæring/kurs i Microsoft 365 der alle tilsette har fått tilbod om å delta
- I etterkant av dette er det også gjennomført møte(r) med respektive avdelingar basert på konkrete ønsker og behov
- Det er utarbeida retningslinjer for bruk av Microsoft Teams på initiativ frå Herøy kommune og retningslinjene er delt med samarbeids kommunane

### Visma Enterprise Plus

Herøy kommune  har vore inne i sitt tredje års som brukar av økonomi-, løns- og personaldatasystemet Visma Enterprise Plus. Det har også i 2024 vore jobba med å betre rutinar og digitalisere enda fleire lønsprosessar. I desember vart modulen Visma Flyt Ressursstyring implementert i sektor for helse og omsorg, og som er ein direkte integrasjon til vårt Human Resource Management system (HRM). Prøvekøyringane gjekk fint, og vi har forventningar til at dette vere med på skape betre betre flyt og redusere feil knytt til turnus- og lønsarbeid i organisasjonen vår.

Visma Tid som er tidsregistreringssystemet vårt, har fått utvida funksjonalitetar og har gjort det enklare for leiarane å handtere overføring av ferie og fleksitid. Systemet har likevel bydd på ein del utfordringar i 2024. Vi har erfart ein del "hang" og personar og einingar har falle ut av systemet. Dette har medført ein god del manuelt arbeid, som er tidkrevjande. Systemet er stort og komplekst, noko som også gjer det til dels krevjande for brukarane. I samarbeid med SSIKT og Visma jobbar HR/HMS_avdelinga for å betre funksjonalitet og brukaroppleving for tilsette og leiarar.

Resultatet av det vi får ut av systema, er avhengig av at inndata er riktig. I år har vi jobba med kontoplan knytt til løn, etter KOSTRA sin modell. Målet er at bruken at konto skal vere samanfallande med den planlagde aktiviteten som ligg i stillingsbudsjettet.

Etter innføringa av Visma Enterprise Plus har vi jobba mykje med lønskontroll. I forkant av at løna vert utbetalt, går all løn til godkjenning hos leiarane. Dette er også ein viktig del av arbeidet med internkontroll. Kvar månad vert det sendt ut e-post til leiarane om at dei må gå gjennom løn som skal til utbetaling, slik at feil og manglar kan rettast opp før sjølve lønskøyringa. Tidsfristane er korte, og ein del opplever nok at tidsvinuet er noko smalt. Dette er likevel eit svært viktig arbeid for at løna vert riktig og vi unngår tap av verdiar. Kontrollraten er i dag høg, men vi erfarer likevel at vi har ein del avvik på løn som må rettast opp. HR/HMS-avdelinga ønsker å forenkle kontrolldata for leiarane, slik at det skal bli enklare å lese og avdekke feil på løn.

Arbeidsflyten i lønssystemet baserer seg på at leiar melder tilsette inn på løn gjennom personalmelding, tilsette som ikkje blir meldt inn via personalmelding vil i praksis ikkje få løn. Meininga er då at manglande innmeldingar, skal fangast opp via lønskontrollen. Blir manglande løn eller for mykje løn ikkje avdekt ved lønskontroll, går løna til utbetaling slik den ligg på det tidspunktet lønskonrollen vert gjennomført.

Modulen for lønsforhandlingar vart nytta også i 2024, men vi erfarer at med felles forhandlingar er det ikkje mogleg å bruke modulen under sjølve forhandlingane. Modulen er likevel til god hjelp både til førebuing og etterarbeid, og vi når enkelt ut med resultatet til alle som har vore omfatta av forhandlingane. Det står enno noko att før vi har utnytta alle funksjonalitetane i systemet.

Ein viktig del av Visma Enterprise Plus er analyseverktøyet BI (Business Intelligent). Dette gir kvar leiar innblikk i mellom anna status om stillingar, kjønn, sjukefråvær, stillingsprosent og økonomi, noko som også er viktig i forhold til planlegginga.

## Microsoft 365

Dette verktøyet har skapt nye moglegheiter for samhandling og deling av informasjon i grupper, mellom nivå og på tvers av organisasjonane vi samhandlar med. Microsoft er lagt opp slik at alle skal ha lisensar tilpassa sine stillingstypar og ansvarsområde. Lisensane er difor differensiert etter stillingstype. Det er ønskeleg at Microsoft 365 i enda større grad skal nyttast som plattform for deling og kommunikasjon.

For å vidareutvikle bruken av  Microsoft 365, har digitaliseringsleiar halde kurs for avdelingane i Herøy kommune. Dette har vore kurs tilpassa avdelingane sine ønsker og behov.

I samarbeid med kommunane i Sjustjerna har det også blitt jobba med å utarbeide  retningslinjer for Microsoft 365. Målet er at kommunane skal ha ei felles retningslinje.

## Tilsette

Oversikt i talet på tilsette er henta frå vårt eige personaldatasystem Visma Enterprise Plus.

Tal på tilsette og årsverk:

- Vi hadde til saman 745 faste tilsette i 2024. Talet på tilsette har blitt redusert med 10 frå 2023 til 2024.
- Det samla talet på årsverk var på 588, 83. Dette er ein auke på om lag eitt og eitt halvt årsverk.

Tabellen nedanfor viser tal på tilsette i sektorane våre. Kommunalsjefane er lagt i ei eiga boks, og inkluderer også assisterande kommunedirektør i 50 prosents stilling.

I verksemdstyring er det ein færre tilsett i 2024 enn i 2023. Dette er resultat av at service og kommunikasjon vart samanslått i august 2024.

Kultur og oppvekst har hatt ein reduksjon i talet på tilsette på 14 personar frå 2023 til 2024.

Helse og omsorg har fått ein auke i talet på tilsette med åtte personar frå 2023 til 2024. Samtidig ser vi at talet på årsverk også har auka noko. Dette kan tyde på at storleiken på stillingsprosent også har auka i same perioden.

Sektor for samfunnsutvikling har hatt ein nedgang i talet på tilsette med fire personar. Forklaringa på dette er at tilsette som har slutta, ikkje har vorte erstatta.

Organisasjonen har jobba målretta for å tilpasse ressursane dei økonomiske rammevilkåra, og ressursbruken viser også ei vriding i kanalisering av ressursane. Samla sett er ned ein nedgang på 10 tilsette i overgangen frå 2023 til 2024.

| År | 2022 | 2022 | 2023 | 2023 | 2024 | 2024 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Område/sektor | Årsverk | Tilsette | Årsverk | Tilsette | Årsverk | Tilsette |
| Kommunalsjefar | 2 | 2 | 3 | 3 | 3,50 | 4 |
| Verksemdstyring | 20,6 | 27 | 20,2 | 26 | 20,80 | 25 |
| Kultur Oppvekst | 229,27 | 281 | 241,75 | 292 | 231,49 | 278 |
| Helse og Omsorg | 264,14 | 357 | 268,94 | 349 | 281,42 | 357 |
| Samf. utvikling | 54,84 | 87 | 53,41 | 85 | 51,61 | 81 |
| Alle sektorar | 570,85 | 754 | 587,3 | 755 | 588,83 | 745 |

Tabellen under viser aldersfordelinga på kvinner og menn i organisasjonen. Intervallet er på 10 år. Den største gruppa av tilsette finn vi blant dei som er i alderen 45 til 54 år. Desse utgjer 26,65 prosent av arbeidsstokken. På andre plass finn vi aldersgruppa 55 til 64 års med sine 25,57 prosent. Med dette ser vi at alderssamansetjinga blant tilsette har andre seg ein del frå siste år, og at vi har fått litt høgare gjennomsnittsalder i organisasjonen. Dette gir også ein peikepinn på at utskiftinga av tilsette i organisasjonen er vorten mindre.

| **Aldersgruppering 10 år** | **År** | **2022** | **2022** | **2023** | **2023** | **2024** | **2024** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Kjønn | Tal på tilsette | Prosent | Tal på tilsette | Prosent | Tal på tilsette | Prosent |
| <25 år | Kvinner | 49 | 6,55 % | 44 | 5,86% | 41 | 5,52 |
| | Menn | 5 | 0,67 % | 7 | 0,93% | 4 | 0,54 |
| | Total | 54 | 7,22 % | 51 | 6,79% | 45 | 6,06 |
| 25-34 år | Kvinner | 110 | 14,71 % | 107 | 14,25% | 108 | 14,54 |
| | Menn | 15 | 2,01 % | 16 | 2,13% | 21 | 2,83 |
| | Total | 125 | 16,71 % | 123 | 16,38% | 129 | 17,36 |
| 35-44 år | Kvinner | 124 | 16,58 % | 139 | 18,51% | 143 | 19,25 |
| | Menn | 27 | 3,61 % | 22 | 2,93% | 21 | 2,83 |
| | Total | 151 | 20,19 % | 161 | 21,44% | 164 | 22,97 |
| 45-54 år | Kvinner | 183 | 24,47 % | 185 | 24,63% | 169 | 22,75 |
| | Menn | 35 | 4,68 % | 34 | 4,53% | 29 | 3,9 |
| | Total | 218 | 29,14 % | 219 | 29,16% | 198 | 26,65 |
| 55-64 år | Kvinner | 150 | 20,05 % | 154 | 20,51% | 162 | 21,8 |
| | Menn | 26 | 3,48 % | 27 | 3,60% | 28 | 3,77 |
| | Total | 176 | 23,53 % | 181 | 24,10% | 190 | 25,57 |
| >64 år | Kvinner | 20 | 2,67 % | 13 | 1,73% | 13 | 1,75 |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Menn | 4 | 0,53 % | 3 | 3,6% | 4 | 0,54 |
| | Total | 24 | 3,21 % | 16 | 0,40% | 17 | 2,29 |
| **Total** | | **748** | **100,00 %** | **751** | **100%** | **743** | **100 %** |

I tillegg til faste tilsette, er det mange som i løpet av året har hatt ei tidsavgrensa arbeidskontrakt eller vore tilknytt Herøy kommune på annan måte:

- vikariat og engasjementstillingar
- studentar som arbeidar helg
- pensjonistar engasjert på timebasis
- ferievikarar

Vi har også andre som har hatt ei arbeidsmessig tilknyting til Herøy kommune dette året. Vi har tatt i mot fleire på språkpraksis, utprøving gjennom Furene Utvikling AS eller andre som har trengt avklaring til arbeid.

I tillegg til arbeidstakarar, har kommunen også oppdragstakarar som er ein viktig ressurs og utgjer ein skilnad for menneske som tek i mot tenester frå Herøy kommune.

## Arbeidstakargrupper

Herøy kommune er som det følgjer av informasjonen over, ein breitt samansett organisasjon med ulike krav til eigenskapar og kompetanse. Tabellen under gir opplysningar om tal på tilsette, årsverk, gjennomsnittleg månadsforteneste, grunnløn og variabel overtid per månadsverk. Tabellen viser også endring i løn og årsverk i perioden 2023-2024. Tala er bygd på data per 01.12. 24 og henta frå KS sin PAI-statistikk, og omfattar både kvinner og menn.

Tal på tilsette og årsverk er ikkje heilt lik dei som er henta ut frå tala i Visma Enterprise Plus. Tala frå Visma Enterprise Plus er henta ut frå overordna nivå, og fordeler seg på sektor. Underliggande tabell tek utgangspunkt i kapittelinndelinga i Hovudtariffavtalen, og tel samtlege stillingar utan å ta omsyn til at nokre har fleire stillingar. Talet på tilsettingar er gjort med utgangspunkt i d. 01.12.24.

Per 01.12.24 er det 5 tilsett i leiargruppa som sorterer under kapittel 3.4.1. Dette omfattar kommunedirektør, assisterande kommunedirektør og dei tre kommunalsjefane.

I 2024 vart nesten alle leiarane i kapittel 3.4.1 flytta til kapittel 3..4. 2. Dette betyr at dei gjekk frå å ha eitt leiaransvar til å få komplettleiaransvar, som omfattar personal-, økonomi-, og budsjettansvar. Dette forklarer også den prosentvise auken av leiarar i høgre kolonne på 47,1 prosent og tilsvarande den vesentlege prosentvise reduksjonen i talet på leiarar i kapittel 3.4.3.

Vekst i grunnløn er i hovudsak eit resultat av:

- lønsforhandlingar
- nyrekruttering (tilbod og etterspurnad)

- krav til kompetanse (fleire av dei vi rekrutterer inn har meir kompetanse enn dei som sluttar og medfører dermed høgare lønsplassering)
- kompetanseheving
-

| Arbeidstakergruppe | Antall ansatte | Antall årsverk | Måneds-fortjeneste | Grunnlønn | Variabel overtid | Vekst i måneds-fortjeneste 1.12.23-1.12.24 | Vekst i grunnlønn 1.12.23-1.12.24 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Alle | 858 | 615 | 52 447 | 49 081 | 522 | 5,7% | 6,0% |
| Alle | 56 | 55 | 67 991 | 67 903 | 0 | 4,7% | 4,6% |
| Ledere kap. 3.4.1 | 5 | 5 | 94 907 | 94 907 | 0 | 3,5% | 3,7% |
| Ledere kap. 3.4.2 | 50 | 50 | 65 678 | 65 580 | 0 | 2,9% | 2,9% |
| Ledere kap. 3.4.3 | 1 | 1 | 62 075 | 62 075 | 0 | 1,7% | 1,8% |
| Alle | 775 | 536 | 50 108 | 46 264 | 599 | 5,4% | 5,7% |
| Utdanningsstillinger | 1 | 1 | 38 055 | 38 055 | 0 | 4,5% | 4,5% |
| Ledere kap. 4 | 11 | 10 | 61 665 | 61 601 | 129 | 13,4% | 14,0% |
| Stillinger uten særskilt krav om utdanning | 254 | 126 | 40 902 | 37 380 | 369 | 5,6% | 5,6% |
| Fagarbeiderstillinger/tilsvarende fagarbeiderstillinger | 211 | 130 | 48 013 | 42 806 | 925 | 5,7% | 6,7% |
| Stillinger med krav om fagbrev og 1-årig fagskoleutdanning | 11 | 9 | 52 834 | 45 410 | 1 998 | 4,4% | 3,0% |
| Lærer og Stillinger med krav om 3-årig U/H-utdanning | 170 | 136 | 53 132 | 49 111 | 895 | 5,8% | 5,7% |
| Adjunkt og Stillinger med krav om 4-årig U/H-utdanning | 66 | 58 | 55 483 | 52 797 | 224 | 6,7% | 6,8% |
| Adjunkt med tilleggsutdanning og Stillinger med krav om 5-årig U/H-utdanning | 54 | 49 | 59 192 | 56 637 | 0 | 5,9% | 6,3% |
| Lektor og Stillinger med krav om mastergrad | 10 | 10 | 56 588 | 54 242 | 0 | 6,2% | 6,5% |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Lektor med tilleggsutdanning | 8 | 7 | 60 920 | 57 745 | 101 | 5,9% | 5,8% |
| Alle | 28 | 23 | 69 259 | 69 076 | 0 | 8,0% | 8,2% |
| Andre | 26 | 21 | 70 328 | 70 128 | 0 | 7,8% | 8,1% |
| Utdanningsstillinger | 2 | 2 | 57 786 | 57 786 | 0 | 5,4% | 5,4% |

## Rekruttering

Det er gjennomført 125 tilsettingar i 2024. Til samanlikning vart det tilsett 191 personar til stillingar i Herøy kommune i 2023. Nokre hovudpunkt for rekrutteringssituasjonen i 2024 er følgjande:

- Tala for rekruttering viser at vi har gjort 66 færre tilsettingar i 2024 enn i 2023.
- Færre har gått av med pensjon i 2024 enn i 2023.
- Talet på stillingar for rekruttering har gått ned frå 198 i 2023 til 127 i 2024. Ein nedgang med 71 rekrutteringar.
- Talet på publiseringar har gått ned frå 230 i 2023 til 159 i 2024. Dette er ein nedgang på 71 publiseringar.
- Det er færre som har søkt stilling i Herøy kommune i 2024 enn i 2023. Det var i alt 540 søknader til stilling i 2024, medan det i 2023 var 751 søknader.  Dette er ein nedgang på 211 søknader.
- Det har vore få leiarstillingar utlyst i 2024 samanlikna med 2023.
- Dei fleste som har søkt stillingar i Herøy kommune er under 39 år. Vi ser ei tendens til at alderen på dei som søkjer på stillingar går ned.
- Det er fleire kvinner enn menn som har søkt stillingar i Herøy kommune.
- Søkjarar frå 25 nasjonar har søkt stillingar i Herøy kommune. Dette speglar til dels dei nasjonane som er representerte i kommunen.
- Herøy kommune har tilsette frå om lag 10 ulike nasjonar.

Sektorane har jobba målretta for å sikre god rekruttering til ledige stillingar. Det har særleg vore utfordrande å rekruttere til leiarstillingar,  og til stillingar som krev profesjonsutdanning. Særleg siste året har det vore vanskeleg å rekruttere nok sjukepleiarar og miljøterapeutar. I tillegg erfarer vi at stillingar innan økonomi og nøkkelstillingar i innanfor sektor for samfunnsutvikling, har vore vanskeleg å rekruttere kvalifisert arbeidskraft til. Søknad til barnehagelærar og eller pedagogiske stillingar i barnehage har og vore utfordrande å få tak i. Rekrutteringssituasjon har ført til at organisasjonen har vurdert alternative kvalifikasjonar og kompetansekrav i samband med utlysing av ledige stillingar.

Det har vore vanskelegare å rekruttere til tidsavgrensa stillingar, enn til faste stillingar. Dette ser vi også av registreringsstatistikken, når vi ser på talet på søkjarar til faste stillingar samanlikna med vikariat.

I lys av rekrutteringssituasjonen ser vi at eigne tilsette finn karrièrevegar innan eigen organisasjon, anten gjennom å søke seg til leiarstillingar eller bytte til andre fag- og arbeidsfelt i organisasjonen. Dette har

gjort at vi har fått utnytta eksisterande kompetanse, i tillegg til at tilsette med til dømes vidareutdanning har fått tatt i bruk ressursane sine på ein annan måte enn før. Ein vinn-vinn-situasjon for begge partar.

På tampen av året lukkast det å tilsette avdelingsleiar for legetenestene og kommuneoverlege i ei førebels tidsavgrensa stilling.

## Kompetanse

### Individuell og gruppevis kompetanseheving og opplæring

Gjennom året er det fleire i organisasjonen som har teke vidareutdanning eller tilleggsutdanning innan sine fagfelt, til dømes innan leiing, fagbrev eller spesialisering i eit eller fleire fagområde. Dei to sektorane helse og omsorg og kultur og oppvekst, har eigne kompetanseplanar med tydelege føringa frå statsforvaltar og departement. Verdsetjing av kompetanseutvikling er spegla i lønspolitikken. Kompetanseheving kan medføre lønsauke og endring i lønsplassering slik det er vist til over.

Kompetanseheving utgjer ein samla styrke for organisasjonen. Kompetanseheving gir høve til interne karrièrevegar,  og er såleis også eit verkemiddel for både å rekruttere og halde på tilsette. I tillegg er kompetanseheving med på å skape ein lærande organisasjon, ved at ny kompetanse kan overførast til fleire enn dei som opphavleg tileignar seg nye kunnskapar. Dette er også viktig for utvikling og innovasjon.

KS arrangerer ei rekke kurs for tilsette i kommunesektoren. Dette er kurs retta mot mange målgrupper. I 2024 har fleire i organisasjonen følgd kurs gjennom KS. Kurs gjennom gir høve til å søke om refusjon av kurs-kostnader. HR/HMS-avdelinga har mellom anna nytta seg av kurset "Tariff-skolen" som har hatt delkurs heile året. Elles leverer KLP ei rekkje gode gratis kurs knytt til fleire fagområde.

Gjennom året har det også blitt gjennomført ei rekkje minikurs og informasjonsmøte knytt til ulike fagområde. I tillegg til det som tidlegare vist om Microsoft 365, har det blitt gjennomført kurs og internopplæring i:

- Opplæring i BI (Business Intelligent i Visma Enterprise Plus). Kurset vart halde av Visma og mange leiarar deltok
- Opplæring i bruk av personalmelding
- Opplæring i bruk av Visma Tid

### Felles kompetanseheving

Kommunedirektøren har fastsett at Herøy kommune skal gjennomføre minimum to leiarsamlingar i året, der alle leiarar i organisasjonen får felles opplæring og eller fagleg utvikling i aktuelle tema. I 2024 vart det vart gjennomført  tre leiarsamlingar.  To i første halvår og ei i andre halvår.   Med utgangspunkt i krevjande økonomiske rammevilkår har kommunedirektøren i 2024 lagt vekt på å auke kunnskapane og forståinga om økonomi i organisasjonen.  Dei felles fag-samlingane som har vore arrangert dette året, har difor i stor   grad handla om budsjett og  økonomistyring.

**Tema vår 2024**

**Januar:**

- Skape felles forståing, utfordringsbilete og utsikter for Herøy kommune
- Innstrammingar, budsjett og økonomi, og korleis drifte innanfor budsjettramma
- leiaransvaret, budsjett og økonomi

April:

- Økonomistatus etter første kvartal
- Godt nytt frå sektorane, om kva vi har fått til så langt
- Psykologisk tryggleik på arbeidsplassen, introduksjon om tema og gruppearbeid.

**Tema haust 2024:**

**Desember:**

- budsjett- og budsjettarbeid
- Internkontroll, personvern og IT-tryggleik (informasjon frå KINS)

## IA og HMS arbeid

Grunnlaget for HMS-arbeidet er nedfelt i arbeidsmiljølova og Arbeidsgjevar politikken til Herøy kommune. HMS-arbeidet skal gje grunnlag for eit helsefremjande arbeid, som vernar mot fysiske og psykiske skadeverknader. Dette arbeidet skal sikre at alle på arbeidsplassen har eit forsvarleg arbeidsmiljø.

I dette ligg det også å ta vare på tilsette gjennom å vere ein inkluderande arbeidsplass. Herøy kommune er ein del av IA (Intensjonsavtalen for eit meir inkluderande arbeidsliv for perioden 2019-2024). Det overordna målet for IA-samarbeidet er å skape eit arbeidsliv med plass til alle gjennom å førebyggje sjukefråvær og fråfall, og på den måten bidra til å auke sysselsetjinga. Det har i året som har gått vore eit tett samarbeid mellom leiing, tillitsvalde og verneombod.

Forum for gjensidig informasjon og dialog har vore:

- IA-utvalsmøte med fire møter
- arbeidsmiljøutvalet (AMU) med fire møter
- månadlege møte i kontaktutvalet, mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane

- jamlege møte i HMS-gruppene innanfor dei 34 verneområda i Herøy kommune.

HMS-gruppene er samansett av leiar, lokalt verneombod og lokal tillitsvald.

## HMS-arbeid

Ein viktig del av arbeidet skjer i HMS gruppene i organisasjonen. Etter prosedyrane som er utarbeida for desse gruppene, har aktuelle tema vore handsama:

- avvik
- gjennomføring av risikoanalysar (ROS)
- sjukefråvær
- vurdering av arbeidsmiljø (fysisk, ergonomisk, kjemisk/biologisk, organisatorisk og psykososialt arbeidsmiljø)

Det har vore jobba med å vidareutvikle samhandlinga mellom HMS-gruppene og arbeidsmiljøutvalet. Innføring av Microsoft 365 har gitt høve til denne samhandlinga. Det står likevel ein god del att for at vi er i mål med gode rutinar og har kunnskap nok i alle ledd til at dette i praksis skal fungere optimalt. Arbeidet med å vidareutvikle samhandlinga og det digitale verktøyet vil halde fram neste år.

### Fokusområde for HMS-arbeidet i 2024

- vidareutvikle det systematiske HMS arbeidet
- halde fram med langsiktig førebyggjand arbeid
- styrke HMS-arbeidet gjennom å kurse vernetenenesta, tilsette og leiarar
- forenkla prosedyrar i Compilo for å gjere dei lettare tilgjengeleg gjennom tilsetthjelpa og heimeside
- utvikla malar for lik handtering av oppgåver og aktivitetar
- vidareutvikling av kvalitetssystemet

Herøy kommune har som mål å utvikle og betre internkontrollen og oppfølginga innanfor HMS-området. Ein del av dette arbeidet har difor vore å kartlegge og finne dei rette verktøya for å sikre at arbeidet kan følgjast opp og etterprøvast på ein effektiv måte.

### Samarbeid med bedriftshelsetenesta

Avonova er Herøy kommune sin leverandør av bedriftshelseteneste. Det vart signert ny avtale om kjøp av tenester gjeldande frå 1. oktober 2022 etter tilbods-konkurransane saman med kommunane i Sjustjerna. Avtalen er gjeldande i inntil fem år.

Ein vesentleg del til av HMS-arbeidet er knytt til systematisk oppfølging gjennom førebyggjande aktivitetar. Nedanfor listar vi opp viktige aktivitetar som vart gjennomført i 2024.

#### Samsvarsvurderingar

- rettleiing og opplæring i vurdering av eige arbeidsmiljø knytt til lov og avtaleverk i sektor for samfunnsutvikling, der landbruk, utvikling og Herøy gard deltok.

### Opplæring og risikovurdering

- Undervisning og opplæring i overordna risikovurdering (ROS) for alle leiar og verneombodi dei fire sektorane
- Kartlegging, risikovurdering og undervisning i vald og truslar i kulturskulen, biblioteket, frivillig-sentralen, barn og unge, Stokksund skule og Ytre Herøy ungdomskule

## Andre kurs knytt til arbeidshelse

- Undervisning i ergonomi for alle kontortilsette i organisasjonen
- Undervisning i stress og stressmestring for alle tilsette og leiarar i barnehageavdelinga

### Grunnkurs i arbeidsmiljø

- krav for leiarar, verneombod og medlemmar av AMU
- gjennomført i oktober 2024 i samarbeid med bedriftshelsetenesta
- det var 24 deltakarar på kurset (HMS-kurs 40 timar)

### Andre og lovpålagde aktivitetar

Bedriftshelsetenesta gjennom fører kvart år lovpålagde oppgåver for kommune. Dette er planlagde aktivitetar som ligg i rammeplanen. I tillegg til desse, har Anova yt bistand i samband med ulike byggeprosjekt og saker knytt til psykososialt- og organisatorisk arbeid. Avonova har ytt bistand både på organisasjon-, gruppe- og individnivå.  Bedriftshelsetenesta har vore til stade i AMU- og IA-møte.

Kontrollar og sertifisering gjennomført i 2024:

- Arbeidshelsekontrollar i brann og vaktmestertenesta
- Helsesertifisering for røyk- og kjemikaliedykkarar
- Yrkesvaksinering for tilsette i reinhald og vaktmestertenesta
- Høyrselskontroll på arbeidsplass med støyande arbeidsmiljø

## Årshjul

Årshjulet i Compilo vart innført ved årsskiftet 2022/2023, og har det siste året fått ein større bruksområde. Det er fleire einingar som har teke årshjulet i bruk, og i tillegg har også fleire planlagde aktivitetar blitt lagt inn i årshjulet. Det er framleis arbeidet knytt til helse, miljø og sikkerheit som har flest aktivitetar i årshjulet.

Bruken av årshjul skal mellom anna bidra til å følgje opp og kontrollere at planlagde aktivitetar vert gjennomført.  Formålet med å legge aktivitetane i årshjul er at vi skal styrke oppfølging og  gjennomføring av internkontrollen.  På denne måten får leiinga oversikt over status i organisasjonen. Aktivitetar som ligg i årshjulet er mellom anna vernerundar, medarbeidarsamtalar, HMS-grupper, AMU, IA, HMS-kurs og samarbeid med bedriftshelsetenesta.

Når aktiviteten eller arbeidet  er utført skal dette registrerast i årshjulet, og dermed kan leiinga etterprøve om planlagde aktivitetar er gjennomført.

Vi har framleis ein veg å gå for utnytte denne fiksjonaliteten i heile organisasjonen, men vi ser ei positiv utvikling frå 2023.

## Førebygging og oppfølging av sjukefråvær

Arbeid med sjukefråvær står sentralt i det som handlar om inkluderande arbeidsliv,  helse, miljø og tryggleik.  Etter innføring av økonomi, løn og HR systemet Visma Enterprise Plus, har alle leiarar i organisasjonen fått tilgang til å halde oversikt over sjukefråværet i eiga eining. Analyseverktøyet BI (Business Intelligent) gir leiarane eit detaljert innblikk i sjukefråværet, heilt ned på individnivå. Leiarane for dei ulike sektorane og avdelingane har difor kort kommentert hovudtrekka i sjukefråvær på sin arbeidsplass. Under tema om IA- og HMS-arbeid vert sjukefråvær difor berre omtala frå eit samla og overordna perspektiv.

Herøy kommune hadde for 2024 ei samla målsetjing om at sjukefråværet ikkje skule overstige 7,5 prosent, men enda ved utgangen av året på 8,75 prosent fråvær. Måltalet er teke med i framstilling av diagramma under. I tillegg til at Herøy kommune har eit felles mål for sjukefråvær, er det etablert eigne mål for sjukefråvær i den enkelte eining. Bakgrunnen for dette er at kvar eining skal ha eit realistisk og kvantifiser-bart mål som dei sjølve har eit eigarforhold til.  Dersom vi samanliknar overordna mål for heile organisasjonen, med det som går fram av den svarte mållinja i diagrammet under, ser vi at denne ikkje stemmer heilt over eins. Bakgrunnen for dette, er at det som er rapportert inn av del-mål, samla sett, ligg lågare enn det målet som organisasjonen har sett for samla sjukefråvær.

**Nokre fakta om sjukefråværet:**

- Mellom 60 og 70 prosent av dei sjukmelde er fråverande i heile stillingsprosenten sin. Dette betyr at det er 10 prosent færre som er sjukmelde i frå heile stillinga si, samanlikna med fjoråret.
- Langtidsfråværet dominerer i organisasjonen.
- Sjukefråværet i andre tertial er normalt lågare enn første og tredje tertial, i 2024 var skilje mellom andre og tredje tertial berre på 0,16 prosent.
- Talet på tilsette gir seg utslag i storleiken på prosentvis sjukefråvær.
- I prosent av talet på årsverk er det aldersgruppene 35-44 og over 64 år, dei som har lågast fråvær.

Med omsyn til at nokre arbeidsplassar har få tilsette, er vi varsame med å kommentere sjukefråvær relatert til ein bestemt arbeidsplass.

Arbeidet med og årsakene til sjukefråvær er svært samansett. Herøy kommune er ein stor arbeidsplass med mange ulike arbeidsoppgåver og ansvarsområde. Noko som medfører at den fysiske og psykiske belastninga våre tilsette vert eksponert for, er ulik frå arbeidsplass til arbeidsplass.

**Faktorar som påverkar sjukefråværet:**

- Arbeidstidsordningar og stillingsstorleik. Tilsette i turnus har høgare sjukefråvær enn tilsette med dagarbeid.
- Kjønnsfordeling blant tilsette. Statistikken viser at kvinner har eit høgare sjukefråvær enn menn.
- Tilsette med tungt fysisk arbeid, til dømes i reinhald, barnehage og eldreomsorg, har større sannsyn for fråvær enn tilsette i administrative stillingar.
- Tungt fysisk arbeid påverkar fråvær knytt til skjelett og lettare psykiske plager.
- Det psykososiale arbeidsmiljøet påverkar fråværet, til dømes arbeidspress og utfordringar i arbeidsmiljøet.
- Det vert jobba på system-, gruppe- og individnivå for å løyse slike utfordringar, nokre med bistand frå eksterne partar.

**Informasjon, dialog og førebygging:**

- Møte med legane
- Dialog, kurs og oppfølging frå Nav-arbeidslivssenter
- HR/HMS-avdelinga har hatt undervisning på fagdagar i alle seksjonane pleie og omsorg

Herøy kommune jobbar kontinuerlig med å  finne løysingar for å redusere sjukefråværet, både i måten vi jobbar på og samarbeider på med dei ulike interessentane. Målet er at vi skal få tilsette raskare tilbake i arbeid og etablere ein stillingsstorleik som er sameint med dei helse-utfordringar som den tilsette har.

I tillegg til arbeidet på systemnivå, er HR/HMS-avdelinga i tett dialog med leiarar for bistand av enkeltpersonar. Både Nav Arbeidslivssenter, Nav lokalt og Furene Utvikling AS er gode samarbeidspartnarar i dette arbeidet.

Omsorgssentera har i samarbeid med Nav Arbeidslivssenter gjennomført leiarutviklingsprogrammet “stødig leiarskap” ved omsorgssentera i Herøy kommune. “Stødig leiarskap” er bygd opp av fem undervisningsmodular som er retta mot leiarar i sjukeheim. Leiarutviklingsprogrammet er utvikla gjennom IA-bransjeprogram for sjukeheim.

Myrvåg omsorgssenter seksjon A og B har også jobba med prosjektet “Oss og vårt”. Dette er eit prosessverktøy med materiell frå KS. Opplegget er spesielt tilpassa bransjen sjukeheim. Dette er har bestått av samlingar med tilsette, der også HMS-gruppene er involvert. Målet med arbeidet er at gruppa skal jobbe med  områder det er knytt utfordringar til, forsterke det som er bra, og jobbe dei dei utfordringar som vert avdekt.

Det er fleire interesser som skal takast omsyn til i arbeidet med sjukefråvær. I tråd med modell for inkluderande arbeidsliv har fleire tilsette fått tilrettelagt arbeid i samband med tilbakeføring i stillinga si. Vi har hatt fleire personar som har vore på utprøving for å kartlegge utsikter og avgrensingar i arbeidsevne. Tilsette som av ulike årsaker ikkje har kunne halde fram i stillinga si, har blitt omplassert til arbeidsoppgåver som er betre tilpassa helsesituasjonen deira.

Målet er å redusere sjukefråværet gjennom langsiktig førebyggjande arbeid. Vi ser på alternative måtar å auke kompetansen til leiarane gjennom opplæring, informasjon og dialog, slik som vi til dømes har vist til over om samarbeid med Nav-arbeidslivssenter. I tillegg ser vi eit behov for å få meir kunnskapar om årsakene til sjukefråvær, slik at vi kan nytte meir målretta tiltak.

## Grafisk framstilling av fråværet

Diagrammet under viser sjukefråværet for 2024, og som det går fram av grafen hadde Herøy kommune eit samla sjukefråvær på 8,75 prosent. Dette betyr at sjukefråvære var høgare enn måltalet på 7,5 prosent. Gjennomsnittleg sjukefråvær i 2024 var også noko høgare enn i 2023, då samla og gjennomsnittleg fråvær var på 8,31 prosent.




Som de ser av  den blå og grøne linja i diagrammet, varierer sjukefråværet gjennom året. Den grøne linja viser sjukefråværet for 2023, medan den blå linja viser sjukefråværet for 2024. Kurvene for 2023 og 2024 artar seg noko ulikt, men felles for begge åra er at vi fekk ein sjukefråværstopp i april med om lag 10 prosent begge åra. Lågaste målte sjukefråvær i 2024 var i august med 6,25 prosent. Til samanlikning hadde juli lågast sjukefråvær i 2023.

Dei to oversyna under viser sjukefråværet fordelt på langtids- og korttidsfråvær. Korttidsfråvær er definert til det som ligg innanfor arbeidsgjevarperioden på 16 dagar. For 2024 var det samla korttidsfråværet på 1,26 prosent, medan langtidsfråvær på 7,5 prosent. Korttidsfråværet er noko lågare i 2024 samanlikna med tidlegare år.

Diagrammet som viser sjukefråvær etter varigheit, syner at det var 0,85  prosent som hadde fråvær på 1-8 dagar, 0,41 prosent 9-16 dagar, 1,44 prosent 17-60 dagar og dei som var borte meir enn 60 dagar utgjorde 6,06 prosent.






## Kostnader

Sjukefråværet utgjer ein vesentleg kostnad for Herøy kommune. Arbeidsgjevar må betale løn for den tilsette i arbeidsgjevarperioden på 16 dagar. Ved sjukmelding i mindre enn 20 prosent stilling, vert ikkje sjukepengane refunderte frå Nav. Dette utgjer såleis eit tap for Herøy kommune. I tillegg genererer sjukefråværet administrative kostnader, påverkar arbeids belastinga og arbeidsmiljøet på arbeidsplassane. Dei sistnemnde kostnadane vil heller ikkje vise at i denne statistikken.

Statistikkar over sjukefråvær og kostnader knytt til sjukefråvær er henta frå BI (Business Intelligent) i Visma Enterprise Plus. Den grafiske framsyninga viser at kostnadane til sjukefråvær er proporsjonal med det prosentvise fråværet i organisasjonen.

Kostnadane knytt til sjukefråvær varierer frå månad til månad, gjennomsnittet for kostnader knytt til sjukefråvær dei 8 siste månadane i 2024 var på om lag 1,8 millionar kroner og dermed ser vi ein oppgang frå 2023. Til samanlikning har også det samla sjukefråværet gått opp frå 2023 til 2024.

## Likestilling, diskriminering og inkludering

## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 2,73 % | 5,77 % | 8,50 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 2,36 % | 5,99 % | 8,34 % |

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2024 | 1,87 % | 6,91 % | 8,79 % |

## Fråvær per tenesteområde

| | Fråvær 2024 | | | Fråvær 2023 | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Tenesteområde | Korttid i % | Langtid i % | Samla fråvær i % | Korttid % | Langtid i % | Samla fråvær i % |
| Sektor verksemdstyring | 0,22 % | 1,81 % | 2,03 % | 1,07 % | 2,07 % | 3,14 % |
| Sektor kultur og oppvekst | 1,92 % | 5,61 % | 7,52 % | 2,32 % | 4,68 % | 7,00 % |
| Sektor helse og omsorg | 2,10 % | 8,30 % | 10,40 % | 2,56 % | 7,55 % | 10,11 % |
| Sektor samfunnsutvikling | 1,20 % | 7,63 % | 8,83 % | 2,05 % | 5,50 % | 7,55 % |
| Politisk | 0,00 % | 0,00 % | 0,00 % | 0,00 % | 0,00 % | 0,00 % |
| Sum tenesteområde | 1,87 % | 6,91 % | 8,79 % | 2,36 % | 5,99 % | 8,34 % |

# Handlingsreglar

Kommunen har teke i bruk økonomisk handlingsreglar.

For budsjett 2024 gjorde kommunestyret slikt vedtak i kommunestyresak 140/23:

- Netto driftsresultat 1,75 prosent av samla driftsinntekter eks meirverdiavgiftskompensasjon og refusjonar sjukeløn (om lag 15,4 millionar kroner) seinast i 2026.
- Driftsfond 10 prosent av samla driftsinntekter eks meirverdiavgiftskompensasjon og refusjonar sjukeløn (om lag 88,0 millionar kroner) seinast innan utgangen av 2028.
- Kommunen si netto lånegjeld (eks startlån) skal innan 2030 ikkje overstige 100 prosent av kommunen sine samla driftsinntekter eks meirverdiavgiftskompensasjon og refusjonar sjukeløn (om lag 880 millionar kroner).

Utfordringar på økonomiområdet har vore og er:

- Driftsutgiftene er høge i høve til inntektene.
- Stor kostnadsvekst innan innan fleire tenester.
- Låge frie inntekter (vi har ikkje eigedomsskatt) som er på 91 prosent av landsgjennomsnittet.
- Folketalsvekst lavare enn landssnittet
- Lånegjelda er framleis høg og i ei tid med auka renter så gir det store drifts-utfordringar. Veksten i rentekostnadane er omlag like høg som veksten i frie inntekter. Det gjer at løns- og annan kostnadsvekst må finansierast ved kutt i tenestene.

I 2024 var netto driftsresultatet negativt med omlag 11,47 millionar kroner (i 2023 vart netto driftsresultatet negativt med 59,32 millionar kroner) eller omlag -1,2 prosent. Sett i høve til handlingsreglane er den negative differansen frå mål til resultat nær 3,0 prosent eller heile 26,87 millionar kroner. I staden for eit negativt driftsresultat på 11,47 millionar kroner skulle vi etter målsetjinga hatt eit positivt netto driftsresultat på 15,40 millionar kroner.

Kommunen sine disposisjonsfond eksisterer ikkje etter at rekneskapen for 2023 vart avslutta.  For rekneskapsåra 2022 og 2023 har kommunen brukt i alt 51,05 millionar kroner av disposisjonsfond og i tillegg har vi eit udekka meirforbruk på nesten 28,94 millionar kroner når rekneskapen for 2024 no er avslutta..  For at vi skal klare målsetjinga om at driftsfondet skal utgjere 10 prosent av samla driftsinntekter innan 2028, må kommunen levere eit samla mindreforbruk på omlag 117,0 millionar kroner i løpet av dei neste fire åra.

Per 31. desember 2024 hadde Herøy kommune ei samla langsiktig lånegjeld på om lag 1.041,76 millionar kroner. Dette er ein reduksjon høve til 31. desember 2023 på omlag 147,0 millionar kroner. Om ein trekk frå kommunen sine vidareutlån, var samla lånegjeld på omlag 929,4 millionar kroner. Dersom lånegjelda skulle tilsvare kommunen sine driftsinntekter (100 prosent) burde den ikkje utgjere meir enn 880,0 millionar kroner. Ved årsskiftet 2024/2025 utgjorde samla lånegjeld (eks. vidareutlån) 105,6 prosent av kommunen sine driftsinntekter i 2024. For å klare målsetjinga om at gjelda ikkje skal overstige driftsinntektene, må den reduserast med 49,4 millionar kroner i løpet av seks år. Det utgjer i snitt nær 8,2 millionar kroner per år. Det er vel denne handlingsregelen som kan vere lettast å nå i tida som kjem.

# Investeringar

## Status investering og finansiering (2A)

*Beløp i 1000*

| | Note | Rekneskap 2023 | Politisk vedtatt budsjett 2024 | Rekneskap 2024 | Avvik i kr | Rev. bud. 2024 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Investeringar i varige driftsmidlar | | 60 084 | 64 748 | 65 668 | −920 | 184 903 |
| Tilskot til andre sine investeringar | | 608 | 0 | 291 | −291 | 0 |
| Investeringar i aksjar og andelar i selskap | | 1 876 | 1 600 | 1 980 | −380 | 1 600 |
| Utlån av eigne midlar | | 11 926 | 20 000 | 14 779 | 5 221 | 20 000 |
| Avdrag på lån | | 4 594 | 0 | 180 396 | −180 396 | 175 000 |
| **Sum investeringsutgifter** | | **79 088** | **86 348** | **263 114** | **−176 766** | **381 503** |
| | | | | | | |
| Kompensasjon for meirverdiavgift | | −5 153 | −5 950 | −9 049 | 3 099 | −23 066 |
| Tilskot frå andre | | −5 448 | −6 000 | −9 296 | 3 296 | −6 000 |
| Sal av varige driftmiddel | | −17 118 | 0 | −180 502 | 180 502 | −177 300 |
| Sal av finansielle anleggsmiddel | | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Mottatte avdrag på utlån av eigne middel | | −320 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av lån | | −37 690 | −52 798 | −42 886 | −9 912 | −153 537 |
| **Sum investeringsinntekter** | | **−65 729** | **−64 748** | **−241 733** | **176 985** | **−359 903** |
| | | | | | | |
| Bruk av lån til vidareutlån | | −11 606 | −20 000 | −14 779 | −5 221 | −20 000 |
| Mottatte avdrag på vidareutlån | | −4 941 | 0 | −5 365 | 5 365 | 0 |
| **Netto utgifter vidareutlån** | | **−16 547** | **−20 000** | **−20 144** | **144** | **−20 000** |
| | | | | | | |
| Overføring frå drift | | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsettingar til bundne investeringsfond | | 690 | 0 | 328 | −328 | 0 |
| Bruk av bundne investeringsfond | | 0 | 0 | −30 | 30 | 0 |
| Avsetningar til ubunde investeringsfond | | 2 498 | 0 | 66 | −66 | 0 |
| Bruk av ubunde investeringsfond | | 0 | −1 600 | −1 600 | 0 | −1 600 |
| Dekning av tidlegare års udekka beløp | | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum overføring frå drift og netto avsettingar** | | **3 188** | **−1 600** | **−1 236** | **−364** | **−1 600** |

| | Note | Rekneskap 2023 | Politisk vedtatt budsjett 2024 | Rekneskap 2024 | Avvik i kr | Rev. bud. 2024 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Framført til inndekning i seinare år (udekt)** | | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |

Herøy kommune invester til i varige driftsmidlar for omlag 65,67 millionar kroner i 2024. Dette er omlag 0,92 millionar kroner meir enn budsjettert. Sett i høve til 2023 er auken på omlag 5,58 millionar kroner.

I 2024 selde kommunen 137 A-aksjar i Tussa til KLP forsikring AS. Dette salet bidrog til at at salet av varige driftsmidlar vart op omlag 180,50 millionar kroner og at ein i investeringsrekneskapen utgiftsførte låneavdrag på omlag 180,40 millionar kroner. Bruk av lån utgjorde 42,89 millionar kroner og dette saman med mva kompensasjon og ulike tilskott frå andre (bl.a. tippemidlar) og salsinntektene (180,50 millionar kroner) utgjer dei totale investeringsinntektene på 241,73 millionar kroner.

Totalt vart det utgiftsført kostnadar på 48 ulike investeringsprosjekt i 2024. Det største var Ny kjøkkenløysing for Helse og omsorg på 33,98 millionar kroner, ny kai på Mjølstadneset på 9,25 millionar kroner og kjøp av eigedomen Svingen der kostnaden i 2024 utgjorde 8,80 millionar kroner.

## Status investeringsprosjekt

*Beløp i 1000*

| Investering | Totalbudsjett Vedteke totalt | Totalbudsjett Påløpt totalt | Budsjett for året Rev. bud. | Budsjett for året Rekneskap | Status |
|---|---|---|---|---|---|
| Adgongskontroll | 625 | 215 | 625 | 215 | Ikkje vurdert |
| Asfaltering av uteområde | 150 | 976 | 0 | 0 | Iht. plan |
| Avlaup Kvalsvik hamn (kloakkrammeplanen) | - | - | 103 | 102 | Forsinket |
| Brann og redning - diverse utstyr | 312 | 289 | 68 | 45 | Ikkje vurdert |
| Etablering av ubemanna rop bustad | 1 588 | 0 | 1 588 | 0 | Forsinket |
| Fiberutbygging Landbrukskontoret | 283 | 282 | 33 | 13 | Ferdig |
| Flusund, veg gravplass | 8 750 | 0 | 625 | 0 | Ikkje vurdert |
| Flytting av biblioteket | 525 | 1 141 | 525 | 1 135 | Ferdig |
| Forprosjekt Enova landstraum | - | - | 505 | 85 | Ikkje vurdert |
| Fortau Bergslibakken (2023) | 2 669 | 3 416 | 839 | 1 588 | Forsinket |
| Gang og sykkelveg Kvalsund | 3 125 | 433 | 3 125 | 433 | Iht. plan |
| Havila stadion, nytt dekke | 11 250 | 93 | 1 250 | 93 | Ikkje vurdert |
| Herøy omsorgssenter - ny kjøkkenløysing (2022) | 45 750 | 35 408 | 44 900 | 33 975 | Ferdig |
| Herøy omsorgssenter - raud og grøn avdeling, rehabilitering | 1 352 | 599 | 1 155 | 58 | Iht. plan |
| Herøy omsorgssenter raud og grøn avd., oppgradering/brannsikring | 5 500 | 312 | 500 | 47 | Iht. plan |
| Herøyhallen, tribune/ sportsdekke, HC-toalett | 2 875 | 3 676 | 1 180 | 0 | Ferdig |
| IKT-investering | 11 961 | 34 | 1 961 | 0 | Iht. plan |
| Jektenaustet | 2 450 | 243 | 2 394 | 76 | Forsinket |
| Justeringsrett | 0 | 902 | 0 | 358 | Ikkje vurdert |
| Kulturhuset - tak/drenering | 8 750 | 0 | 1 000 | 0 | Iht. plan |
| Kyrkjelege fellesråd, gravplassføremå m.m. | 11 549 | 5 522 | 7 343 | 3 431 | Iht. plan |
| Landstraum Mjølstadneset | 14 495 | 114 | 14 495 | 114 | Iht. plan |
| Lydmiksar konserthuset | 313 | 300 | 75 | 0 | Ikkje vurdert |
| Mjølstadneset austre industriområde ( ny veg 2024 ) | 0 | 423 | 0 | 423 | Ferdig |
| Mjølstadneset, ny kai 2025/2026 | 22 000 | 989 | 21 761 | 750 | Iht. plan |
| Myrvåg omsorgssenter - brannsikring | 438 | 0 | 438 | 0 | Iht. plan |
| Møblar og utstyr til ny barneavlastning | 2 500 | 2 535 | 2 367 | 2 402 | Ikkje vurdert |
| Ny GPS oppmåling | 404 | 304 | 404 | 304 | Iht. plan |

| Investering | Totalbudsjett Vedteke totalt | Påløpt totalt | Budsjett for året Rev. bud. | Rekneskap | Status |
|---|---|---|---|---|---|
| Ny laserscanning for oppdaterte høgdemodeller | 250 | 118 | 132 | 0 | Forsinket |
| Nye flyfoto - kart og oppmåling | 313 | 128 | 185 | 0 | Forsinket |
| Nye kaier Mjølstadneset | 3 209 | 37 547 | 44 | 44 | Ferdig |
| Nøevågen - oppgradering og etablering av forrtau m.m | 0 | 1 884 | 0 | 41 | Ikkje vurdert |
| Ombygging kulturhus til mellombels skuleløysing | 1 250 | 1 771 | 1 250 | 1 771 | Ferdig |
| Oppgradering ventilasjon Sjukeheimsvegen 7,9 | 1 625 | 17 | 625 | 17 | Forsinket |
| Padlehuk og brygge med handicaptaoalett | 0 | 385 | 0 | 113 | Iht. plan |
| Pilotparken | 219 | 923 | 219 | 689 | Iht. plan |
| Prosjektor og lerret på konserthuset | 388 | 0 | 388 | 0 | Ikkje vurdert |
| Rassikring fortau Ura | 350 | 0 | 350 | 0 | Iht. plan |
| Riving/sannering av bygg | 3 250 | 0 | 2 250 | 0 | Forsinket |
| Sal av A-aksjar i Tussa AS | 2 300 | 3 435 | 2 300 | 3 435 | Ikkje vurdert |
| Sal av fast eigedom | 0 | 113 | 0 | 113 | Ikkje vurdert |
| Sjukeheimsvegen 5D - asfaltering av uteområde | 369 | 0 | 369 | 0 | Ikkje vurdert |
| Slamavskiljar Nykrem | 781 | 996 | 771 | 331 | Ferdig |
| Smartteknologi | 1 649 | 1 675 | 454 | 705 | Ikkje vurdert |
| Svingen 4 - Dagaktivitetssenter | 12 500 | 8 805 | 12 500 | 8 798 | Iht. plan |
| Toalett Goksøyra | 2 440 | 2 442 | 460 | 60 | Ferdig |
| Trafikktrygging Bergsvegen | 48 | 68 | 48 | 68 | Ferdig |
| Veg parkering/Djupedalen til Huldalskrysset | 7 250 | 2 632 | 1 380 | 1 012 | Ikkje vurdert |
| Veglys, lovkrav frå 01.07.23 på målt forbruk | 3 750 | 232 | 3 518 | 0 | Forsinket |
| YHU - brannsikring | 824 | 21 | 824 | 21 | Ikkje vurdert |
| YHU - inneklimatiltak | 69 | 23 | 69 | 23 | Ikkje vurdert |
| Ytre Herøy Ungdomskule - ENØK | 1 278 | 22 | 1 278 | 22 | Forsinket |
| Ytre Herøy ungdomskule, oppgradering av uteområde | 142 | 234 | 0 | 93 | Forsinket |
| Ytre Herøy ungdomsskule - rehabilitering | 46 750 | 180 | 1 664 | 94 | Iht. plan |
| Sum andre prosjekt | 776 416 | 102 128 | 66 165 | 19 620 | |
| **Sum** | **1 027 035** | **223 986** | **206 503** | **82 718** | |

# Oppfølging av klima

## Klimaarbeid i Herøy kommune

## Klimamål 2030

Norge – og Herøy har gjennom Parisavtalen forplikta seg på å redusere klimagassutsleppa med minst 55 prosent samanlikna med 2009.

## Klimamål 2050

Herøy er ein del av det globale lågutsleppssamfunnet og skal medverke til at Møre og Romsdal oppnår netto null klimautslepp. Det vil seie at der er ein balanse mellom klimagassutsleppa og opptaket av klimagassar.

## Klimaarbeid i Herøy kommune

Klima er viktig for Herøy kommune, kommunen vår har storhavet som næraste nabo og utviklinga i havet vil kunne gje store konsekvensar for vårt lokalsamfunn.

Herøy kommune har sin eigen Klimaplan, vedteken av kommunestyret i K-sak 68/22. heroy.kommune.no/tenester/organisasjon-og-tilsette/styringsdokument/planar/tema-og-sektorplaner/veg-vatn-og-miljo/klimaplan/

Klima er vêr sett i system over tid. Og med klimaendringar kjem endra påverknad på omgjevnadane våre, altså miljøet vi omgir oss med. På grunn av klimaendringar må vi ta grep og tilpasse oss. Det er fordi føresetnadane vert endra, både på kort og lang sikt. Ikkje minst krev klimaendringane at vi endrar handlingsmønstera våre for å redusere konsekvensane ytterlegare.

Der har alltid vore variasjonar i den globale gjennomsnittlege temperaturen. Likevel viser datagrunnlag og målingar ingen tvil om at menneskeskapte aktivitetar dei siste 100 åra har ført til meir dramatiske endringar i vêrsystema. Det syner meir nedbør og tørke, sterkare vind og flaum. Dette kjem til uvanlege tider og i eit omfang langt større og oftare enn tidlegare.

Også i 2024 har vi, både nasjonalt og internasjonalt sett at eit våtare og villare klima gjev konsekvensar for innbyggarar, både i form av flaum og sterke vindar.

Slik skal vi nå måla

Herøy kommune skal gå føre som eit godt eksempel og kutte eigne utslepp, som eit godt føredøme for innbyggjarar og næringsliv, gjennom å redusere energiforbruket, klimatilpassing, endra forbruksmønster og klimatiltak som fremjar biologisk mangfald.

Slik skal kommunen bygge ei berekraftig utvikling av lokalsamfunnet Herøy. Måla må nåast gjennom kraftig reduksjon av utsleppa og auka opptak av CO2 . Difor må Herøy kommune:

- vere ein synleg aktør innan klimaomstilling og klimatilpassing
- prosjekt og tiltak med ei klar klimaside skal formidlast slik at det vert skapt eigarskap og engasjement
- ta i bruk og vere med på å utvikle ny teknologi og klimavennlege løysingar i innkjøp kan kommunen vere ein pådrivar for utvikling av nye produkt og tenester
- ha årlege klimabudsjett som synleggjer tiltaka og sikrar at måla i klimaplanen vert nådde

Nasjonalt og lokalt vart det sett i verk fleire viktige tiltak dette året, det mest konkrete av desse er endringane i regelverket om offentlege innkjøp. Ny reglar vart gjort gjeldande frå 01.01.24 med skjerpa krav for vektlegging av klima- og miljøomsyn i alle offentlege innkjøp. Hovudregelen er at klima- og miljøomsyn skal vektast med 30% i offentlege innkjøp. Lokalt er dette eit viktig verkemiddel på vegen fram til å nå dei internasjonale miljøkrava.

Lokalt fekk Herøy kommune i 20224 tildelt midlar frå Miljødirektoratet for å gjennomføre «planvask» av kommunen sine vedtekne planar. På denne måten fokuserer ein på arealrekneskapen og jobbar aktivt med å ta vare på naturmangfaldet i kommunen vår.

Kommunen har fått tildelt Enova-tilskott til etablering av landstraumanlegg i Fosnavåg næringspark. Dersom dette vert gjennomført, vil tiltaket vil vere eit viktig bidrag for å redusere CO2-avtrykket i kommunen.

## Klimastatistikk

## Status klimaoppdrag

### Referansebane

"-" synast der det ikkje er registrert data

| Oppdrag | Beskriving | Status | Risiko | Beskriving av status |
|---|---|---|---|---|
| 01 Herøy omsorgssenter | Kommunestyret ber Bygg- og anleggsutvalet utarbeide rapport på | | | |

| Oppdrag | Beskriving | Status | Risiko | Beskriving av status |
|---|---|---|---|---|
| | den byggtekniske tilstanden på Herøy omsorgssenter | | | |

# Oppfølging av mål og satsingsområde

Samfunnsdelen i kommuneplanen peikar ut fire satsingsområde:

- heilskapleg utvikling
- inkluderande lokalsamfunn
- oppvekst og identitet
- infrastruktur

Nedanfor nemner vi døme på satsingar og resultat i 2024 som knyter seg til satsingsområda.

## Heilskapeleg utvikling

- Det blei vedteke å bygge nytt, samlokalisert omsorgssenter i 2028.
- Planstrategien for 2024-2027 vart vedteken av kommunestyret i juni 2024 og er ein offensiv plan for rullering av eksisterande planar.
- Kommunestyret har vedteke oppstart av områdereguleringsplan for Fosnavåg sentrum. Ein anslår at planen vert lagt ut til offentleg ettersyn bedt starten av 2026.
- Arbeidet med Kommunedelplan for for Myrvåg og Dragsund vart starta opp våren 2024 og er venta sluttbehandla i 2025
- Utviklingsavdelinga leverer gode resultat innanfor gjeldande fristar.

## Inkluderande lokalsamfunn

- Vi busette 85 flyktningar i 2024.
- Vi har vore med i kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis.
- Vi lanserte ein førebyggande kampanje for innbyggarar over 65 år, den handlar blant anna om frivillig arbeid og sosiale fellesskap.

## Oppvekst og identitet

- Dei nasjonale prøvene i skulen viser ei positiv utvikling på fleire område i 2024. Vi vektlegg særleg utviklinga i leseferdigheiter.
- Fosnavåg konserthus og kino feira 10 års jubileum med ein variert og flott jubileumshaust. Herøy kulturskule har markert sitt 50-års jubileum gjennom heile 2024.
- Folkebiblioteket vart flytta til Fosnavåg sentrum. Det har vore stor aktivitet i biblioteket gjennom året.

## Infrastruktur

- Arbeidet med bygging av ny bru til Nerlandsøy har hatt god framgang. Kommunen vedtok å vere økonomisk bidragsytar til fortau på Igesund/Kleiva og gang/sykkelveg på Kvalsund
- Fylkeskommunen starta arbeidet med områdereguleringsplan for kryssing av Nørdre Vaulen og første folkemøte vart gjennomført

- Det vart tildelt kontrakt på bygging av ny kai i austre del av Fosnavåg Næringspark.
- Vi oppdaterte den heilskaplege ROS-analysen og beredskapsplanen til kommunen.

# Oppfølging av vedtak og oppdrag

## Verbalvedtak

I budsjett 2024 vart det stemt over i alt 14 ulike verbalforslag. Totalt vart ti av desse framlegga fleirtal i avstemminga, medan fire av framlegga vart avviste. Dei åtte første framlegga vart foreslått av H, FRP og INP og dei to siste av KRF.

Under står dei ti vedtekne verbalframlegga med kommentarar om korleis dei er følgde opp.

### 1. Kommunestyret ber Bygg- og anleggsutvalet utarbeide rapport på den byggtekniske tilstanden på Herøy omsorgssenter.

I perioden etter dette vedtaket har det kome politisk avklaring på at det skal byggast nytt omsorgssenter, på denne bakgrunn har ein ikkje prioritert ressursar på ein slik rapport.

### 2. Kommunestyret ber Helse- og omsorgsutvalet vurdere den formålstenlege tilstanden til bygget, og effektiviseringspotensialet med eit nytt omsorgssenter.

Helse og omsorgsutvalet har saman med administrasjonen vurdert det som mest bærekraftig å bygge nytt, samlokalisert omsorgssenter – gitt tilstanden til Herøy omsorgssenter (raud og grøn) og rekrutteringsutfordringane i åra som kjem. Dette er inkludert i budsjettvedtaket frå desember 2024.

### 3. Kommunestyret ber administrasjonen vere på tilbodssida til utbyggjarar som ønskjer å få tilgang til husbanktilskott.

Det har vore invitert til - og halde møte med potensielle utbyggjarar med mål om at kommunen skal signere kontrakt om tilvisingsavtaler. I generelle møte med utbyggjarar vert det aktivt informert om Husbanken sine gunstige ordningar.

### 4. Kommunestyret ber administrasjonen utgreie prosjekt “Solskinnsgården burettslag”.

Administrasjonen hadde i 2024 fleire møter med initiativtakarane bak Solskinnsgarden burettslag og Husbanken. Prosjektet stranda på grunn av at det per 2024 berre var 2 aktuelle bebuarar klare for prosjektet. Prosjektet sin økonomi tok utgangspunkt i 8 bustadar.

## 5. Undersøke muligheitene for fleire interkommunale samarbeid med sikte på meir effektiv drift

I løpet av 2024 vart det

- inngått avtale med Sande kommune om sal av tildelingstenester i helse og omsorg frå 01.01.25
- vurdert samarbeid med interkommunalt barnevern, men gitt at vårt barnevern har god kvalitet og driv rimelegare enn det interkommunale barnevernet så vart dette arbeidet avslutta
- inngått ny vertskommuneavtale i 5K om NAV samarbeid frå 01.01.25
- Gjennom 2024 har det vore arbeidd med å få legge til rette for interkommunalt samarbeid om tilsyn på spreidd avløp
- 27. september vart det gjort følgande vedtak: Arbeide for å få på plass eit interkommunalt PPT-samarbeid med Ulstein kommune som vertskommune, med gjennomføring og oppstart så snart som praktisk mogleg (vedtak om vertskommuneavtale gjort i 2025)

## 6. Kommunestyret ber administrasjonen gå i dialog med huseigarar i Fosnavåg sentrum md sikte på å flytte biblioteket til sentrum. Dagens bibliotek skal stette behova for meir areal til Bergsøy skule

Tiltaket gjennomført i 2024. Biblioteket opna i ny lokasjon 9. november 2024.

## 7. Kommunestyret ber administrasjonen jobbe for å flytte bussterminalen i Fosnavåg sentrum og og omdisponere arealet til parkering.

Herøy kommunestyret har i K-sak 31/25 godkjent planprogrammet for områderegulering av Fosnavåg sentrum. Områdereguleringsplanen skal også omfatte «Trafikkmønster, bil og buss».

## 8. Kommunestyret ber administrasjonen gå i dialogmed meklarhus, med sikte på å selje A-aksjane i Tussa. Vidare skal administrasjonen vurdere korleis ein mest hensiktsmessig forvaltar vinsten frå salet.

Herøy kommune inngjekk av avtale med Sparebank 1 Markets når det gjaldt sal av kommunen sine 137 A-aksjar i Tussa AS. Etter annonsering og diverse forhandlingar vart aksjane selde til KLP AS i juni 2024. Prisen vart kr 1.392.885,- per aksje – totalt kr 190.825.235,-. Av salssummen vart kr 13.486.242,- ført som inntekt i driftsrekneskapen og kr 177.338.993,- som inntekt i investeringsrekneskapen. Herøy kommune betalte 1,8% i meklarprovisjon i samband med salet. Det utgjer kr 3.434.854,- og denne kostnaden vart utgiftsført i investeringsrekneskapen. Netto salssum, kr 186.600.000,- vart nytta til ekstra nedbetaling av kommune si lånegjeld.

### 9. Kommunestyret ber administrasjonen legge fram sak om utvida nedbetalingstid på startlån frå 30 år til 50 år.

Dette verbalframlegget vart handsama i K-sak 26/24 den 29.02.2024 som ein del av saksutgreiinga kring nye retningsliner for startlån og tilskot. Framlegget vart samrøystes vedteke.

### 10. Kommunestyret ber administrasjonen utarbeide skiltplan for Fosnavåg sentrum som ein del av det vidare arbeidet med utvikling av Fosnavåg sentrum.

Det skal utarbeidast eigen skiltplan for sentrum som kan bli vedteken før, eller seinast i samband med at områdereguleringsplanen vert eigengodkjent.

## Samfunns- og befolkningsutvikling

#### Utvikling i befolkning 3. Kvartal 2024

| | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 |
|---|---|---|---|---|
| **Folketal ved inngangen av kvartalet** | **8 858** | **8 765** | **8 842** | **8 968** |
| Fødde | 85 | 83 | 85 | 62 |
| Døde | 89 | 77 | 75 | 59 |
| **Fødselsoverskot** | **−4** | **6** | **10** | **3** |
| Innvandring | 62 | 67 | 88 | 82 |
| Utvandring | 76 | 45 | 58 | 33 |
| Innflytting, innanlands | 220 | 288 | 333 | 232 |
| Utflytting, innanlands | 295 | 241 | 251 | 234 |
| **Netto innvandring og flytting** | **−89** | **69** | **112** | **47** |
| **Folkevekst** | **−93** | **77** | **126** | **50** |
| **Folketalet ved utgangen av kvartalet** | **8 765** | **8 842** | **8 968** | **9 018** |

#### År




# Internkontroll

Internkontroll

Med grunnlag i kommunelova § 25-1 skal kommunen ha internkontroll med den administrative verksemda for å sikre at lover og forskrifter blir følgde. Vidare går det fram at internkontrollen skal vere systematisk og vere tilpassa verksemda sin storleik, eigenart, aktivitetar og risikotilhøve.

## Kvalitetssystem

Compilo er Herøy kommune sitt kvalitetssystem. Systemet inneheld mellom anna desse verktøya for internkontroll:

### Dokumentbibliotek

- Styringsdokument, prosedyrer og retningslinjer i organisasjonen
- Revisjonsintervall og automatisk påminning til revisjonsansvarlege før frist

### Avvik og varsling

- Innmelding og oppfølging av forslag til forbetring, avvik og varsling
- Avviksstatistikk
- Moglegheit for utarbeiding av avviksmalar

### Modul for risikovurdering

- Grunnlag for risikobasert leiing
- Steg for steg utarbeiding av risikovurdering, med tilhøyrande matriser
- Målsetjing at alle arbeidsplassar skal gjennomføre ROS-analysar i Compilo
- Det er utarbeida malar for overordna ROS-analysar

- Det er fleire einingar som har teke i bruk modulen for ROS-analyser i 2024

Herøy kommune har gått systematisk til verks for å gjennomføre riskoanalysar, der risikoanalyser på området trakassering, vald og truslar har blitt prioritert. Alle leiarar og verneombod har fått opplæring i overordna risikoanalyse. Arbeid med risikoanalysar vil halde fram neste år, og vil vere ein kontinuerleg aktivitet fram, sjølv om alle einingar no har fått ei grunnleggande opplæring.

## Årshjul

- Bruken av årshjul har blitt utvida med fleire aktivitetar og på fleire områder i organisasjonen
- Oppretting og kvittering av aktivitetar i organisasjonen
- Kvar eining har eige årshjul, i tillegg til overordna årshjul for ulike overordna nivå
- Eit leiarverktøy for auka internkontroll og oppfølging
- Modulen er teken i bruk på overordna nivå og særleg på HMS-området

## Sjekklister

- Gjennom sjekklistene kan kommuneleiinga skaffe seg oversikt over resultatet i aktivitetar som er gjennomført
- Det er utarbeida elektroniske sjekklister for bruk ved nye tilsettingar og vernerundar (HMS-rundar)
- Funksjonaliteten med elektroniske sjekklister som vart innført i 2023 har i større grad blitt utprøvd både gjennom vernerundar og nye tilsettingar i 2024
- Av statistikk for sjekklister ser vi at det i 2024 er gjennomført i alt 11 vernerundar. Dette utgjer litt i underkant av ein tredjedel av arbeidsplassane våre
- Det er utfylt 305 sjekklister i samband med rekruttering, etter at sjekklistene vart iført i 2023

Dei elektroniske sjekklistene er eigentleg ei god gammal dags hugseliste, som skal hakast ut når oppgåvene er utført. I tillegg til årshjulet som fortel kva tid dei ulike aktivitetane skal gjennomførast, vil ein gjennom bruk av dei elektroniske sjekklistene ha innblikk i kva som faktisk er gjennomført.

Gjennom dei elektroniske sjekklistene kan vi altså følgje med på kor mange vernerundar det er gjennomført gjennom året og kvar dei er gjennomført.

Det vert jobba med å utarbeide fleire sjekklister til hjelp i arbeidet, og for å styrke internkontrollen. Førebels kan vi glede oss over at det som er innført er blitt teken i bruk og fått feste i organisasjonen.

## Internkontroll i organisasjonen

I tillegg til kvalitetssystemet Compilo har alle einingar i Herøy kommune eigne system og rutinar for internkontroll som er tilpassa dei ulike tenestene. I tillegg til fagsystem innanfor dei ulike sektorane, har vi økonomisystem, arkivsystem, og løns- og HR system som skal hjelpe til med å halde orden i eige hus. Desse verktøya medverkar til at internkontroll vert ein naturleg del av styring og leiing av verksemda. Internkontrollen skal medverke til å nå fastsette mål, at vi etterlever lover og reglar og at vi leverer tenester innanfor dei rammene som er sett og som dermed er med å definere kvaliteten på arbeidet.

I 2024 har vi halde fast ved og utvikla bruken av sjekklister og årshjul, slik statistikken viser over. Arbeidet med lønskontrollar og dei rutinane som er innført i samband med lønsutbetaling har halde fram, og det vert kvar månad også sendt ut påminning frå HR/HMS-avdelinga om lønskontrollar. I gjennom snitt var det om lag 90 prosent av leiarane som gjennomførte løns-kontroll kvar månad i 2024. Dette talet er litt lågare enn i 2023, då vi kunne rapportere om ei kontrollrate på 96 prosent.

## Internkontroll IKT

Etter at vi tilsette digitaliseringsleiar våren 2024 har det blitt jobba systematisk med internkontroll også på dette område. Dette er også eit viktig arbeid med omsyn til strategisk planlegging og budsjettplanlegging. Mykje av det arbeidet som er gjort fram til no handlar om kartlegging og dokumentasjon. Formålet med dette er mellom anna å få oversikt over kva ressursar og verdiar kommunen sit på, kva alder og tilstand har maskinparten og kva system har vi for å kunne stette dei krav som er til våre leveransar. Dette er viktig kunnskap for å kunne gjere vurderingar om kva som bør skiftast ut og kva dette vil koste. Når det gjeld krav til maskinparken er dette standardar sett av SSIKT.

- Utstyr og komponentar er kartlagt
- Det er henta inn informasjon om system
- Microsoft 365 lisensar er kartlagt og vert gjort kontinuerleg for å minimere svinn

## Avvik og varsling

Innmelding av avvik og avvikshandtering utgjer ein sentral det av HMS- og kvalitetsarbeidet i Herøy kommune. Alle avvik skal registrerast og handsamast i Compilo. Avvik er tema i HMS-gruppene, arbeidsmiljøutvalet (AMU) og i leiar- og avdelingsmøte. Slik blir også tillitsvalde og verneombod involvert i arbeidet med avvik.

Kartlegging av avvik utløyser eit behov for å avdekke årsakene til avvik, for deretter å finne tiltak for førebygge at avvik skjer. Kunnskapar om avvik gjer oss i stand til å gjennomføre forbetringsprosessar.

HR/HMS avdelinga har jobba med å klargjere alvorsgrad når det gjeld avvik. Det har også vorte lagt til ny hovudkategori for avvik knytt til informasjonstryggleik og personvern som det vert vist til under.

Avvikssystemet består av fire hovudkategoriar:

- teneste/brukar
- organisasjon/internt
- helse, miljø og tryggleik
- personvern/informasjonstryggleik (lagt til i slutten av 2022)

## Utvikling i avvik

### Avvikskategoriar

Avvika fordeler seg på fire ulike kategoriar. Teneste/brukar, HMS-avvik, organisasjon/internt og personvern/informasjonstryggleik.

Det er ein reduksjon i talet på avvik frå 2023 til 2024 med med 97 avvik. Avvik er mellom anna tema i HMS-gruppene, AMU og i møter på den enkelte arbeidsplass. Opplæring i bruk av Compilo, ROS-analyser og tema om avvik har vore med å skapt ei medviten haldning i organisasjonen. Den samla kunnskapen om å melde avvik og kunnskap om kva som er grunnlag for å melde avvik har auka over tid. At det er ein nedgang i talet på samla avvik frå 2023 til 2024, kan sjåast på som naturleg variasjon. Det vil likevel vere viktig å følgje med i utviklinga på avvik fram over, slik at vi ikkje slepp taket for å halde fram med å legge til rette for god oppfølging og opplæring.

Når det gjeld avvika som er meldt inn i dei ulike kategoriane, kan det i opplysningar som går fram av avvika, tyde på at det finst feilkjelder. Dette ser vi tydlegast av avviksstatistikken for personvern/informasjonstryggleik, der innhaldet i avvika tyder på at berre deler av dei avvika som er melde høver inn under kategorien personvern/informasjonstryggleik. Dette er ei problemstilling som vi har tatt opp med leverandøren, og som det vert jobba med å rette opp i.

Det vert jobba med nasjonale avvikskategoriar som skal passe inn i vårt avvikssystem. Det er fleire aktørar som jobbar med dette. Mellom anna KINS og Compilo i lag med kommunane.

| Type avvik: | Tal på avvik 2022 | Tal på avvik 2023 | Tal på avvik 2024 |
|---|---:|---:|---:|
| Totale avvik | 921 | 1264 | 1167 |
| Teneste/brukar | 547 | 752 | 618 |
| HMS | 363 | 525 | 568 |
| Organisasjon/internt | 253 | 346 | 296 |
| Personvern/informasjonstryggleik | 10 | 41 | 39 |

### Kva fortel avviks-statistikken

Den største endringa frå fjoråret, er at vi har ein nedgang i talet på avvik som er knytt til teneste/bruker. Avvik knytt til HMS har der i mot auka frå 525 avvik til 568 avvik. Innanfor denne kategorien finn vi avvik knytt til trakassering, vald og truslar, og dette er dessverre eit område som både i 2023 og 2024 har hatt eit høgt avvikstal. Vi ser likevel ein liten nedgang frå 2023 til 2024, der det er 11 færre slike avvik i 2024 enn det var i 2023. Det var i alt 184 avvik innan denne kategorien.

Det har blitt jobba systematisk på området trakassering, vald og trugslar dei siste tre åra, og vi har i samband med dette eit tett samarbeid med bedriftshelsetenesta Avonova der vi har lagt ein langsiktig plan for dette arbeidet. Dette for sikre at alle får god opplæring på området, og at det blir følgd opp ute i

einingane. Avvik på områda vald og trugslar er ikkje berre ei lokal utfordring, men vi ser av statistikkar at dette er ein tendens over heile landet.  Arbeid med det som fell under helse, miljø og sikkerheit er generelt svært viktig å arbeide med, då dette direkte påverkar arbeidsmiljøet og arbeidssituasjonen til våre medarbeidarar.

Under kategorien organisasjons/intern ser vi ein vesentleg nedgang på områda samhandling, tenesteproduksjon og kommunikasjon. Det er omlag 100 færre avvik på dette område samanlikna med i 2023. Dette kan vere teikn på at vi har fått ein meir stabil organisasjon med mindre utskiftingar av personal og større kontinuitet i tenestene. Avvika for legemiddel er framleis høge, men vi ser her ein nedgang på på 40 avvik. Ser vi dette i samanheng med den totale nedgangen i avvik for teneste/brukar, er dette svært positivt.

Når det gjeld talet på avvik som handlar om personvern og informasjonstryggleik, er talet på avvik høgare enn det som reelt sett er knytt til denne kategorien. Ved gjennomgang av desse avvika ser vi at det er få reelle avvik. Dette går fram av skildringa av avviket. Årsaka til at talet er så høgt, er som også det blir peika på over feilkjelder. Den konkrete feilkjelda er at den som melder avvik har høve til å melde på fleire enn ein kategori. Då vil dette gi seg utslag i at det det blir registrert eit ekstra avvik på personvern/informasjonstryggleik. Ved teljing kan vi rekne fem til ti avvik som er retta mot personvern/informasjonstryggleik.

## Kven melder avvik

Det er framleis sektor for helse og omsorg som står for majoriteten av innmelde avvik. Denne sektoren står for 81,1 prosent av dei  samla avvika.  Dette er også den sektoren som har flest tilsette. Av tabellen under ser vi at helse og omsorg har hatt ein nedgang på i alt 107 avvik. Sektor for kultur og oppvekst har har hatt om lag like mange avvik i 2024 som i 2023, med ein oppgang på fire.  Kultur og oppvekst har om lag 17,5 prosent av samla avvik i Herøy kommune, og dette utgjer ein liten oppgang frå førre år.  Resterande del av avvika sorterer under sektor for samfunnsutvikling og verksemdstyring. Dei to sektorane til saman utgjer under ein prosent av dei samla avvika. Det er difor grunn til å tru at det ligge noko mørketal i dei to sistnemnde sektorane. Sett i forhold til tal på tilsette i den enkelte sektor, er det ikkje uventa at det ligg ein vesentleg forskjell mellom sektorane. I tillegg nyttar eigedoms-avdelinga Famac til å melde inn oppdrag, og her finn vi nok ei gråsone mellom oppdrag og avvik som ikkje vert synleggjort. Så langt har vi ingen integrasjon mellom dei to systema som kan gi ein indikasjon om årsakssamanhengar.

| Sektor | Tal på avvik 2022 | Tal på avvik 2023 | Tal på avvik 2024 |
|---|---:|---:|---:|
| Totalt for sektorane | 921 | 1264 | 1167 |
| Helse og omsorg | 857 | 1053 | 946 |
| Kultur og oppvekst | 55 | 200 | 204 |
| Samfunnsutvikling | 4 | 4 | 6 |
| Verksemdstyring | 1 | 3 | 4 |

### Alvorsgrad

Det har blitt jobba mykje med å skape forståing kring melding av avvik, og det å definere alvorsgraden av avvika. Av tabellen under, ser vi at dette har gitt resultat. Det er få avvik under kategorien høg alvorsgrad, og det er lite endring sidan 2023. I alt 2,9 prosent er definert med høg alvorsgrad i 2024. For middels alvorsgrad har vi ein nedgang på knappe to prosentpoeng frå 2023 ti 2024. Når det gjeld kategorien låg alvorsgrad den auka frå 60,9 prosent til 62,3 prosent. Dette gir nok ei mykje riktigare bilde enn det som tidlegare har kome fram i statistikken når det gjeld vurdering av alvorsgrad. Det er likevel grunn til å understreke at mange avvik under kategorien låg alvorsgrad, i sum kan vere alvorleg med omsyn til konsekvens.

| Alvorsgrad | I prosent av melde avvik 2022 | I prosent av melde avvik 2023 | I prosent av melde avvik 2024 |
|---|---:|---:|---:|
| Låg | 37,9 | 60,9 | 62,3 |
| Middels | 46,6 | 36,6 | 34,8 |
| Høg | 16,5 | 2,5 | 2,9 |

### Læring

Kvalitetssystemet med dei funksjonalitetane vi har i dag, gir grunnlag for å finne fakta, analysere, vurdere og fatte avgjerd om tiltak. Systemet gir grunnlag for læring og kvalitetsforbedring. Tabellane over syner ei utvikling i bruk av systema, forståing i bruk av systema og at tiltaka som organisasjon har gjennomført på systemnivå har gitt resultat. Dei dokumenterer samtidig at det systematiske arbeidet som er gjennomført må halde fram. Fleire av dei tala som er lagt fram for 2024, viser at det blir jobba med handtering og oppfølging av avvik.

### Varsel

- Det har ikkje kome varslingssaker til Herøy kommune i 2024.
- Det har heller ikkje kome inn saker som blir definert som klagesaker. Dette er også saker som skal følgjast opp etter Arbeidsmiljølova og råd frå Arbeidstilsynet.

## Eksterne tilsyn

### Tilsyn i barne- og avlastingsbustadar

- Stats-forvaltaren har gjennomført tilsyn i barne- og avlastingsbustadar i 2023. Pålegga vart lukka i 2024.
- Det vart gjennomført enkelt tilsyn i barne-avlastinga, og med oppfølging av denne. Resultat etter oppfølging vil kome i 2025.

## Tilsyn frå Arbeidstilsynet

- Herøy omsorgssenter og Myrvåg omsorgssenter hadde tilsyn frå Arbeidstilsynet 04.01.24. Etter tiltak vart pålegga lukka 10.05.24.
- Skulane; Stokksund barne- og ungdomskule, Stokksund skule SFO, Einedalen skule og skule-administrasjonen hadde tilsyn frå Arbeidstilsynet i september. Etter tilsynet er det sett i verk arbeid med å lukke pålegg, og det er forventa at Herøy kommune innfrir pålegga innan fristen 17.03.25.

## Interne tilsyn

Eigedomsavdelinga har gjennomført branntilsyn i desse bygga:

- Herøy kulturhus
- Idrettshallen
- Omsorgssenteret i Myrvåg
- Omsorgssenteret på Eggesbønes

# Oppfølging av tilsyn

## Arkivtilsyn

- Arkivverket hadde tilsyn med Herøy kommune sitt arkiv i 2022, der det kom tilsynsrapport med pålegg 17.11.22.
- Avdelinga har arbeidd systematisk med å vidareutvikle og forbetre internkontrollen opp i mot kommunen sin dokumentstrategi med mål om å lukke avvika.
- Arkivverket stadfesta d. 27.09.24 at avvika var lukka og at dei avslutta tilsynet.

# Forvaltningsrevisjon

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon gjennomførte forvaltningsrevisjon med tittelen "Innkjøp Herøy kommune". Rapporten frå Søre Sunnmøre Kommunerevisjon vart lagt fram for kommunestyret, og det vart fatta vedtak om at det skulle utarbeidast nytt innkjøpsreglement innan september 2023. Denne fristen vart det ikkje mogleg å halde.

I 2024 vart innkjøpslegementet ferdig utarbeida, og godkjend i kommunestyre d. 07.11.24.

# Eigarskapskontroll

- Ny Eigarskapsmelding vart handsama og vedtatt av kommunestyre 04.04.24.

## Personvern

Det Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal som har tatt på seg ansvar for å vere personvern-ombod. Denne rolla har dei hatt sidan våren 2023. Samtidig vart det oppretta ein kontaktperson for personvern i kommunen. Det har tatt litt tid å få den nye ordninga på plass, men aktiviteten knytt til arbeidet har i hovudsak gått som normalt. Herøy kommune sitt personvern-ombod skal også jobbe for at tilsette og innbyggjarar vert behandla i tråd med norsk lov.

## Etisk standard

Herøy kommune skal ha ein etisk standar med verdiar og normer som gjer at tilsette og innbyggjarar kjenner seg trygge på at vi leverer tenester innan for dei rammene som er forventa av oss. Dette inneber at vi i all sakshandsaming og i møte med interne og eksterne tenestemottakarar skal ha ei profesjonell og objektiv tilnærming i arbeidet. Til hjelp i dette arbeidet er det utarbeida ulike reglement og rettleiarar. Lokalt er desse dokumenta utarbeida:

- Etisk reglement for folkevalde og tilsette i Herøy kommune
- Verdi plattform for Herøy kommune
- Leiarplakat, medarbeidarplakat og serviceerklæring
- Retningslinjer for habilitet knytt til rekruttering og tilsetjingsforhold i Herøy kommune
- GDPR protokollar som gir informasjon om kva personopplysningar organisasjonen har informasjon om, kva desse vert brukt til og under kva lovverk desse vert heimla

I tillegg til dei som er nemnd over, er det og lasta opp dokument i Compilo som er utarbeida av sentrale styresmakter og KS som skal gjere informasjonen for tilsette og leiarar lett tilgjengeleg:

- Rettleiar for habilitet i kommunane
- "Veileder for gave i tenesten"
- Etikkportalen KS

Innføring av nye datasystem stiller nye og endra krav til oss både etisk og kunnskapsmessig. Ved at vi i større grad tek i bruk kunstig intelligens (KI) i arbeidet vårt, stiller dette krav til nye etiske rammer både til bruk og verifisering av data.

I arbeidet med kunstig intelligens (KI) er det i samarbeid mellom kommunane i Sjustjerna utarbeida forslag til retningslinjer for kunstig intelligens (KI). Dette er arbeid som er gjenstand for samarbeid, og det er difor jamlege møter mellom digitaliseringsleiarane i Sjustjerna der deltakarane deler erfaringar, set felles mål og stakar ut strategiske val.

## Internkontroll

# Kommunen sine tenesteområde

## Sektor verksemdstyring

### Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Eining | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| 11-Adm leiing | 2 652 | 3 010 | 2 420 | −590 |
| 12-Kommunikasjon | 1 673 | 1 994 | 2 513 | 519 |
| 13-Service | 4 139 | 4 670 | 4 822 | 153 |
| 14-Økonomi | 5 417 | 5 389 | 6 504 | 1 116 |
| 15-HR/HMS | 6 400 | 6 552 | 7 302 | 749 |
| **Sum** | **20 280** | **21 615** | **23 562** | **1 947** |

### Kommentar til status økonomi

Sektor for verksemdstyring hadde ein mindreforbruk (overskott) på nær 1,95 millionar kroner sett i høve til revidert budsjett. Ein viktig grunn til dette mindreforbruket er forsiktig bruk av pengar i alle avdelingane. Avdelingane er små og oversiktlege og det gjer at det er lettare å ha kontroll med kostnadane enn i mange andre avdelingar. I tillegg til det som er nemnt over, kjem mindreforbruket blant anna av at vi har motteke refusjon for sjukeløn utan at ein har nytta vikarar (omlag 0,27 millionar kroner), og at stillingar har vore vakante i periodar. Administrativ leiing hadde eit meirforbruk som skuldast kostnadar i samband med barnbyttesaka (sjå kommentar under avdelinga).

Elles har avdelingane i verksemdstyring tatt den økonomiske situasjonen på alvor og vore forsiktige med pengebruken når det gjeld den generelle drifta (kurs, reiser, kjøp av inventar og utstyr) etc.

### Grafar Økonomi

#### Driftsutgifter og inntekter (graf)




**Detaljvisning drift (graf)**







## KOSTRA Nøkkeltal

## Kostra-analyse - Adm, styring og fellesutgifter

| | Herøy (M. og R.) 2023 | Herøy (M. og R.) 2024 | Ulstein | Ørsta | Volda | Hareid | Kostragruppe 01 | Landet |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | | | | |
| Brutto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb (B) | 6 187 | 5 526 | 6 603 | 6 381 | 7 267 | 9 389 | 7 393 | 6 338 |
| Brutto driftsutgifter til funksjon 100 Politisk styring , i kr. pr. innb (B) | 536 | 414 | 470 | 461 | 507 | 617 | 611 | 419 |
| Brutto driftsutgifter til funksjon 110, Kontroll og revisjon, i kr. pr. innb (B) | 172 | 183 | 183 | 135 | 152 | 250 | 206 | 138 |
| Brutto driftsutgifter til funksjon 120 Administrasjon, i kr. pr. innb (B) | 4 675 | 4 175 | 4 603 | 5 080 | 5 046 | 5 168 | 5 534 | 4 727 |

| | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Brutto driftsutgifter til funksjon 121, Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen, i kr. pr. i (B) | 472 | 402 | 794 | 351 | 1 180 | 1 236 | 428 | 489 |
| Brutto driftsutgifter til funksjon 130 Administrasjonslokaler, i kr. pr. innb (B) | 332 | 352 | 552 | 354 | 382 | 2 118 | 615 | 565 |
| Brutto driftsutgifter til funksjon 180 Diverse fellesutgifter, i kr. pr. innb (B) | 52 | 803 | 6 | 271 | 215 | 1 | 100 | 232 |
| Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i prosent av totale netto driftsutg (B) | 6,2 % | 5,4 % | 6,0 % | 6,3 % | 5,4 % | 6,6 % | 6,9 % | 5,8 % |

Herøy kommune har brukt relativt lite av sine økonomiske ressursar opp mot administrasjon i 2024. Talet på årsverk er noko redusert, samt at ein har brukt lite til drift av det administrative apparatet (kurs, møter, inventar med meir).

Det gjer at kostnadane målt mot 2023 er lave og i tillegg har vi brukt mindre til administrasjon enn mange av våre nabokommunar.

## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 1,94 % | 2,75 % | 4,69 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 1,07 % | 2,07 % | 3,14 % |
| Årleg sjukefråvær 2024 | 0,22 % | 1,81 % | 2,03 % |

## Adm leiing

### Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Eining | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| Sum | 2 652 | 3 010 | 2 420 | −590 |

### Kommentar til status økonomi

Administrativ leiing hadde eit meirforbruk i 2024 på omlag 590 000 kroner. Grunnen til dette skuldast kostnadar i samband med kjøp av juridisk bistand. Dette gjeld spesielt i barnbyttesaka og rettsaka som var i Oslo i november.  Herøy kommune har motteke skjønsmidlar frå Statsforvaltaren knytt til dette, men det er inntektsført under rammetilskottet.  i tillegg vart kommunen tilkjent sakskostnadar (ioverkant av 400.000 kroner) i denne rettssaka, men ein ynskjer å avvente innkrevjinga av dette til etter at ankesaka er handsama hausten 2025.

## Grafar Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




### *Detaljvisning drift (graf)*







## Kommunikasjon

### Beskriving av tenesteområde

Arbeidet i kommunikasjonsavdelinga femner om å

- planlegge og gjennomføre kommunikasjonstiltak som støttar arbeidet i tenestene
- gi kommunikasjonsfaglege råd til leiarar og tilsette, både til dagleg og i kriser
- utvikle og halde ved like hovudnettstaden til kommunen og intranettet
- følgje opp nettstadane til skulane, barnehagane, biblioteket og Herøy produksjon
- lage innhald i sosiale medium og annonser
- gi språkråd og -rettleiing internt og fremje klarspråkarbeidet
- ta del i kriseleiinga og legge til rette for beredskapsarbeidet i kommunen

- forvalte den grafiske profilen til kommunen

Arbeidet i avdelinga bygger blant anna på

- kommunelova, som seier at kommunane skal aktivt informere alle
- språklova, som pålegg kommunane å nytte eit klart og korrekt språk
- likestillings- og diskrimineringslova, som seier at IKT skal vere universelt utforma
- kommunikasjonsstrategien til kommunen, som er vedteken av kommunestyret

Frå 1. august 2024 og ut året var kommunikasjonsavdelinga og serviceavdelinga midlertidig samla.

## Overordna mål

Kommunikasjonsstrategien er vedteken i kommunestyret. Strategien inneheld kommunikasjonsmåla til kommunen. Måla seier at kommunikasjonsarbeidet skal

- bidra til å gi innbyggarane innsikt i kommunen sine tilbod og tenester
- motivere til deltaking og medverknad
- gi tilpassa informasjon i eit klart språk til ulike målgrupper
- vere eit verktøy for å sikre framtidig arbeidskraft og stabil folketalsutvikling
- vere eit verktøy for å sikre interne arbeidsprosessar, skape ein god kultur og auke motivasjonen blant dei tilsette
- styrke kommunen sin truverd og legitimitet
- vere eit viktig verktøy ved kriser
- ha rask, open og tillitsskapande kommunikasjon med målgruppene

## Utvalde resultat

Tenestene til kommunikasjonsavdelinga er etterspurde. Sektorane og avdelingane i kommunen brukar i aukande grad kommunikasjon som eit strategisk verktøy i arbeidet – i tett samspel med kommunikasjonsavdelinga.

Tilbakemeldingane tilseier at det å satse på kommunikasjonsarbeidet gir positive effektar. Når arbeidet i sektorane og avdelingane blir meir synleg for fleire, gir det gode ringverknadar både internt og eksternt. Gjennom dei ulike kanalane når vi ut til svært mange.

Sjå elles det neste avsnittet.

## Viktige hendingar

Innføringa av stillinga som digitaliseringsleiar var den største satsinga innanfor kommunikasjonsavdelinga i 2024.

Vi delte ut kommunikasjonsprisen for 2023 i april. Prisen gjekk til Herøy brann og redning.

I 2024 lanserte vi ein førebyggande kampanje der seksjon for rehabilitering gir råd til innbyggarar over 65 år.

Arbeidet med å revidere den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen til kommunen prega den første delen av året.

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Eining | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| Sum | 1 673 | 1 994 | 2 513 | 519 |

## Kommentar til status økonomi

Rekneskapen viser eit mindreforbruk. Vi har spart utgifter der det var mogleg. Mindreforbruket på lønn må sjåast i samanheng med redusert bemanning i etter samlinga av avdelingane kommunikasjon og service frå august.

## Oppsummering tiltak

Frå august var avdelingane kommunikasjon og service samla.

## Økonomistatus per konto

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Rekneskap 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 1 660 | 2 230 | 2 280 | 1 910 | 369 |
| **Sum Lønn** | **1 660** | **2 230** | **2 280** | **1 910** | **369** |
| Drift | 143 | 234 | 234 | 81 | 153 |
| Kjøp av produksjon | 0 | 0 | 0 | 3 | −3 |
| Overføringer | 32 | 20 | 20 | 19 | 1 |
| Finansutgifter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum Utgifter** | **174** | **254** | **254** | **103** | **151** |
| Brukerbetaling | −7 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Refusjoner | −155 | −20 | −20 | −19 | −1 |
| **Sum Inntekter** | **−162** | **−20** | **−20** | **−19** | **−1** |
| **Netto resultat** | **1 673** | **2 463** | **2 513** | **1 994** | **519** |

## Grafar Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




***Detaljvisning drift (graf)***







## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 1,54 % | 0,00 % | 1,54 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 1,19 % | 0,00 % | 1,19 % |
| Årleg sjukefråvær 2024 | 0,98 % | 0,00 % | 0,98 % |

## Service

### Beskriving av tenesteområde

Vi er kommunen si serviceeining både overfor innbyggarane, politikarane i kommunen og internt for dei andre tilsette. All kontakt frå innbyggarane inn til kommunen, som ikkje naturleg skjer til driftseiningane går anten via sentralbordet eller ved fysisk oppmøte til servicetorget.

Avdelinga utøver tenester for andre avdelingar i samsvar med inngåtte samarbeidsavtaler mellom avdelingane.

Teneste-/ansvarsområde:

- sentralbord og ansvar for telefonsystemet i kommunen
- resepsjonsteneste
- generell informasjon
- individuell informasjon
- sakshandsaming
- ansvarleg for kommunen sitt arkiv- og sakshandsamingssystem
- matrikkelføring
- fakturering ein del kommunale avgifter
- sakshandsaming etter særlover

Under avdeling service ligg også politisk sekretariat og dokumentsenter.

Politisk sekretariat har sekretær- og servicefunksjonar for ordførar, kommunestyret, formannskapet, utval og andre fokevalde organ. Dokumentsenteret har ansvar kommunen sitt arkiv og handtering av post. I dette ligg også ansvaret for kommunen sitt sak- og arkiv system, drifting og opplæring i bruk av dette samt drift av alle digitale postløysingar.

Frå 1. august 2024 og ut året var kommunikasjonsavdelinga og serviceavdelinga midlertidig samla.

## Overordna mål

Avdelinga sine overordna mål er å yte service til kommunen sine innbyggarar, politikarar og kommunen sine tilsette.

God drift av sak-/arkivsystemet og god flyt av all informasjon i kommunen er ein viktig føresetnad for at alle tilsette skal få jobbe effektivt.

## Utvalde resultat

Sjå neste avsnitt.

## Viktige hendingar

Vi reviderte alkoholpolitisk handlingsplan i 2024. Deretter saksbehandla vi alle sals- og skjenkeløyva i kommunen.

Arkivtilsynet med kommunen blei avslutta våren 2024. Arbeidet med tilsynet har gitt oss betre oversikt over kva materiale som finst i organisasjonen.

Vi koordinerte arbeidet i organisasjonen med å oppdatere reglement og styringsdokument.

Avdelinga la hausten 2024 om til ny innsynsløysing, der offentlegheita får innsyn i postlista, saker og politiske møtedokument. Postlista er fulltekstpublisert, det vil seie at dokument som ikkje er unnatekne offentleg innsyn, ligg ute.

Den såkalla babybyttesaka, der Herøy kommune og staten er saksøkt, gjekk for Oslo tingrett i november 2024. Saka kravde store ressursar frå avdelinga gjennom året.

Vi rekrutterte fagleiar for arkiv på slutten av året.

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Eining | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| Sum | 4 139 | 4 670 | 4 822 | 153 |

## Kommentar til status økonomi

Rekneskapen viser i alt eit mindreforbruk. Ein årsak er at vi har fått ikkje-budsjetterte tilskot.

## Økonomistatus per konto

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Rekneskap 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 4 491 | 4 276 | 4 384 | 4 601 | −217 |
| Refusjon lønn | −68 | 0 | 0 | 2 | −2 |
| **Sum Lønn** | **4 423** | **4 276** | **4 384** | **4 603** | **−219** |
| Drift | 377 | 555 | 555 | 362 | 193 |
| Kjøp av produksjon | 60 | 120 | 120 | 100 | 20 |
| Overføringer | 96 | 188 | 188 | 102 | 86 |
| Finansutgifter | 2 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum Utgifter** | **534** | **863** | **863** | **564** | **299** |
| Brukerbetaling | −458 | −75 | −75 | −61 | −14 |
| Refusjoner | −295 | −265 | −265 | −361 | 96 |
| Overføringer | −65 | −85 | −85 | −75 | −10 |
| **Sum Inntekter** | **−819** | **−425** | **−425** | **−498** | **73** |
| **Netto resultat** | **4 139** | **4 714** | **4 822** | **4 670** | **153** |

## Grafar Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




***Detaljvisning drift (graf)***







## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 1,28 % | 0,00 % | 1,28 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 0,80 % | 3,64 % | 4,44 % |
| Årleg sjukefråvær 2024 | 0,10 % | 0,00 % | 0,10 % |

## Økonomi

### Beskriving av tenesteområde

Vi er ansvarlege for i alt sju rekneskap. I tillegg til kommunen sin rekneskap kjem

- Herøy kyrkjelege fellesråd
- Tre sokn

- Sande kyrkjelege fellesråd
- Opplæringskontoret (lærlingar). Dette vart avslutta per 01.10.2024 då rekneskapsføringa vart overtatt av eit privat rekneskapskontor.

Vidare har vi ansvaret for rapportering av blant anna meirverdiavgift og KOSTRA (kommune-stat-rapportering). I tillegg kan vi nemne

- fakturering
- innkrevjing av kommunale krav
- budsjett, økonomiplan, tertialrapportar for økonomi og finans
- ALT INN
- startlånssøknar
- innkjøp.

Det aller meste av dette vert styrt av lovverk og tidsfristar.

Ei stor arbeidsmengde fordelt på få tilsette gjer at det er mange arbeidsoppgåver vi ikkje får gjennomført slik vi ynskjer. Blant anna saknar vi ressursar knytt til oppfølging og kontroll.

### Overordna mål

Økonomiavdelinga sine overordna mål er å yte service til kommunen sine innbyggarar og tilsette. Vidare er målsetjinga at vi skal vere mest mogeleg ajour til ei kvar tid og at rapporteringar skal skje innan frist.

Avdelinga skal arbeide for at avdelingane ute skal ha god økonomikontroll og vi skal gjere vårt beste for at økonomiske rapporteringar skal vere gode og at dei skal vere eit godt grunnlag for politiske prioriteringar.

### Utvalde resultat

Av eit netto driftsbudsjett på nær 6.500.000 kroner nytta vi omlag 5.390.000 kroner. Mindreforbruket på i nær 1.115.000 kroner skuldast sjukelønsrefusjonar, høgare driftsinntekter enn budsjettert samt at avdelinga sparte det ein kunne på andre driftskostnadar.

### Viktige hendingar

Året 2024 var første året kommunen nytta Framsikt sin politikarmodul i budsjettarbeidet. Dette fungerte greit, men det er potensial for forbetringar.

### Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Eining | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| Sum | 5 417 | 5 389 | 6 504 | 1 116 |

### Kommentar til status økonomi

Økonomiavdelinga leverte eit mindreforbruk på 1 116 000 kroner i 2024. Dette utgjer omlag 17% av eit totalt budsjett på 6 500 000 kroner. Lønskostnadane vart noko mindre enn budsjettert. Det skuldast bl.a. sjukelønsrefusjonar. I tillegg hadde ein mindreforbruk på mest alle postane i driftsbudsjettet.

## Økonomistatus per konto

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Rekneskap 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 5 527 | 5 834 | 5 329 | 5 160 | 169 |
| Refusjon lønn | −99 | 0 | 0 | −106 | 106 |
| **Sum Lønn** | **5 428** | **5 834** | **5 329** | **5 054** | **275** |
| Drift | 707 | 1 301 | 1 301 | 614 | 686 |
| Kjøp av produksjon | 74 | 200 | 200 | 64 | 136 |
| Overføringer | 107 | 165 | 165 | 79 | 86 |
| Finansutgifter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum Utgifter** | **888** | **1 666** | **1 666** | **757** | **908** |
| Brukerbetaling | −790 | −325 | −325 | −339 | 14 |
| Refusjoner | −109 | −165 | −165 | −84 | −81 |
| **Sum Inntekter** | **−899** | **−490** | **−490** | **−423** | **−67** |
| **Netto resultat** | **5 417** | **7 010** | **6 504** | **5 389** | **1 116** |

## Grafar Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




### *Detaljvisning drift (graf)*







## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 2,10 % | 7,06 % | 9,16 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 1,86 % | 2,69 % | 4,54 % |
| Årleg sjukefråvær 2024 | 0,13 % | 4,59 % | 4,72 % |

## Sjukefråvær per månad

| Type | Område/eining | Jan | Feb | Mars | April | Mai | Juni | Juli | Aug | Sept | Okt | Nov | Des | Totalt i år | Denne månad i fjor | Totalt i fjor |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Korttid | Rekneskap | 0 % | 0 % | 0 % | 2,11 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0,16 % | 0 % | 2,19 % |
| Langtid | Rekneskap | 0,51 % | 0 % | 0 % | 0 % | 30,84 % | 29,07 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 6,94 % | 2,84 % | 5,20 % | 11,63 % | 3,30 % |

| Type | Område/eining | Jan | Feb | Mars | April | Mai | Juni | Juli | Aug | Sept | Okt | Nov | Des | Totalt i år | Denne månad i fjor | Totalt i fjor |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Samla** | **Rekneskap** | **0,51 %** | **0 %** | **0 %** | **2,11 %** | **30,84 %** | **29,07 %** | **0 %** | **0 %** | **0 %** | **0 %** | **6,94 %** | **2,84 %** | **5,35 %** | **11,63 %** | **5,49 %** |
| Korttid | Innkjøp | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0,40 % |
| Langtid | Innkjøp | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 20,0 % | 5,45 % | 1,89 % | 0 % | 0 % |
| **Samla** | **Innkjøp** | **0 %** | **0 %** | **0 %** | **0 %** | **0 %** | **0 %** | **0 %** | **0 %** | **0 %** | **0 %** | **20,0 %** | **5,45 %** | **1,89 %** | **0 %** | **0,40 %** |
| Korttid | Sum sjukefråvær | 0 % | 0 % | 0 % | 1,72 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0,13 % | 0 % | 1,86 % |
| Langtid | Sum sjukefråvær | 0,41 % | 0 % | 0 % | 0 % | 25,02 % | 23,58 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 9,20 % | 3,29 % | 4,59 % | 9,43 % | 2,69 % |
| **Samla** | **Sum sjukefråvær** | **0,41 %** | **0 %** | **0 %** | **1,72 %** | **25,02 %** | **23,58 %** | **0 %** | **0 %** | **0 %** | **0 %** | **9,20 %** | **3,29 %** | **4,72 %** | **9,43 %** | **4,54 %** |

## HR/HMS

### Beskriving av tenesteområde

HR/HMS-avdelinga skal vere med å bygge opp under og trygge drifta av organisasjonen. Arbeidet femner om å

- planlegge og gjennomføre aktivitetar knytte til HR, HMS og løn
- gi opplæring og råd til leiarane
- vere med på å utvikle, drifte og halde ved like fagsystema som sorterer under avdelinga
- vareta og vidareutvikle internkontrollen og kvalitetsarbeidet som sorterer under fagområdet
- medverke i endringsprosessar og organisasjonsutvikling
- sikre eit inkluderande arbeidsliv (IA) gjennom oppfølging av sjukefråvær, HMS og bedriftshelseteneste
- vere med i organisasjonsanalyse, rekrutteringsprosessar, lønsfastsetjing og lønsforhandling
- arbeidsgjevarpolitikk

Arbeidet i HR/HMS avdelinga bygger på

- kommunelova, som legg føringar når det gjeld internkontroll og rekruttering
- arbeidsmiljølova, Hovudavtalen og Hovudtariffavtalen
- likestillings- og diskrimineringslova, om like rettar for tilsette og ved rekruttering
- forvaltningslova og offentleglova
- arbeidsgjevarpolitikk, retningslinjer og reglement

### Overordna mål

HR/HMS-avdelinga skal vere med bygge opp under dei overordna måla i organisasjonen, og bidra til at arbeidsgjevarar og tilsette får utføre dei tenestene som organisasjonen skal levere. Avdelinga er i så måte ein intern tenesteleverandør, som ikkje påverkar tenestene direkte.

Dei overordna måla til organisasjonen krev at HR/HMS-avdelinga er i stand til å følgje ambisjonsnivået til organisasjonen sine strategiske kjernar, og kan tilby tenester som svarar til desse.

Mykje av arbeidet som føregår i HR/HMS-avdelinga er knytt til ikkje kvantifiserbare storleikar, men kvalitative problemstillingar og handlar om rammevilkår på arbeidsplassen og arbeidsgjevarpolitikken til organisasjonen. Viktige mål knytt til dette arbeidet er:

- å sikre at lov og avtaleverk som sorterer under fagområde vert halde
- å sikre at rettar og plikter vert i varetatt
- at organisasjonen sikrar eit inkluderande arbeidsliv og ivaretek helse, miljø og tryggleik på arbeidsplassane
- å følgje opp internkontroll
- å skape føreseielege rammer for tilsette å leiarar

Nokre delmål:

- Redusere sjukefråværet og nå mål om åtte prosents sjukefråvær
- Redusere avvik på feil utbetalingar av løn
- Minimere tap av refusjonsinntekter frå Nav
- 100 prosents lønskontroll
- Redusere talet på tilsette som har ufrivillig deltid

## Utvalde resultat

- Talet på rekrutteringar har gått ned. Det vart tilsett 125 personar i 2024. Året før var talet 191.
- Det systematiske arbeidet knytt til lønskontrollar er framleis høgt i 2024 og ligg i gjennomsnitt på om lag 90 prosent.
- Fleire manuelle lønsbilag har blitt digitalisert, der i blant møtegodtgjersle for folkevalde og alle fagforeining-trekk.
- Dei aller fleste eigenmeldingsskjema har vorte digitalisert.
- Sjekklister for "onboarding" og vernerundar sett i system har blitt godt innarbeidd i 2024.
- Lokale lønsforhandlingane som vart gjennomført hausten 2024 vart gjennomført utan brot.

## Viktige hendingar

HR/HMS-avdelinga fekk ved inngangen til april 2024 ny HR/HMS-medarbeidar, noko som har styrka arbeidet både internt i avdelinga og dei tenestene som blir levert ut i organisasjonen. Vår nye tilsette har hatt ei god læring-skurve, samtidig som avdelinga har fått utvida kompetansefeltet sitt. . Med ny medarbeidar har "onbording" vore ein del av kvardagen, og vi har fått høve til å prøvd ut "eigne" sjekklister for tilsetjing, dele erfaringar og kunnskapar og få nye perspektiv inn i arbeidet og tenestene våre.

Nye tilsette gir også grunnlag for å sjå på organisering og fordelinga av arbeidsoppgåver med nye auge. Dette har medført litt endringar i arbeidsoppgåver for alle på vår vesle avdeling.

Mot slutten av året sat vi att med berre ein lønsmedarbeidar. Etter kartlegging og vurdering av moglegheiter, vart det fatta avgjerd om å inngå samarbeid med Visma om kjøp av lønstenester for å utføre deler av arbeidet med løn og refusjonar. Samarbeidet vert effektuert frå april neste år.

Aktivitetar og hendingar:

- Arbeidet med ny arbeidsgjevarstrategi starta opp at. Nytt permisjonsreglement vart godkjend i administrasjonsutvalet 19.06.24.

- Det er utarbeidd nye arbeidsavtalar i tråd med nytt lovverk i Arbeidsmiljølova. Arbeidsavtalane trådde i kraft 01.07.24.
- Det er utarbeidd nye arbeidsavtalar både for faste og midlertidig tilsette.
- Arbeidsavtalane har vedlegg med IKT-reglement, permisjonsreglement, etisk reglement og kompetanseplanar i tillegg til signering av teieplikt.
- Det er gjennomført undervisning på fagdagar i pleie og omsorg om sjukefråvær og samarbeid mellom arbeidstakar og arbeidsgjevar (medverknadsplikt og tilretteleggingsplikt).
- Det er innført faste møte mellom HR/HMS-konsulent ( sikkerheitsansvarleg) og digitaliseringsleiar for samarbeid om IT-sikkerheit, arbeid med internkontroll, samt tekniske og organisatoriske løysingar.
- Det er etablert faste møte for HR/HMS-arbeid for å organisere og fordele oppgåver, og for å følgje opp operative og langsiktige oppgåver og planar.
- Pleie og omsorg, bu og habilitering og reinhald har i samarbeid med HR/HMS-avdelinga implementert ressursstyringssystemet Visma Flyt. Prøvekøyring av løn med leveransar frå turnus-systemet fann stad i desember 2024.

Avslutningsvis er det gledeleg å kunne melde at årets arbeidsmiljøpris var tildelt Ytre Herøy ungdomsskule. Arbeidsmiljøprisen har vorte ein god tradisjon, der eit lite bidrag er med på å vise at godt arbeidsmiljø blir verdsett og er viktig for kvar enkelt av oss.

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Eining | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| Sum | 6 400 | 6 552 | 7 302 | 749 |

## Kommentar til status økonomi

Ansvara som sorterer under HR/HMS-avdelinga gav samla sett eit positivt årsresultat på nær 750.000 kroner. Dette skuldast i hovudsak at forbruk knytt til felleskostnader er langt mindre enn budsjettert. Det er under felleskostnader ikkje brukt pengar til opplæring og kurs, og berre ein liten del til velferdstiltak i 2024. Refusjon av inntekter er også høgare enn forventa.

For HR/HMS-avdelinga isolert vart resultatet eit meirforbruk. Dette skuldast i hovudsak kostnader knytt til løn.

Tala for verneteneste og tillitsvalde gjekk om lag i null.

## Økonomistatus per konto

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Rekneskap 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 5 688 | 5 307 | 5 427 | 5 624 | −197 |
| Refusjon lønn | −28 | 0 | 0 | −28 | 28 |
| **Sum Lønn** | **5 660** | **5 307** | **5 427** | **5 597** | **−170** |

| | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Rekneskap 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| Drift | 2 024 | 2 940 | 2 940 | 2 798 | 142 |
| Kjøp av produksjon | 340 | 0 | 0 | 2 | −2 |
| Overføringer | 97 | 119 | 119 | 156 | −37 |
| Finansutgifter | 0 | 0 | 0 | 13 | −13 |
| **Sum Utgifter** | **2 462** | **3 059** | **3 059** | **2 968** | **91** |
| Brukerbetaling | −49 | −65 | −65 | −9 | −56 |
| Refusjoner | −1 673 | −1 119 | −1 119 | −2 004 | 885 |
| **Sum Inntekter** | **−1 721** | **−1 184** | **−1 184** | **−2 013** | **829** |
| **Netto resultat** | **6 400** | **7 182** | **7 302** | **6 552** | **749** |

## Grafar Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




### *Detaljvisning drift (graf)*







### Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 1,44 % | 1,48 % | 2,92 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 0,75 % | 1,08 % | 1,84 % |
| Årleg sjukefråvær 2024 | 0,22 % | 1,97 % | 2,18 % |

## Sektor kultur og oppvekst

### Beskriving av tenesteområde

Sektor for kultur og oppvekst femner om tenesteområda

- barnehage
- grunnskule

- vaksenopplæring
- pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)
- kulturskule
- flyktningtenesta
- kulturtilbod for alle aldrar

Tenestene er underlagde fleire lov- og regelverk som barnehagelova, opplæringslova, integreringslova og kulturlova.

Verksemda vår er i stor grad nasjonalt styrt gjennom detaljerte rettar og plikter i lovverka.

Det vart busett 85 flyktningar i 2024.

Samfunnsplanen til kommunen er viktig og styrande for dei strategiske vala vi gjer for utvikling av sektoren.

## Overordna mål

Sektor for kultur og oppvekst styrer etter måla i samfunnsplanen: trivsel, miljø, samhald og nyskaping. Vidare følger vi måla i lokale planar for avdelingane i sektoren. Alle avdelingane har kommunen sin visjon og overordna mål med seg i arbeidet for auka livskvalitet, læring og meistring og god folkehelse – basert på sine perspektiv og lovverk. Vi skal på alle måtar jobbe mot utanforskap og for inkludering og deltaking.

Kulturavdelinga legg til rette for eit mangfaldig og variert kulturtilbod, der ein kan møte andre gjennom meiningsfulle aktivitetar og opplevingar. Herøy kulturskule har som mål å forbetre oppvekstvilkåra i Herøy kommune ved å tilby eit stimulerande, støttande og kunstnarisk miljø for barn og unge.

Vi har planar for  trygge miljø i barnehagen og gode elev- og læringsmiljø i grunnskulen og skulefritidsordninga. Den pedagogisk-psykologiske tenesta støttar opp under arbeidet. Herøy kommune skal klare å tilby alle som har rett til plass i barnehage, plass i samordna opptak, slik vi klarte i 2024. Målet er at vi i både barnehage og grunnskuleløpet saman med foreldra og laget rundt barna skaper robuste barn og ungdom som meistrar liva sine og lukkast i vaksenlivet. Kvalifiseringssenteret sine elevar skal kunne gjennomføre sine rettar og plikter innan sine tidsfristar.

Vi involverer fleire viktige bidragsytar i det tverrfaglege laget kring barn, unge og vaksne i Herøy kommune, for å lukkast med betre tverrfagleg samhandling (BTS).

Dei overordna målsettingane krev i stor grad langsiktige, systematiske og målretta satsingar som går over lang tid. Både barnehagane og grunnskulane har planar som går over 4–5 år, basert på nasjonale lovverk og planar.

## Utvalde resultat

Alle barn og unge i Herøy skal oppleve å ha eit godt oppvekstmiljø. Tenesteområda i sektoren jobbar i lag for å legge til rette og sikre gode oppvekstmiljø. I Kommunebarometeret publisert i september 2024 var herøyskulen falle frå nummer 8 til nummer 54 i landet. Det er dei samme faktorane som bidreg positivt; høge trivselstal frå elevundersøkinga og kompetansen mellom tilsette. Det gjer vi gjennom å bygge kompetanse for leiarar og tilsette, slik at alle skal sjå si rolle i det viktige arbeidet for barn og

unge. Det som dreg ned i 2024 er grunnskolepoeng og gjennomføring av vidaregåande utdanning, som ser ut til å vere varierande mellom åra.

Det er stor interesse for å søkje barnehageplassar gjennom året, på tross av nedgang i fødselstala i Herøy kommune. Det er tilflyttarar frå andre kommunar og flyktningar.

Nasjonale prøver viser ei positiv utvikling på fleire område i 2024. Vi vektlegg særleg utviklinga i leseferdigheiter, sidan dette er eit så viktig satsingsområde.

I 2024 har Herøy vore med i kompetanseløftet for spesial-pedagogikk og inkluderande praksis. I denne satsinga har PPT ei todelt rolle der dei sjølve skal få ei kompetanseheving, samtidig som dei skal bidra til at tilsette i barnehagar og skular hevar sin kompetanse. Implementering av ny opplæringslov har også hatt stor merksemd.

Kvalifiseringssenter for innvandrar starta 2024 med plan for busetting av inntil 100 flyktningar. Året vart avslutta med resultatet 85 busette. I løpet av 2024  har kvalifiseringssenteret hatt over 250 elevar innom på norskopplæring , og vi har 4 undervisningsgrupper på kveldstid.

I 2024 har Kulturskulen hatt seks store konsertar og mange mindre elevkonsertar. Vi har også feira at Herøy kulturskule fylte 50 år i 2024 gjennom heile året.

Det har vore stor aktivitet i biblioteket gjennom året, med  36 arrangemen der 26 var retta mot barn og unge. Det vart arrangert mange høgtlesingar for barnehagebarn, fleire forfattarbesøk, Sommarles, shared reading og bokbad for 5. klassingar.

Årets TV-aksjon gjekk i år til barnekreftforeninga, nytt av året var sentrumsløp og støttekonsert på Fosnavåg konserthus. Det vart samla inn totalt 975 146,- i Herøy kommune.

Alle frivilligsentralen sine vekentlege faste møteplassar er godt besøkt,der er deltakarar frå 0 – 96 år.

## Viktige hendingar

Det har vore mange viktige hendingar i sektoren i 2024.

Det har vore jubileumsår for Herøy Kulturskule, kino og konserthus.

Fosnavåg konserthus og kino feira 10 års jubileum med ein variert og flott jubileumshaust. Herøy kulturskule har markert sitt 50-års jubileum gjennom heile 2024.

På same tid har det vore eit tøft år i sektoren. Det vart stramma inn på alle område, og kvar leiar har måtte vere kreative og målretta for å klare å forvalte ressursane på best mogleg måte.

Sektoren fekk ny kommunalsjef i februar 2024, har redusert stillingar i kontoret og Folkehelsekoordinator er flytta over til Helse og omsorg frå og med desember.

Midt i store utfordringar på drift har sektoren løfta blikket og mot “Herøy 2040”.  Vi må sjå framover for sjå korleis sektoren vår kan løyse oppgåvene på meir effektive måtar, både i høve kostnadar men også i høve personale. Vi merkar allereie nedgang i søkjarar til ulike stillingar og oppretta på slutten av året dialog og planar med både høgskulen i Volda og Herøy vidaregåande skule. Rekruttering står på

agendaen i åra framover. Bygg og strukturar står også på lista over viktige strategiar. To store strukturendringar vart starta opp i 2024; Skulestruktursak og Jobbe mot interkommunalt PPT.

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Eining | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| 20-Kommunalsjef kultur og oppvekst | 3 262 | 845 | 1 785 | 940 |
| 21-Barnehageavdelinga | 87 390 | 95 371 | 90 097 | −5 275 |
| 22-Grunnskuleavdelinga | 123 149 | 128 926 | 117 984 | −10 943 |
| 23-PPT | 4 881 | 3 929 | 4 061 | 132 |
| 24-Kvalifiseringssenteret | −24 518 | −33 152 | −29 712 | 3 441 |
| 25-Herøy kulturskule | 4 134 | 4 538 | 4 122 | −416 |
| 26-Kulturavdelinga | 11 978 | 10 589 | 9 939 | −649 |
| 56-Herøy Gard | 1 254 | 1 192 | 1 568 | 376 |
| **Sum** | **211 528** | **212 238** | **199 844** | **−12 395** |

## Kommentar til status økonomi

**Samandrag:**

Sektor for kultur og oppvekst hadde i 2024 eit negativt avvik på -12,4 millionar kroner. Dette er høgt, og har fleire og samansette årsaker.

På grunn av fleire utfordringar i budsjettet for 2024 var det uråd å gi gode prognosar gjennom året.

Dei viktigaste årsakene til meirforbruket er:

**Løn: meirforbruk omlag - 8,7 millionar**

- Store forventa inntekter knytta til refusjon løn på -9,5 millionar, har sett særleg grunnskule og barnehagane i vanskar i høve behov for innleige av vikarar.
- Høgt sjukefråvær og stort behov for vikarar i somme avdelingar
- Manglande budsjett for internoverføringar og gjennomføring av desse.

**Utgifter: meirforbruk omlag -7,1 millionar**

- ordinære driftsutgifter har vore dyrare td. mat og straum, som ikkje var kompensert for i budsjettet.
- auka utgifter til barn med behov for og rett til styrka bemanning både i grunnskule og i SFO
- auka kostnader til spesialundervisning både i kommunale og private skular
- Barnehageavdelinga melde allereie ved starten av året eit negativt avvik på omlag -5,4 millionar kroner på grunn av auka tilskot til private barnehagar. Dette med bakgrunn i nasjonale deflatorar som måtte reknast inn, jamfør statleg informasjon i desember 2023, og fleire barn i private barnehagar enn det som var kjent ved budsjettering

**Inntekter: meir inntekter enn forventa omlag 3.5 millionar**

- omlag 5 millionar mindre inntekter på brukarbetalingar enn forventa:
    - sentralt vedtak om gratis kjernetid i SFO, og der redusert foreldrebetaling ikkje vart tilstrekkeleg kompensert verken i 2023 eller 2024.
    - lågare inntekter frå billettsal i konserthus og kino enn det som var budsjettert
- Meir inntekter til flyktingearbeidet enn budsjettert for. Her har utgiftene også auka meir enn budsjettert, men vi ser eit mindreforbruk på omlag 3,4 millionar.
- Meir tilskotsmidlar og øyremerka overføringar frå staten, omlag 5 millionar.

## Oppsummering tiltak

**Tiltak:**

- Det har vore innkjøpsstopp og innsparingar i heile 2024. Samtidig som det har vore ein auke i barn med særlege behov for tilpassing. Sjølv om barnetalet skulle gå ned, vil det derfor ikkje automatisk bety lågare driftskostnader.
- I 2024 har det vore stort fokus på økonomistyring, og opplæring på leiarnivåa i sektoren held fram i 2025.
- HMS-arbeidet i høve arbeidsmiljø og sjukefråvær har fått stor merksemd. Samarbeid med NAV arbeidslivssenteret
- Handlingsrommet for å redusere driftsnivået har vore sterkt avgrensa slik sektoren er rigga idag, med mange skular, mange barnehagar, fleire kulturbygg med meir. Politisk sak kring skulestruktur vart starta i 2024 (og vart vedteke i 2025).
- Det har vore omsøkt fleire tilskot som ein har fått tilslag på i sektoren.
- Det har vore omsøkt støtte frå bedrifter og stiftingar som ein har fått tilslag på. Dette gjeld særleg kulturavdelinga og kulturskulen.

Sektoren er i stor grad styrt av nasjonale lover og forskrifter, særleg på barnehage og skule. Vi ser over tid, at sentrale “reformer” ikkje vert tilstrekkeleg kompenserte, og store deler av dei økonomiske konsekvensane må handterast lokalt.

## Grafar Økonomi

### Driftsutgifter og inntekter (graf)




**Detaljvisning drift (graf)**







## KOSTRA Nøkkeltal

## Kostra-analyse - Grunnskole

| | Herøy (M. og R.) 2023 | Herøy (M. og R.) 2024 | Ulstein | Ørsta | Volda | Hareid | Kostragruppe 01 | Landet |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | | | | |
| Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223) i prosent av samlede netto driftsutgif (B) | 23,1 % | 21,7 % | 25,7 % | 22,8 % | 21,9 % | 23,2 % | 23,7 % | 22,0 % |
| Netto driftsutgifter per innbygger (213) voksenopplæring (B) | 433 | 791 | 206 | 509 | 1 249 | 1 565 | 365 | 410 |
| Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år (B) | 123 092 | 119 484 | 141 118 | 123 370 | 126 796 | 125 032 | 127 536 | 120 049 |

| | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år (B) | 10 461 | 13 458 | 15 015 | 18 179 | 14 915 | 16 698 | 14 591 | 19 174 |
| Netto driftsutgifter til skolelokaler (222), per innbygger 6-15 år (B) | 20 731 | 20 993 | 19 014 | 23 163 | 29 471 | 15 686 | 24 306 | 24 809 |
| Netto driftsutgifter til skoleskyss (223), per innbygger 6-15 år (B) | 2 578 | 2 647 | 1 999 | 2 356 | 1 810 | 1 588 | 4 679 | 2 872 |
| **Produktivitet** | | | | | | | | |
| Driftsutgifter til inventar og utstyr (202), per elev i grunnskolen (B) | 1 884,9 | 313,9 | 765,9 | 807,1 | 320,5 | 775,2 | 793,3 | 941,2 |
| Driftsutgifter til undervisningsmateriell (202), per elev i grunnskolen (B) | 2 480 | 1 620 | 2 361 | 1 992 | 2 616 | 2 248 | 2 379 | 2 160 |
| Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn (B) | 12,3 | 11,7 | 11,0 | 11,9 | 11,4 | 12,9 | 12,0 | 12,6 |
| Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole (202), per elev (B) | 142 618,3 | 141 297,7 | 163 403,7 | 128 976,9 | 135 458,5 | 132 995,4 | 137 894,0 | 130 834,1 |
| Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskyss (202, 222, 223), per (B) | 167 098 | 167 012 | 183 100 | 156 409 | 169 338 | 147 415 | 173 124 | 161 184 |
| Korrigerte brutto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per komm. Bruker (B) | 30 074 | 27 122 | 35 819 | 36 307 | 31 798 | 35 282 | 33 297 | 37 748 |
| Lønnsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskyss (202, 222, 223), per elev (B) | 140 683,4 | 138 939,6 | 159 054,4 | 131 361,3 | 137 487,3 | 130 519,9 | 134 862,2 | 126 448,1 |
| **Dekningsgrad** | | | | | | | | |
| Andel elever i grunnskolen som får morsmålsopplæring (B) | 0,6 % | 0,0 % | 0,0 % | 2,0 % | 0,0 % | 0,9 % | 0,4 % | 2,1 % |
| Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning (B) | 7,7 % | 8,0 % | 5,4 % | 6,0 % | 5,7 % | 5,0 % | 9,6 % | 8,0 % |
| Andel elever i grunnskolen som får særskilt norskopplæring (B) | 5,6 % | 6,4 % | 8,4 % | 5,5 % | 6,7 % | 14,9 % | 5,2 % | 7,8 % |
| Andel elever med direkte overgang fra grunnskole til videregående opplæring (B) | 97,7 % | 96,5 % | 95,2 % | 100,0 % | 96,6 % | 95,2 % | 97,0 % | 96,6 % |
| Andel innbyggere 6-9 år i kommunal og privat SFO (B) | 68,7 % | 79,1 % | 65,6 % | 75,7 % | 76,9 % | 62,9 % | 67,6 % | 76,1 % |
| **Kvalitet** | | | | | | | | |
| Elevunders. 10. trinn - Mobbing på skolen (prosent) | 6,5 % | | | | | | | |
| Elevunders. 10. trinn - Trivsel | 4,0 | 4,0 | 4,1 | 4,3 | 3,9 | 4,1 | | 4,0 |
| Nasjonale prøver 5. trinn: Regning | 46,0 | 47,0 | 51,0 | 47,0 | 51,0 | 50,0 | | 49,0 |
| Nasjonale prøver 8. trinn: Engelsk | 50,0 | 50,0 | 51,0 | 50,0 | 49,0 | 48,0 | | 50,0 |
| Nasjonale prøver 8. trinn: Lesing | 48,0 | 46,0 | 48,0 | 46,0 | 48,0 | 46,0 | | 49,0 |
| Nasjonale prøver 8. trinn: Regning | 49,0 | 45,0 | 49,0 | 47,0 | 47,0 | 47,0 | | 48,0 |
| Nasjonale prøver 9. trinn: Lesing | 52 | 51 | 55 | 52 | 53 | 51 | | 53 |
| Nasjonale prøver 9. trinn: Regning | 53 | 50 | 53 | 53 | 53 | 53 | | 52 |
| Standpunkt 10. trinn - Matematikk | 3,6 | 3,9 | 3,9 | 3,7 | 3,7 | 3,5 | | 3,7 |
| **Økonomi** | | | | | | | | |
| Korrigerte brutto driftsutgifter (213) voksenopplæring | 6 943 | 7 334 | 13 832 | 12 087 | 19 792 | 8 874 | 180 874 | 4 559 666 |
| **Grunnlagsdata (Nivå 3)** | | | | | | | | |
| Netto driftsutgifter til grunnskolesektor(202, 213, 215, 222, 223) | 160 331 | 157 161 | 184 013 | 212 301 | 206 127 | 107 052 | 5 399 140 | 99 416 460 |
| Netto driftsutgifter til voksenopplæring (213) | 3 885 | 7 142 | 1 823 | 5 623 | 13 898 | 8 326 | 101 924 | 2 298 662 |
| **Andre nøkkeltal** | | | | | | | | |
| Netto driftsutgifter (213) Voksenopplæring | 3 885 | 7 142 | 1 823 | 5 623 | 13 898 | 8 326 | 101 924 | 2 298 662 |

Grunnskuleområdet har ein markant nedgang i driftsutgifter frå 2023 til 2024 på 1,4 % poeng til 21,7%.

Kommunen ligg lågast av alle vi samanliknar oss med, unnateke Sande. Vi er 2% poeng lågare enn kommunegruppe 1 og 0,3% poeng lågare enn landet.

Samla viser den store reduksjonen på området også at rammetildelinga som vart kraftig overskride kan ha vore urealistisk.

Innafor grunnskuleområdet er det utgiftene til SFO som har auka, med omlag 3000 kr i kostnadar per innbyggar 6-9 år. Auken gjev likevel eit kostnadsbilete for vår SFO som er lågare enn alle nabokommunar, kommunegruppe 1 og landet.

Driftsutgifter til skulelokale handlar om løpande utgifter og hovudsakleg om ombygginga på kulturhuset til klasserom for Bergsøy skule 5-7. trinn og det gjev samla ein liten auke i 2024 i høve 2023 på 250 kr per innbyggar frå 6-15 år.

Skuleskyss har auka med omlag 80kr per innbyggar frå 6-15 år.

Når det gjeld kvalitet på tenestene er vi glade for at mobbe-prosenten er vekk samanlikna med i fjor. Det vert jobba godt med både førebygging og i dei aktuelle sakene som oppstår. Vidare vil resultat frå grunnskule bli grundig gjennomgått i Kvalitetsmeldinga for 2024.

Voksenopplæringa har auka utgifter og det heng saman med at det er større aktivitet på grunn av fleire med rettar til denne tenesta.

## Kostra-analyse - Barnehage

| | Herøy (M. og R.) 2023 | Herøy (M. og R.) 2024 | Ulstein | Ørsta | Volda | Hareid | Kostragruppe 01 | Landet |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | | | | |
| Netto driftsutgifter barnehagesektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (B) | 13,2 % | 13,7 % | 14,7 % | 14,8 % | 15,2 % | 12,8 % | 13,1 % | 13,9 % |
| Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager (B) | 198 655 | 215 748 | 216 872 | 230 422 | 251 505 | 212 201 | 222 403 | 225 078 |
| **Produktivitet** | | | | | | | | |
| Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage (B) | 191 676 | 191 696 | 203 389 | 210 784 | 221 114 | 219 350 | 205 735 | 216 530 |

| | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale barnehager per korrigert oppholdstime (kr) (B) | 88,6 | 88,7 | 94,4 | 97,6 | 102,4 | 101,8 | 95,3 | 100,2 |
| Korrigerte oppholdstimer per årsverk i kommunale barnehager (B) | 12 701 | 12 737 | 13 008 | 11 572 | 11 639 | 11 754 | 12 029 | 12 095 |
| **Dekningsgrad** | | | | | | | | |
| Andel barn 0 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 0 år (B) | 16,5 % | 16,7 % | 13,7 % | 6,3 % | 7,9 % | 5,1 % | 7,0 % | 5,5 % |
| Andel barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 1-2 år (B) | 99,4 % | 94,3 % | 99,5 % | 91,7 % | 95,3 % | 81,1 % | 90,1 % | 89,4 % |
| Andel barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 3-5 år (B) | 100,4 % | 99,7 % | 99,0 % | 98,7 % | 97,8 % | 97,8 % | 97,4 % | 97,4 % |
| Andel barn i kommunale barnehager i forhold til alle barn i barnehage (B) | 27,6 % | 27,4 % | 25,7 % | 62,2 % | 60,1 % | 54,6 % | 55,5 % | 51,9 % |
| Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til alle barn med barnehageplass (B) | 15,4 % | 15,2 % | 12,7 % | 8,7 % | 13,6 % | 21,1 % | 14,8 % | 20,5 % |
| **Kvalitet** | | | | | | | | |
| Leke- og oppholdsareal per barn i barnehage (m2) (B) | 5,8 | 6,0 | 5,0 | 5,8 | 6,3 | 6,4 | 6,2 | 5,9 |

Utgiftene til barnehageområdet heng saman med korleis vi er organisert og strukturert i tillegg til at antal born over og under 3 år spelar inn og kor mykje godkjent areal som er tilgjengeleg.

Utgiftene våre, som gir plass til omlag 25% av kommunen sine aktuelle born, er likevel lågare enn fleire nabokommunar, kostragruppe 1 og landet. Tilskot til private barnehagar vert også drive opp av kostnadane den kommunale strukturen gir oss, slik stoda er pr desember 2024.

Dei med rett til barnehageplass får plass og vi tildeler plassar utover dette så langt det er mogleg å få til. Faktorane som spelar inn er areal og tilgong på tilsette.

## Kostra-analyse - Kultur og idrett

| | Herøy (M. og R.) 2023 | Herøy (M. og R.) 2024 | Ulstein | Ørsta | Volda | Hareid | Kostragruppe 01 | Landet |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | | | | |
| Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner | 3 179 | 2 931 | 4 092 | 2 001 | 1 586 | 2 055 | 2 331 | 3 378 |
| Netto driftsutgifter til aktivitetstilbud barn og unge per innbygger 6-18 år (B) | 1 211 | 967 | 995 | 447 | 704 | 989 | 1 011 | 2 179 |
| Netto driftsutgifter til kommunale idrettsbygg per innbygger (B) | 596 | 599 | 1 945 | 793 | 422 | 678 | 517 | 884 |
| Netto driftsutgifter til kommunale kulturbygg per innbygger (B) | 863 | 689 | 34 | 194 | 58 | 0 | 291 | 422 |
| Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år (B) | 4 523 | 4 518 | 6 302 | 2 874 | 3 943 | 4 908 | 3 549 | 3 090 |
| **Produktivitet** | | | | | | | | |

| | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per bruker (B) | 20 090 | 20 815 | 24 088 | 21 393 | 23 345 | 19 883 | 22 769 | 26 093 |
| **Dekningsgrad** | | | | | | | | |
| Andel barn i gr.skolealder på venteliste til komm musikk- og kulturskole, av barn i alderen 6-15 år | 5,3 % | 4,0 % | 3,0 % | 3,9 % | 4,2 % | 3,8 % | 2,2 % | 3,3 % |
| Andel elever 6-15 år i kommunens kulturskole, av antall barn 6-15 år (B) | 25,8 % | 24,3 % | 31,8 % | 13,6 % | 17,5 % | 26,1 % | 15,1 % | 12,7 % |

I innsparingsåret 2024 gjekk også bruken av midlar på området kultur og idrett samal sett ned.

Vi ser også ein liten nedgang på tal elevar i kulturskulen med 0,3% poeng. Ventelista er lang men likevel 1,3 %poeng lågare enn i 2023 til 4% i 2024. Samanlikna med andre har vi litt høgare ande elevar på venteliste, men noko høgare enn både kostragruppe 1 med 2,2% og landet med 3,3%. Netto utgiftene til kulturskule gjekk  ned nokre få kroner medan brutto utgiftene auka litt.

Dekningsgrada på ande born i kulturskulen i Herøy kommune er 85,4 % og noko lågare enn hjå nabokommunar, kostragruppe 1 og landet. Her veit vi at ikkje alle som deltek i td. samspelsgrupper vert registrert likt.

## Kostra-analyse - Flyktninger og integrering

| | Herøy (M. og R.) 2023 | Herøy (M. og R.) 2024 | Ulstein | Ørsta | Volda | Hareid | Kostragruppe 01 | Landet |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Andre nøkkeltal** | | | | | | | | |
| Bosatte flyktninger per 1000 innbyggere (B) | 12,4 | 9,4 | 9,0 | 7,2 | 8,4 | 7,5 | 6,2 | 4,6 |
| Flyktninger - Anmodning om bosetting - antall personer | 110 | 100 | 130 | 125 | 130 | 75 | 2 632 | 37 000 |
| Flyktninger - Faktisk bosetting - antall personer | 111 | 85 | 80 | 80 | 94 | 40 | | 25 618 |
| Flyktninger - Faktisk bosetting - Prosent av anmodning (B) | 100,9 % | 85,0 % | 61,5 % | 64,0 % | 72,3 % | 53,3 % | 65,0 % | 69,7 % |
| Flyktninger - Vedtak om bosetting - antall personer | 110 | 100 | 80 | 90 | 100 | 75 | | 28 340 |
| Flyktninger - Vedtak om bosetting - Prosent av anmodning (B) | 100,0 % | 100,0 % | 61,5 % | 72,0 % | 76,9 % | 100,0 % | 74,2 % | 76,8 % |
| Innvandrere i arbeid (prosent) | 64,7 % | | | | | | | |
| Innvandrere i prosent av befolkningen | 12,8 % | 14,1 % | 15,6 % | 10,0 % | 12,0 % | 19,7 % | | 16,8 % |
| Tilskudd fra IMDi (kr) | 57 328 787 | 68 151 516 | 84 447 702 | 61 273 934 | 94 277 479 | 38 802 334 | 1 513 866 763 | 25 180 384 424 |

Både anmodning og andel busette flyktningar gjekk ned frå 2023 til 2024. Vi hadde 100 vedtak om busetting i 2024 og 14,1% av befolkninga er flyktningar per desember 2024, noko som er ein auke frå 2023. Det variera i kommunane nær oss, men det kan sjå ut som Herøy kommune bidreg med ei høgare prosentvis faktisk busetting enn alle rundt oss på 85%. Det gjer vi også samanlikna med kostragruppe 1, 65% og landet 69,7%.

## Samandrag status investeringar

Det er eit aktivt investeringsprosjekt knytta til grunnskuleavdelinga:

- Investering  nr 22101 - Inventar og utstyr grunnskule

Det vart sett delvis i stopp med kommunen sin innkjøpsstopp. Midlane som er brukte på 2024 er knytt til møblar og innreiing til det nye klasserommet, grupperomma og garderobane då biblioteklokala vart ombygd til elevareal for Bergsøy 5 - 7. Midlane som er ubrukt vert vidareført til 2025.

Det er tre aktive investeringsprosjekt knytta til kulturavdelinga:

- Investering  nr 22109-Prosjektor og lerret på konserthus
- Investering  nr 22110-Lydmiksar konserthuset
- Investering  nr 52211-Kino- Ny laserprosjektor

Alle investeringsprosjekta har stått uendra i 2024 på grunn av innkjøpsstopp. Midlane vert vidareført til 2025.

## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 2,76 % | 4,30 % | 7,05 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 2,32 % | 4,68 % | 7,00 % |
| Årleg sjukefråvær 2024 | 1,92 % | 5,61 % | 7,52 % |

## Kommunalsjef kultur og oppvekst

### Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Eining | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| Sum | 3 262 | 845 | 1 785 | 940 |

## Kommentar til status økonomi

Budsjett for område 20 Kommunalsjef kultur og oppvekst omfattar administrasjonen for sektoren, prosjektet BTS, opplevingskortet, folkehelsekoordinator og kontantkassa. Ei driftsløyving på 1 million kroner til utskifting av digitalt utstyr i grunnskulen, er også lagt inn under sentral styring.

Samla går ansvarsområdet med ei mindreforbruk, hovudsakleg grunna innkjøpsstopp.

## Grafar Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




### *Detaljvisning drift (graf)*







## Barnehageavdelinga

### Beskriving av tenesteområde

Barnehagelova er styrande for alt som skjer i barnehagane. § 1 i lov om barnehagar beskriv barnehagen sitt formål og innhald. Paragrafen slår fast at barnehagen mellom anna skal, i samarbeid og forståing med heimen, ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Rammeplanen for barnehagen er ei av forskriftene til lova, og planen beskriv korleis dette arbeidet skal skje ute i kvar barnehage. I Herøy kommune har dei kommunale og dei private barnehagane laga ein lokal rammeplan for perioden 2020–2024. Den lokale planen er også styrande for fokusområde til alle barnehagane. Eit anna lokalt styringsdokument er kommuneplanen (kapittelet om oppvekst og identitet).

Herøy kommune har fire kommunale og fem private barnehagar. I tillegg til å vere eigar av dei kommunale barnehagane i Herøy kommune, er kommunen også barnehagemynde overfor både dei kommunale og dei private barnehagane. Det er ei lovpålagd rolle.

I denne avdelinga er det også tilsett spesialpedagogar som yter tenester til barn i både kommunale og private barnehagar i kommunen.

I 2024 var det omlag 127 barn i dei kommunale barnehagane og 337 barn i dei private barnehagane. Dette er ein reduksjon på 11 barn frå 2023 per rapporteringsdato. Denne reduksjonen kan også ha samanheng med at barn under 3 år krev meir areal og bemanning enn barn over 3 år. Barnehagane samarbeider om internkontroll, kvalitetsutvikling og pedagogisk utvikling gjennom jamlege og felles styrarmøte.

I dei kommunale barnehagane var det totalt 33,8 årsverk pr. desember 24. I tillegg har vi 2,4 årsverk med spesialpedagogar. Dei årsverka er fordelte på både private og kommunale barnehagar. Vi har framleis utfordringar med rekruttering av pedagogar og fagarbeidarar.

Vi samarbeider med avdeling grunnskule og PPT, på eit overordna nivå, med å vidareutvikle leiarkompetansen i barnehage og skule. Det gjer vi gjennom eit felles prosjekt både kommunalt og interkommunalt. Målet er auka leiarkompetanse og eit felles støttande leiarlag.

## Overordna mål

Etter lov om barnehagar har kommunen plikt til at alle barn som har rett til plass i barnehage, får tilbod. Kravet er at barnet må vere busett i kommunen, fylle eitt år innan utgangen av november det året det vert søkt om barnehageplass, og søkje om plass til samordna opptak innan 1. mars.

Herøy kommune klarte å tilby alle som har rett til plass i barnehage, plass til samordna opptak i 2024. Dei barna som ikkje hadde rett til plass fekk også tilbod om dette.

## Utvalde resultat

Sjølv om fødselsprognosane går ned for Herøy, så opplever vi at fleire tek kontakt gjennom året og vil ha barnehageplass.

Vi har fått flyktningar til kommunen vår som får tilbod om barnehageplass, og vi har barn frå andre kommunar.

Vi har også gjennom året kontakt med potensielle tilflyttarar, og då vil dei vite om det er mogleg med barnehageplass. Dette har vore spesielt utfordrande i området som soknar til Myrsnipa barnehage. Der har vi hatt venteliste heile året. Vi kan tilby plass i andre barnehagar, men det er ikkje alle som takkar ja til det av praktiske årsaker.

## Viktige hendingar

Alle barnehagane i Herøy, både kommunale og private, har jobba ilag med kompetanseheving på språk i år også. Fokusområdet i 2024 har også vore satsing på alternativ og supplerende kommunikasjon (ASK). I denne satsinga har vi samarbeidd med Ulstein kommune, Sande kommune og Høgskulen i Volda. Den eksterne samarbeidsparten er Statped. Dette er eit samarbeid som har gått over fleire år, og barnehagane er delt inn i utviklingsgrupper på tvers av barnehagar og kommunar. Hausten 2024 starta

Herøybarnehagane på eit fellesprosjekt: felles førskuleplan. Denne skal utarbeidast etter same mal som leseplanen i skulen. På denne måten vil vi styrke barna i både overgangen og starten på skuletida si.

Maksprisen for barnehagar vart redusert frå 3 000 kroner til 2 000 kroner nasjonalt. Sidan Herøy kommune ligg i sentralitetssone 5, vart prisen redusert til 1 500 kroner for familiar som har barnehageplass i Herøy kommune.

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Eining | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| Sum | 87 390 | 95 371 | 90 097 | −5 275 |

## Kommentar til status økonomi

Meirforbruket i barnehageavdelinga i 2024 vart omlag -5,3 millionar kroner.

Det vart i starten av 2024 varsla om eit meirforbruk på omlag -5,4 millionar kroner knytta til tilskot til private barnehagar.

Etter barnehageopptaket viste det seg at det vart fleire barn i private barnehagar, som då har rett til tilskot. I 2024 endra maksprisen seg for barnehage til 1 500 kroner, og differansen frå tidlegare makspris skulle kompenserast til private barnehagar.

Utanom dette balansera kontoane for barnehageavdelinga samla sett.

## Oppsummering tiltak

For å redusere meirforbruket i 2024 er det sett inn følgjande tiltak:

- Vurdert nøye all vikarbruk
- Vurdert nøye alt av innkjøp
- Arbeidd systematisk med førebygging av sjukefråver, og oppfølging av sjukmeldte

Kommunen hadde også innkjøpsstopp frå hausten 24.

## Økonomistatus per konto

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Rekneskap 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 30 752 | 30 733 | 31 011 | 31 210 | −199 |
| Refusjon lønn | −1 818 | −1 500 | −1 500 | −1 618 | 118 |
| **Sum Lønn** | **28 934** | **29 233** | **29 511** | **29 592** | **−81** |
| Drift | 1 690 | 1 536 | 1 536 | 1 163 | 373 |
| Kjøp av produksjon | 63 076 | 66 590 | 66 590 | 72 584 | −5 994 |
| Overføringer | 292 | 271 | 271 | 232 | 40 |
| Finansutgifter | 285 | 0 | 0 | 231 | −231 |
| **Sum Utgifter** | **65 342** | **68 397** | **68 397** | **74 209** | **−5 811** |
| Brukerbetaling | −3 519 | −2 365 | −2 365 | −2 763 | 398 |
| Refusjoner | −2 417 | −1 265 | −1 265 | −2 833 | 1 568 |

| | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Rekneskap 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| Overføringer | −950 | −2 476 | −2 476 | −1 090 | −1 386 |
| Finansinntekter | 0 | −2 500 | −1 706 | −1 744 | 38 |
| **Sum Inntekter** | **−6 887** | **−8 606** | **−7 812** | **−8 429** | **618** |
| **Netto resultat** | **87 390** | **89 025** | **90 097** | **95 371** | **−5 275** |

## Grafar Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




### *Detaljvisning drift (graf)*







## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 3,93 % | 7,45 % | 11,38 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 3,47 % | 4,91 % | 8,39 % |
| Årleg sjukefråvær 2024 | 2,60 % | 8,80 % | 11,40 % |

# Grunnskuleavdelinga

## Beskriving av tenesteområde

Den offentlege grunnskulen har ansvar for å gje opplæringstilbod til alle barn i skulepliktig alder busette i Herøy kommune.

Kommunen har ansvar for spesialundervisning for elevar busette i Herøy som går på privatskulen Møre barne- og ungdomsskule.

Herøy har 7 grunnskular fordelte på 8 bygg.

For skuleåret 2023-24 er det tilsett 106 lærarar. Dette utgjer cirka 100 årsverk. I tillegg har vi tilsett 78 assistentar som totalt utgjer cirka 42 årsverk, og to sosialpedagogiske rådgjevarar på ungdomsskulane.

Alle tilsette i lærarstillingar har ved starten av skuleåret godkjend lærarutdanning. Utover året har dette blitt utfordrande i høve tilfang på vikarar.

Grunnskulen er ein god skule for barn og unge i kommunen vår. Her er dyktige leiarar, lærarar og assistentar som kvar dag gjer sitt yttarste for å barn skal få lære og utvikle seg. Fleire tilsette tek vidareutdanning, for å styrke seg endå meir fagleg. Det vert lagt stor vekt på å bygge profesjonsfellesskap på kvar skule, der tilsette deler og bygger kompetanse saman.

## Overordna mål

**Grunnskulane sitt mål for utviklingarbeid:**

Vi skal saman med foreldra og laget rundt barna skape robuste barn og ungdom som meistrar liva sine og lukkast i vaksenlivet.

Lokalt styringsdokument er strategi for grunnskulane 23 - 28.

**Målsetjingane for arbeidet i grunnskulen fram mot 2028 er:**

- Elevane skal ha det trygt og godt i skule og SFO.
- Elevane skal få god og tilpassa opplæring som møter deira behov.
- Elevane skal få lære gjennom å vere kreative, skapande og utforskande.
- Elevane skal få høve til å yte sitt beste innanfor rammene av skulefellesskapet.
- Skulane skal samarbeide tett med føresette, arbeidsliv og lokalsamfunn.
- Dei tilsette ved skulane skal danne profesjonelle læringsfellesskap som saman utviklar Herøyskulen.

## Utvalde resultat

Herøy-skulane har over fleire år hatt sterkt fokus på arbeidet for trygge miljø. Dette ser vi no resultat av. Fleirtalet av elevar rapporterer både i anonyme og ikkje-anonyme undersøkingar at dei har det bra. .

Statistisk har vi mykje lågare rapportering om mobbing og utrygt miljø enn omkringliggjande kommunar, fylket og landet. Det vil alltid oppstå saker der barn og unge er samla, men det er viktig at vaksne grip inn og hjelper elevane med å løyse problema.

Nasjonale prøver viser ei positiv utvikling på fleire område. Vi vektlegg særleg utviklinga i leseferdigheiter, sidan dette er eit så viktig satsingsområde.

For ytterlegare innsikt i resultat, viser vi til Kvalitetsmeldinga for grunnskulen 2024.

## Viktige hendingar

Arbeidet med å styrke lesedugleik hos elevane våre skjer i tett samarbeid med barnehagane i Herøy. Dei har i same periode har arbeidd med språk og språkutvikling som grunnlag for god leseopplæring når barna kjem over i skulen.

Grunnskulane har gjennom Desentralisert kompetanseordning for tilsette i grunnskulane arrangert kompetansenettverk for begynnaropplæring leia av vår eigen lærarspesialist i begynnaropplæring.

5. september gjekk startskotet for arbeidet med å forstå krav til endringar i praksis i forhold til omgrepa individuelt tilrettelagt opplæring, tilpassa opplæring og personleg assistanse.

Herøy kommune har i 2024 teke imot mange ukrainske flyktningar i grunnskulealder. Dette har lært oss mykje og utfordra oss på organisering i ein kommune med dårlege kollektivtilbod. I 2024 hadde vi intensive innføringstilbod for fleirspråklege barn på 6 av skulane våre.

I September 2024 vedtok kommunestyret å greie ut og legge til høyring strukturering i grunnskulane. Der ein greidde ut sosiale, faglege og økonomiske konsekvensar av å slå saman ungdomstrinn til 1 skule og slå saman barnetrinna På Moltu, Leikanger og Stokksund skular til ein skule. Høyringa starta 2. desember 24 og låg ute til 2. februar 25.

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Eining | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| Sum | 123 149 | 128 926 | 117 984 | −10 943 |

## Kommentar til status økonomi

Avdeling grunnskule har samla sett eit meirforbruk på omlag -11 millionar kroner.

Meirforbruket skuldast i hovudsak:

løn: meirforbruk -5,1 million

- Overforbruket er hovudsakleg knytta opp til løn for vikarar knytta til sjukefråvær og langtidspermisjonar på omlag -6,7 millionar. Det kom inn refusjonar løn for omlag 8 millionar, men det var lagt inn forventa inntekt på 6,4 millionar kroner.

utgifter: meirforbruk -1.5 million

- Auka kostnader til spesialundervisning og personleg assistanse i offentlege og private grunnskular. Dette er lovpålagde oppgåver.* Kostnad for skuleskyss vart omlag 3 millionar kroner høgare enn budsjettert.

inntekter: mindreinntekter på -4.2 million

- Høgare kostnader til gratis kjernetid i SFO enn kommunen har fått kompensert i rammeoverføring. Noko som medfører urealistisk høge forventningar til brukarbetalingar. Dette utgjer -3,3 millionar kroner.
- Avdelinga har også fått in -1,7 million mindre i refusjonar men litt meir i overføringar enn budsjettert.

## Oppsummering tiltak

- Stram kontroll med innkjøp innafor både drift og investering jfr. kjøpestopp
- Stram styring i forhold til innleige av vikarar. Dette har avvega utgifter til korttidsvikariater i skular og SFO tilsvarande i snitt 12 heile stillingar kvar veke i 2024.
- Ned-bemanning ved oppstart av nytt skuleår (del av stillingskutt i sektoren på 4 stillingar i 2024)
- Vakansar der det er muleg i kortare og lenger periodar innanfor forsvarleg drift.

## Økonomistatus per konto

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Rekneskap 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 122 896 | 117 622 | 120 982 | 127 737 | −6 756 |
| Refusjon lønn | −7 068 | −6 386 | −6 386 | −7 979 | 1 593 |
| **Sum Lønn** | **115 828** | **111 236** | **114 596** | **119 759** | **−5 163** |
| Drift | 14 506 | 10 824 | 10 824 | 15 874 | −5 050 |
| Kjøp av produksjon | 739 | 2 946 | 2 946 | 387 | 2 559 |
| Overføringer | 1 468 | 2 773 | 2 773 | 1 538 | 1 235 |
| Finansutgifter | 129 | 0 | 0 | 280 | −280 |
| **Sum Utgifter** | **16 841** | **16 542** | **16 542** | **18 079** | **−1 536** |
| Brukerbetaling | −2 900 | −5 355 | −5 355 | −2 070 | −3 285 |
| Refusjoner | −4 341 | −5 949 | −5 949 | −4 159 | −1 790 |
| Overføringer | −2 279 | −1 850 | −1 850 | −2 507 | 657 |
| Finansinntekter | 0 | 0 | 0 | −174 | 174 |
| **Sum Inntekter** | **−9 520** | **−13 154** | **−13 154** | **−8 911** | **−4 243** |
| **Netto resultat** | **123 149** | **114 624** | **117 984** | **128 926** | **−10 943** |

## Grafar Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




### *Detaljvisning drift (graf)*







## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 2,81 % | 3,67 % | 6,48 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 2,33 % | 4,51 % | 6,83 % |
| Årleg sjukefråvær 2024 | 2,13 % | 4,39 % | 6,52 % |

## PPT

### Beskriving av tenesteområde

Den pedagogisk-psykologiske tenesta (PPT) utfører sakkunnig arbeid, kartleggingar og rådgjeving knytt til barn og unge i barnehagar, grunnskular og vidaregåande skule.

PPT yter kompetanseheving til barnehagar, grunnskular og vidaregåande skule.

Tenestene er heimla i lov om barnehagar og i lov og grunnskule og vidaregåande opplæring.

PPT er ein viktig part i det tverrfaglege laget rundt barn og unge i Herøy.

PPT har i 2023/2024 hatt ei stor auke i tilviste saker der foreldre, barnehagar eller skular ønskjer tenester rundt barn og unge.

I periodar dei seinaste åra har ein hatt lågare bemanning på grunn av sjukefråvær og vakansar, har medført eit stort etterslep i saksarbeidet i PPT.

Herøy vidaregåande skule kjøper PPT-tenester frå Herøy tilsvarande 75 prosents rådgjevarstilling.

## Overordna mål

PPT skal vere ein viktig bidragsytar i det tverrfaglege laget kring barn og ungdom i Herøy kommune.

## Utvalde resultat

I 2024 har Herøy vore med i kompetanseløftet for spesial-pedagogikk og inkluderande praksis. I denne satsinga har PPT ei todelt rolle der dei sjølve skal få ei kompetanseheving, samtidig som dei skal bidra til at tilsette i barnehagar og skular hevar sin kompetanse.

PPT-kontora i sjustjerna samarbeider med Høgskulen i Volda og OsloMet om denne kompetansehevinga.

## Viktige hendingar

i september 2024 vedtok kommunestyret at ein skulle starte arbeidet for å få på plass eit interkommunalt PPT-samarbeid med Ulstein kommune som vertskommune, med gjennomføring og oppstart så snart som praktisk mogleg

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Eining | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| Sum | 4 881 | 3 929 | 4 061 | 132 |

## Kommentar til status økonomi

PPT gjekk i med eit mindreforbruk på grunn av vakanse.

## Økonomistatus per konto

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Rekneskap 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 5 912 | 5 266 | 5 242 | 6 062 | −820 |
| Refusjon lønn | −674 | −800 | −800 | −1 791 | 991 |
| **Sum Lønn** | **5 238** | **4 466** | **4 442** | **4 271** | **171** |

| | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Rekneskap 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| Drift | 225 | 223 | 223 | 422 | −199 |
| Kjøp av produksjon | 152 | 95 | 95 | 129 | −33 |
| Overføringer | 41 | 50 | 50 | 40 | 10 |
| Finansutgifter | 0 | 0 | 0 | 102 | −102 |
| **Sum Utgifter** | **417** | **369** | **369** | **693** | **−325** |
| Refusjoner | −774 | −750 | −750 | −929 | 179 |
| Overføringer | 0 | 0 | 0 | −106 | 106 |
| **Sum Inntekter** | **−774** | **−750** | **−750** | **−1 035** | **285** |
| **Netto resultat** | **4 881** | **4 085** | **4 061** | **3 929** | **132** |

## Grafar Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




### *Detaljvisning drift (graf)*







## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 1,78 % | 7,43 % | 9,21 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 1,78 % | 13,23 % | 15,01 % |
| Årleg sjukefråvær 2024 | 0,54 % | 34,46 % | 35,00 % |

## Kvalifiseringssenteret

## Beskriving av tenesteområde

Kvalifiseringssenter for innvandrarar skal kvalifisere innvandrarar til livsmeistring, norsk språk, utdanning og arbeid og gir opplæring og tilbod om teneste til alle innvandrar. For deltakarar med kollektiv beskyttelse er det en forventning om rask overgang til arbeid. Med arbeid som sluttmål skal innholdet i introduksjonsprogrammet være arbeidsretta. Vi har omorganisert introprogrammet som no

bestå av innhold som bidrar til at deltakeren tidlig får nødvendig kompetanse for å kunne delta i det norske arbeidslivet gjennom bransjekurs, praksis og arbeidsnorsk.

Avdelinga Kvalifiseringssenter for innvandrar skal styre etter føringar frå fire departement med påfølgjande lovheimlar: HK_dir, ImDI, UDI, UDIR

Vi har tverrfagleg samarbeid og koordinering og oppfølging i høve økonomi, buevne, foreldrerolle, opplæring, helse og arbeidsliv for flyktningar 0–85 år.

Kvalifiseringssenteret har valt å organisere seg i 3 team Intro, miljø og opplæring som har tett samarbeid internt og arbeider tverfagleg samhandling i heile kommunen.

## Overordna mål

Hovedmålet er tilpassa integreringsprosess med mål om varig fotfeste i arbeidslivet eller vidare utdanning. Vi har tverrfagleg samarbeid for at innvandrarar skal kunne gjennomføre sine rettar og plikter innan individuelle tidsfristar.

Vi gjennomfører eksamen i norsk, samfunnskunnskap og statsborgarprøve.

Vi har differensierte individuelle planar for måloppnåing innan utdanning, arbeid og livsmeistring for alle flyktningar.

## Utvalde resultat

Kvalifiseringssenter for innvandrar starta 2024 med plan for busetting av inntil 100 flyktningar. Året vart avslutta med resultatet 85 busatte.

Totalt har Herøy kommune busett 305 flyktningar sidan krigen braut ut februar 2022. Der av 75 under 16 år. Vi har busett 3 einsleg mindreårig med følgeperson. I tillegg har vi busett ei stor gruppe ungdommar mellom 16 - 25 år på ordinær busetting. Vi har oppretta eigen ungdomskontakt og jobbar for integrering, utdanning, meistring og kvalifisering særskilt for ungdom.

Kvalifiseringssenter for innvandrar mottok 200 000kr for å redusere rasisme, diskriminering og hatefulle ytringar blant ungdom i 2024.

Til tross for at flyktningar med midlertidig beskyttelse har rett, men ikkje plikt til opplæring i norsk og introduksjonsprogram, har Herøy kommune lykkast med å få alle i målgruppa for opplæring. Alle i norskopplæring får praksis, og vi har overgang til lønna arbeid over landsgjennomsnittet, alle får tilbod om individuell oppfølging i integreringsprosessen.

Sidan krigen braut ut har vi fått i overkant av 20 endringar i lova, og kvalifiseringssenteret har klart omorganisering for å til ein kvar tid vere i tråd med lova på alle tilbod.

I løpet av  2024  har kvalifiseringssenteret hatt over 250 elevar innom på norskopplæring , og vi har 4 undervisningsgrupper på kveldstid.

August 2024 var historisk oppstart av FOV førebuande opplæring for vaksne (tidlegare grunnskule for vaksne). FOV har undervisning etter opplæringslova, og kvalifiseirngseenter for innvnadrar i Herøy er no formell skule som handterer søknadar til statens lånekasse.

Kvalifiseringssenteret har godt samarbeid med huseigarar i Herøy og vi har oppretta i overkant av 130 private bueiningar

*Auka aktivitet har medført tilrettelegging av fleire rom ved Borga/ Kvalifiseringssenteret og auka utgifter til inventar og utstyr, opplæringsmateriell, tolk og busskort til deltakarar. Innkjøp til kontorplassar til tilsette har stått på vent .*

*Sjølve busetjingane har blitt gjennomført så billig som råd, ved å ha eigen varebil til å hente bruktmøbler.*

*Kvalifiseringssenteret har ikkje hatt auka bemanninga i 2024 til tross for stor busetting.*

## Viktige hendingar

Ungdom og ungdom , prosjekt via BUFDIR for å redusere rasisme, diskriminering og hatefulle ytringar

10 personar fått sertifikat gjennom lærekjøring og oppfølging i Habil, og vi har fått avtale om heilårs bruk av Habil.

Oppstart FOV, førebuande opplæring for vidaregåande med opplæring etter opplæringslova. Leiar og nestleiar er systemansvarlege for søknadshandsamarar i statens lånekasse.

Deltaking i Fyr til Fyr , med stort mangfald i deltaking i dugnad, folkehelse og livsmestring.

Etablering av tverrfagleg drøftingsgruppe for individsaker med behov for rettleiing og koordinering av tenester

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Eining | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| Sum | −24 518 | −33 152 | −29 712 | 3 441 |

## Kommentar til status økonomi

Samla gjekk Kvalifiseringsseteret med ei mindreforbruk på omlag 5,5 millionar kroner i 2024.

Dette er hovudsakleg knytta til meir tilskot enn budsjettert og mindre utgifter knytta til oppgåvene.

- Det vart busett i tråd med oppmodinga frå IMDI, og kommunen mottok forventa flyktning-tilskot.

- I tillegg har vi mottatt særskilt ekstratilskot for 10 bebuarar,  barnehagetilskot og tilskot for einslege mindreårige med følgjepersonar.
- Det vart auka lønsutgifter knytta til internfordeling av løn som ikkje var budsjettert for men inntekta var på plass.
- Det vart løyvd midlar til introstønad.
- Det var ein auke i overføring til NAV.
    - Den største gruppa av busette, mellom 20 og 55 år, har rett til introduksjonsprogram, og medfører også  auka utgifter til introduksjonsløn. Etter hurtigløp i introprogram vert utgifter flytta frå introstønad til sosialhjelp, derav ei auke i overføringar til NAV.
- Ved år slutt var ikkje alle interoverføringane i sektoren sett i verk. Dette utgjer omlag 2 millionar kroner av mindreforbruket.

## Oppsummering tiltak

- Gjennom tilsetting av miljøarbeidarar med nødvendig fleirspråkleg kompetanse, har vi redusert bruken av ekstern tolking og timelister for vikarer. Vi har redusert innkjøp for busetting og nytta eigen arbeidskraft , og kjøpt billig varebil for å hente brukte møbler og klargjering av boligar.
- 2024 vart det lovendring med 6 mnd intro for dei med kollektiv midlertidig beskyttelse. Dette har ført til tidlegare overføring til NAV, og vi har flyttet utgifter frå introtilskudd til sosialstønad etter 6 månader. Vi har likevel lykkast med å få fleire enn landsgjennomsnittet ut i praksis og løna arbeid.
- Tilsette samarbeider internt for å avhjelpe ved fråvær, og vi har særs lite bruk av vikar. Fleire private bustadar vert leigt ut med kvitevarer, så vi har noko reduksjon på innkjøp ved busetting.
- Sjølve busetjingane har blitt gjennomført så billig som råd, ved å ha eigen varebil til å hente bruktmøbler.
- Det har blitt overført midlar frå flyktning-tilskot til andre tenester som opplæring/grunnskule, barnehage og helsestasjon/ Barn, familie, helse.
- Det er komt på plass oppdatert rutine for andre kommunale tenester i høve søknad på refusjon frå integreringstilskott for å få betre oversikt og økonomistyring, sjå rutine i compilo.
- Kvalifiseringssenteret har ikkje auka tilsetting, i tråd med auka busettig, og har stabile lønsutgifter også i 2024.
- I periodar med full dekning ved asylmottaket har vi differensiert undervisning til ungdomar derifrå ved å nytte etablerte tiltak og organisering ved vaksenopplæringa har vi klart å gi kvalitet i opplæring til asylsøkjarar mellom 15-17 år med minimale lønsutgifter.

## Økonomistatus per konto

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Rekneskap 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 28 048 | 24 306 | 24 588 | 27 819 | −3 231 |
| Refusjon lønn | −471 | −756 | −756 | −152 | −604 |
| **Sum Lønn** | **27 577** | **23 551** | **23 832** | **27 667** | **−3 835** |
| Drift | 2 792 | 3 000 | 3 000 | 11 740 | −8 740 |
| Kjøp av produksjon | 128 | 540 | 540 | 375 | 165 |
| Overføringer | 757 | 9 316 | 9 316 | 597 | 8 719 |
| Finansutgifter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum Utgifter** | **3 676** | **12 856** | **12 856** | **12 712** | **144** |
| Brukerbetaling | −1 | 0 | 0 | −16 | 16 |
| Refusjoner | −563 | −326 | −326 | −554 | 228 |
| Overføringer | −55 208 | −65 900 | −65 900 | −72 962 | 7 062 |
| Finansinntekter | 0 | 0 | −174 | 0 | −174 |
| **Sum Inntekter** | **−55 772** | **−66 226** | **−66 400** | **−73 532** | **7 132** |

| | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Rekneskap 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| Netto resultat | −24 518 | −29 819 | −29 712 | −33 152 | 3 441 |

## Grafar Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




### *Detaljvisning drift (graf)*







## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 1,21 % | 5,77 % | 6,98 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 0,77 % | 5,36 % | 6,14 % |
| Årleg sjukefråvær 2024 | 0,41 % | 2,13 % | 2,54 % |

## Herøy kulturskule

## Beskriving av tenesteområde

Herøy kulturskule er ein viktig del av veldig mange born og unge sitt kultur- og oppvekstilbod, og vi tilbyr opplæring i musikk, dans og ulike kulturfag.

Kulturskulen er lokalisert på Herøy kulturhus der vi har største aktiviteten. I tillegg har vi desentralisert undervisning på Leikanger skule, Møre barne- og ungdomsskule, Moltu skule, Stokksund skule, Einedalen skule, Ytre Herøy Ungdomsskule, Nerlandsøy skule, Myrsnipa barnehage, Bergslia barnehage og Huldal barnehage.

Arbeid med kunst utviklar fantasien og sansane, og som elev i kulturskulen får ein høve til å utvikle tryggleik og forståing for kva det vil seie å vere menneske, både åleine og saman med andre.

Opplæring i kulturskulefaga er tilpassa den einskilde eleven, har langsiktig mål og kan gi elevar ei interesse for livet. For nokre kan dette òg leggje grunnlaget for vidare utdanning innanfor kunstfag. Kulturskulen er heimla i opplæringsova §13-6 og jobbar innanfor Rammeplan for kulturskulen, som er godkjend av kommunestyret i Herøy.

Gjennom heile året arrangerer kulturskulen fleire konsertar, ofte fleire i månaden. Desse arrangementa finn stad på ulike stader rundt om i heile kommunen vår, og elevane frå ulike skular får høve til å opptre for publikum. Dette kan vere spennande, og det gir elevane god trening i å vise fram talentet sitt for eit større publikum.

## Overordna mål

**Med energi, kreativitet, trivsel og meistring er vi med på å gjere det godt å bu i Herøy.**

Gjennom aktivitetane i kulturskulen bidreg vi til å skape positive opplevingar for barn og unge i Herøy kommune. Ved å kombinere energi, kreativitet, trivsel og meistring i våre fagtilbod, styrkjer vi oppvekstvilkåra i vår kommune.

**Energi**: Vi inspirerer barn og unge til å utforske og uttrykke seg gjennom kunst og musikk. Våre lærarar og tilsette er svært engasjerte i å støtte elevane si kunstnariske utvikling

**Kreativitet**: Herøy kulturskule gir barn og unge moglegheit til å utvikle sine kreative og kunstnariske eigenskapar. Vi oppmuntrar til eksperimentering og originalitet i alle fagtilboda.

**Trivsel**: Vi legg vekt på å skape eit trygt og støttande miljø der barn og unge kjenner seg velkomne og inkluderte. Vi arbeider for å fremje trivsel, både kunstnarisk og personleg.

**Meistring**: Gjennom våre kunst- og musikkfag gir vi barn og unge høvet til å utvikle seg, oppnå ferdigheiter og meistre sine talent. Dette styrkjer sjølvtilliten deira og gir dei moglegheit til å realisere sitt potensiale.

Herøy kulturskule har som mål å forbetre oppvekstvilkåra i Herøy kommune ved å tilby eit stimulerande, støttande og kunstnarisk miljø for barn og unge. Med vekt på energi, kreativitet, trivsel og meistring, bidreg skulen til å skape meiningsfulle og givande opplevingar for elevane våre.

## Utvalde resultat

I 2024 har vi hatt seks store konsertar og mange mindre elevkonsertar. Vi har også feira at Herøy kulturskule fylte 50 år i 2024 gjennom heile året.

Vi har hatt Vintertreff i Herøy kyrkje, Vennefest på Herøy kulturhus, The Greatest Show på Fosnavåg konserthus, Be'glorious og JuleMix på Herøy kulturhus. Over 1500 personar har vore publikum på desse

konsertane, og elevane har fått oppleve meistringa av å stå på ei scene. I tillegg har vi hatt mange små elevkonsertar gjennom året, som til saman utgjer stor aktivitet.

Herøy kulturskule er viktig for mange unge i Herøy kommune. Kulturskulen hjelper til med å forme og utvikle born og unge. Som elev i kulturskulen får ein lære kreativitet, utfordringar, øverutiner, sjølvdisiplin, framføring på scene, fellesskap og vennskap.

For å bli god på instrument, song, drama, visuell kunst, dans og meir, må ein øve. Dette krev ofte repetisjon og innsats. I ei tid der ungdom ønskjer nye impulsar og endringar, kan timane med læraren i kulturskulen vere ein motvekt. Gjennom individuell oppfølging set vi læringsmål som fører til at elevane opptrer på scene for eit publikum i løpet av skuleåret. Elevane opplever meistring og auka sjølvtillit når dei har arbeidd hardt for å nå måla.

Vi ser mykje glede over meistring og auka sjølvtillit, og vi ønskjer at endå fleire born og unge skal få oppleve dette i Herøy kulturskule.

## Viktige hendingar

- Herøy kulturskule feira 50 års jubileum i 2024 gjennom heile året.
- Historia til kulturskulen vart skrive ned av tidlegare rektor i Herøy kulturskule (i over 40 år), Robert Skeide, og presentert i tidsskiftet Folk og Fortid som Herøy Sogelag gir ut.
- Det har vore arrangert 6 større konsertar og mange mindre elevkonsertar gjennom heile året
- Mange elevar frå Herøy søker seg vidare til musikklinja på vidaregåande skule i Volda og på Fagerlia

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Eining | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| Sum | 4 134 | 4 538 | 4 122 | −416 |

## Kommentar til status økonomi

Inntektene til kulturskulen kjem i hovudsak frå elevbetalinga. I tillegg har vi inntekter av billettsal på fleire av konsertane vi har gjennom året. Auke i lønnskostnad skuldast bruk av vikar på grunn av sjukmeldingar. Mindre inntekter skuldast i hovudsak færre elevar enn budsjettert for.

Kulturskulen har eit samla meirforbruk på 416 051 kroner i 2024.

Hovudårsakene er:

- På lønskontoane ligg ein teknisk feil som gjer at avdelinga har i praksis har mindre tilgjengelege midlar enn fyrst berekna.
- Mindre inntekter enn forventa er både frå gåver, brukarbetalingar (elevar har slutta i løpet av året) og inntekter frå arrangement. Samla utgjer det omlag 171 200 kroner.
- Ein har klart å spare litt på utgifter på tross av at tenestene er blitt dyrare, som straum, innleige av tekniske tenester mm. Dette utgjer 34 535 kroner.

## Oppsummering tiltak

- Bruk av vikar reduserast til eit minimum og på timebasis.
- Halde fram med stram drift i høve utgifter som innkjøp mm.
- Minst mogleg ekstra utlegg knytta til løn td. ved ulike fråvær, berre det ikkje gjer at ein må refundere elevavgift. God organisering og berre naudsynte reiseutgifter.
- Ekstra reklamering for å auke inntektene gjennom siste forestillingane i året.

## Økonomistatus per konto

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Rekneskap 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 5 677 | 5 530 | 5 657 | 6 099 | −442 |
| Refusjon lønn | −193 | 0 | 0 | −162 | 162 |
| **Sum Lønn** | **5 484** | **5 530** | **5 657** | **5 937** | **−279** |
| Drift | 349 | 326 | 326 | 283 | 43 |
| Kjøp av produksjon | 73 | 70 | 70 | 71 | −1 |
| Overføringer | 29 | 20 | 20 | 27 | −7 |
| **Sum Utgifter** | **451** | **416** | **416** | **381** | **35** |
| Brukerbetaling | −1 710 | −1 851 | −1 851 | −1 673 | −178 |
| Refusjoner | −27 | −35 | −35 | −24 | −11 |
| Overføringer | −65 | −65 | −65 | −83 | 18 |
| **Sum Inntekter** | **−1 802** | **−1 951** | **−1 951** | **−1 780** | **−171** |
| **Netto resultat** | **4 134** | **3 995** | **4 122** | **4 538** | **−416** |

## Grafar Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




### *Detaljvisning drift (graf)*







### Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 0,24 % | 0,02 % | 0,26 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 1,08 % | 5,28 % | 6,36 % |
| Årleg sjukefråvær 2024 | 0,16 % | 0,78 % | 0,94 % |

## Kulturavdelinga

### Beskriving av tenesteområde

Arbeidet til kulturavdelinga er i stor grad knytt opp til kulturlova.

Lova seier at kommunane skal legge til rette for at alle innbyggjarane skal kunne delta og oppleve kunst og kultur, inkludert idrett.

Personalet i kulturavdelinga i Herøy består i slutten av 2024 av 12 tilsette i faste stillinga, og ein del ekstrahjelper.

Vi driftar;

- Herøy kulturhus som inkluderer Fritidsklubben, Frivilligsentralen, BUA, idrettshall og festsal. Dette er viktige møteplassar for innbyggarane i Herøy kommune.
- Herøy folkebibliotek er i eigne lokale, i sentrum av Fosnavåg. I tillegg til utlån av bøker har vi mange arrangement i løpet av året for barn, unge og vaksne.
- Fosnavåg konserthus og kino er lokalisert i tilknyting til Thon hotell, og her opplever både innbyggarar om besøkande eit mangfaldig kulturtilbod av høg kvalitet.

## Overordna mål

Arbeidet til kulturavdelinga er i stor grad knytt opp til kulturlova.

Kulturavdelinga skal legge til rette for at innbyggarane i Herøy har eit mangfaldig og variert kulturtilbod!

Vi legg mellom anna til rette for møteplassar, og andre tiltak, som motverkar utanforskap og fremjar god helse for alle innbyggjarar. På denne måten bidreg vi til at det er godt å bo, besøke og arbeide i Herøy kommune.

## Utvalde resultat

### Bibliotek

- Utlånet av bøker til barn og unge var i 2024 på 8083, medan vi lånte ut 4662 bøker til vaksne. Skulane ber om klassesett og bokpakkar til bruk i undervisninga, og er slik aktive formidlarar av litteratur for barn. I tillegg låner vi ut bokdepot til alle dei ni barnehagane i kommunen, der bøkene blir levert på døra.
- I løpet av året slutta vi å låne ut lydbøker og film. Dette skuldast både ein markert nedgang i utlånet dei siste åra, og at det var vanskeleg å finne plass til desse samlingane i det nye biblioteket.
- Vi hadde 36 arrangement i løpet av året, der 26 var retta mot barn og unge. Vi har arrangert mange høgtlesingar for barnehagebarn, fleire forfattarbesøk, Sommarles, shared reading og bokbad for 5. klassingar.
- Det har vore stor aktivitet i biblioteket gjennom året, med unntak av perioden vi måtte halde stengt i samband med flyttinga.

### Barn og unge

- Herøy ungdomsråd har møter ein gong per månad og er med å arrangere UKM og juleball for psykisk utviklingshemma frå heile Sunnmøre.
- Vi koordinerer MOT, som er eit program for å styrke ungdomane si tåleevne, livs-meistring og mot.

- UFO (Ungdomens fritidsordning) er eit tilbod for sjette- til tiandeklasse, etter skuletid og fram til klokka fire.
- Fritidsklubben har ope kvar fredag og er ein brukarstyrt og rusfri møteplass, for ungdom mellom tretten og nitten år.
- Annakvar tysdag arrangerer vi fritidsklubb for psykisk utviklingshemma. Vi har besøk frå Herøy, Sande, Ulstein og Hareid kommune.

**Frivilligsentralen**

- 21 frivillige køyrer ut middag til heimebuande eldre tre dagar pr veke. Vi koordinerer denne tenesta i samarbeid med pleie-og omsorgsavdelinga.
- Samarbeid med pleie- og omsorgsavdelinga og kulturavdelinga om «den kulturelle spaserstokken». Vi har hatt totalt 14 ulike arrangement rundt om i kommunen.
- Årets TV-aksjon gjekk i år til barnekreftforeninga, nytt av året var sentrumsløp og støttekonsert på Fosnavåg konserthus. Det vart samla inn totalt 975 146 kroner i Herøy.
- Alle våre vekentlege faste møteplassar er godt besøkt, vi har deltakarar frå 0 – 96 år.

**BUA**

- Utlånt utstyr: 1736
- Totale brukarar: 431personar
- Nye brukarar i 2024: 90 personar
- Vi har totalt fått 1 175 462 kroner i tilskot til utstyr på BUA, frå eksterne gjevarar som for eksempel fylkeskommunen, stiftingar, privat næringsliv, bankar og frivillige organisasjonar.

**Kulturproduksjon**

- Fosnavåg konserthus hadde totalt 12 431 besøkande fordelt på 75 arrangement. Brutto billettsal er på 3,67 millionar kroner i ordinært billettsal. Utanom statistikken kjem verdien av opplevingane og omdømmet - både i kommunen og utanfrå.
- Fosnavåg kino hadde 682 framsyningar og selde 11872 billettar fordelt på 135 ulike filmtitlar.
- Ein nedgang i kinobesøket frå 2023 på 25%.
- Kinokiosken hadde 695.000 kroner i varesal, også ein nedgang på 25% frå 2023.
- Vi fekk totalt inn 1 118 000 kroner i ekstra inntekter i form av sponsorgåver og rabattar i høve jubileet, samt støtte frå kulturrådet til akustisk programserie, og Teft-midlar til konferanseprosjektor.

**Herøy kulturhus og idrettshall**

- Festsalen har gratis øvingslokale til kor og korps gjennom heile året. I tillegg har vi utleige av festsalen til både eksterne og interne kundar som nyttar lokalet  både på dag og kveldstid.
- Herøyhallen har gratis treningslokale for Bergsøy idrettslag.
- Den største leigetakar av idrettshallen på dagtid er Herøy vidaregåande, som saman med Bergsøy 5.-7. brukar idrettshallen til undervisning i kroppsøving.
- På kveldstid og i helg er Bergsøy handball vår største leigetakar.
- Leigeinntekter på utleige til lag og organisasjonar var totalt på 440 000 kroner

## Viktige hendingar

**Biblioteket**

- I 2024 flytta biblioteket frå Herøy kulturhus til Rådhusgata 12, midt i Fosnavåg sentrum.
- Sjølve flytteprosessen var krevjande, da dette skulle skje parallelt med at biblioteket sine lokale på kulturhuset skulle byggast om til klasserom for Bergsøy skule.
- Biblioteket var stengt frå 1. mai til 9. november.

**Barn og unge**

- Fritidsklubben arrangerte gratis skitur til Bondalseidet med midlar frå Ungdom og Fritid.
- Vi arrangerte "Bli kjent på tvers" i juni, ein aktivitetsdag for alle 7.klassingar i kommunen. Eit samarbeid mellom Kulturadministrasjon, MOT, folkehelsekoordinator med midlar frå Fylkeskommunen. Målet var å verte litt betre kjende, før ein skal byrje på ungdomsskulen.
- Av økonomiske orsake vart ikkje UFO opna opp igjen etter sommarferien.

**Kulturproduksjon**

- Fosnavåg konserthus og kino feira 10 års jubileum med ein variert og flott jubileumshaust.
- Vi fekk i høve jubileet laga vår eigen Scroll-story som skildrar historia frå starten og det sterke samarbeidet med næringsliv.
- Konserthuset har nokre eigne produksjonar og synest det er viktig. Vi har også årlege samarbeid med kulturskulen, Herøyspelet, Sommarfesten og Fyr til fyr. Dessutan har YHU kome inn med si Grand Prix-framsyning, noko som er særs viktig med tanke på dei yngre.
- Kino-bransjen har hatt eit par krevjande år både lokalt, nasjonalt og internasjonalt.
- Etablert dagkinotilbod ein gong pr månad, som er godt besøkt.
- Herøy kulturhus reduserte opningstider med tilsynsvakt, for å effektivisere drifta av huset.

**Frivilligsentralen**

- Vi fekk etter søknad til Sparebankstiftinga tildelt 200 000,- til prosjektet «friluftsliv for alle i Herøy 2025»
- Avtalen med helseavdelinga om middagsbringing vart avslutta ved nyttår, dette grunna pålagde innsparingar i kulturavdeling

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Eining | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| Sum | 11 978 | 10 589 | 9 939 | −649 |

## Kommentar til status økonomi

Kulturavdelinga har eit samla meirforbruk pr i dag på omlag -650 000 kroner.

Kultruproduksjon, kulturhus og idrettshall går med meir forbruk. Dei andre einingane går med mindreforbruk.

Hovudårsaka er:

- Det viser effekt av reduksjon i bemanning , og at ein er på rett veg. På lønskontoane løyver avdelinga samla omlag 275 000 kroner.

- Alle utgifter det let seg ta ned er teke ned.
- 500 000 kroner i rammekutt har ikkje vore mogleg å innfri på 6 månader. Det er knytta til meirforbruk på kino, kulturhus og idrettshall.
- Det er budsjettert med for høge forventa inntekter til kulturhus og idrettshall, samt på sal av billettar til konserthus og kino.

## Oppsummering tiltak

- Innkjøpsstopp i 2024 (brukt minimum i høve drift)
- Streng styring i bruk av ekstra hjelper
- Økonomioppfølging og opplæring i avdelinga
- UFO var stengt frå august til desember 2024
- Redusert bemanning i kinokiosken
- Kjøper inn og sender færre kinofilmar per månad
- Redusert bemanning, endra turnus og opningstider på kulturhuset
- Redusert utbetaling av kulturmidar til lag og organisasjonar

## Økonomistatus per konto

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Rekneskap 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 11 336 | 10 793 | 10 821 | 10 654 | 167 |
| Refusjon lønn | −165 | −100 | −100 | −274 | 174 |
| **Sum Lønn** | **11 172** | **10 693** | **10 721** | **10 380** | **341** |
| Drift | 6 986 | 6 816 | 6 816 | 6 192 | 624 |
| Kjøp av produksjon | 2 304 | 2 014 | 2 014 | 2 586 | −572 |
| Overføringer | 1 363 | 520 | 520 | 1 164 | −644 |
| Finansutgifter | 178 | 557 | 557 | 254 | 303 |
| **Sum Utgifter** | **10 830** | **9 907** | **9 907** | **10 195** | **−288** |
| Brukerbetaling | −7 394 | −9 285 | −9 285 | −7 361 | −1 924 |
| Refusjoner | −449 | −463 | −463 | −638 | 176 |
| Overføringer | −1 756 | −853 | −853 | −1 749 | 896 |
| Finansinntekter | −425 | 0 | −89 | −238 | 149 |
| **Sum Inntekter** | **−10 024** | **−10 601** | **−10 690** | **−9 987** | **−703** |
| **Netto resultat** | **11 978** | **10 000** | **9 939** | **10 589** | **−649** |

## Grafar Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




***Detaljvisning drift (graf)***







## Samandrag status investeringar

## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 1,71 % | 2,12 % | 3,83 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 1,49 % | 0,98 % | 2,47 % |
| Årleg sjukefråvær 2024 | 1,01 % | 2,70 % | 3,71 % |

# Sektor helse og omsorg

## Beskriving av tenesteområde

Sektor for helse og omsorg består av fem avdelingar, som har kvar sin leiar:

- tenestekoordinering
- pleie og omsorg
- bu og habilitering
- barn, familie og helse
- legetenesta

Sektoren har ei rekke lovverk å følge som er knytte til helse og omsorg, barnevern og sosiale tenester.

Herøy kommune har eigen kommunedelplan for helse og omsorg som gjeld for perioden 2019–2027. I planstrategi for 2024 - 2028 vart det vedtatt å rullere handlingsdelen. Dette arbeidet vart starta opp på slutten av 2024.




## Overordna mål

Det overordna målet for sektoren er å sikre innbyggarane i Herøy naudsynte og forsvarlege helse- og omsorgstenester - i dag og i framtida. I åra som kjem vil det krevje omstilling både politisk,

administrativt og hjå kvar einskild innbyggar. Behov for omstilling handlar om auken i behov og varsla mangel på arbeidskraft - både i eldre og yngreomsorga.

Hovudmålsettinga for sektoren er difor å legge til rette for tidleg innsats og tenestetilbod på lavast mogleg trappetrinn i innsatstrappa.

## Utvalde resultat

Frå 2024 vil vi trekke fram desse resultata

- omorganisering i pleie og omsorg med tanke på leiarspenn
- den nye barneavlastinga opna i mars
- alle tryggleiksalarmar vart byta ut på grunn av overgang frå 2G til 4g
- det vart tilsett dagleg leiar for Svingen dagaktivitetstilbod
- kommuneoverlege som leiar av legetenesta frå desember
- nytt turnusprogram med meir brukarvenleg grensesnitt
- temaplan for eldre vart vedtatt
- kommunen utarbeidde eiga oversikt knytt til innsatstrapp
- tørn-prosjektet rigga heimetenesta for framtida
- vedtak om å starte bygge nytt, samlokalisert omsorgssenter i 2028
- helse og omsorgsutvalet vart endra til helse, kultur og oppvekstutval
- seksjon rehabilitering initierte ei vellukka informasjonskampanje til aldersgruppa 65+

## Viktige hendingar

2024 var året der vi verkeleg stramma inn på alle område, og kvar leiar snudde alle steinar for å forvalte ressursane på best mogleg måte.

Våren 2024 var heile sektoren involvert i å løfte blikket mot "Herøy 2040", og korleis vi gjer sektoren vår i stand til å løyse dei utfordringane vi står overfor. Vi ser at mangelen på arbeidskraft krev omstilling, og at tidleg innsats, samlokalisering og oppgåvedeling er del av løysinga.

Til trass for rekrutteringsutfordringar i fleire seksjonar og avdelingar greidde vi i løpet av året å avslutte dei fleste eksterne leverandørar knytt til vikarbyrå, med unntak av to enkeltsaker i heimen. I starten av 2024 var det 3 fastlegar gjennom vikarbyrå i kommunen. Ved årslutt hadde vi faste fastlegar i alle stillingane.

Hausten 2024 fekk ei enkeltsak i kommunen mykje omtale i riksmedia. Etter ei varslingssak vart vi nøydde til å kjøpe eksterne heildøgnstenester på kort varsel. Medieomtalen var krevjande for dei involverte.

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Eining | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| 30-Kommunalsjef Helse og omsorg | 1 718 | −473 | −652 | −180 |
| 31-Barn, familie og helseavdelinga | 56 827 | 56 397 | 51 968 | −4 429 |
| 32-Pleie og omsorgsavdelinga | 149 874 | 154 727 | 153 470 | −1 257 |
| 33-Bu og habiliteringsavdelinga | 56 987 | 68 291 | 70 740 | 2 449 |

| Eining | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| 34-Tenestekoordinering | 9 224 | 10 617 | 10 259 | −358 |
| 35-Legetenesta | 31 131 | 30 619 | 21 580 | −9 039 |
| **Sum** | **305 761** | **320 180** | **307 366** | **−12 814** |

## Kommentar til status økonomi

**Samla sett har sektor helse og omsorg eit meirforbruk på 12,8 million i 2024.**

Dette skuldast i grove trekk

- auke i utbetalingar av sosialhjelp
- institusjonsplassering i barnvernet
- feil i budsjettet til legetenesta
- bruk av vikarbyrå
- auke i lisenskostnadar

**Kommunalsjefområdet**

Området som gjeld kommunalsjef, dagleg leiar for Svingen og prosjekt småjobbsentral hadde ved årsslutt eit negativt avvik på ca 180 000. Avviket skuldast i hovudsak underbudsjettering på fastløn.

**Barn, familie og helseavdelinga**

Avdeling Barn, familie og helse hadde eit meirforbruk på 4,4 million, som hovudsakleg skuldast sosialhjelpsutbetalingar, i tillegg til institusjonsplassering i barnevernet.

**Pleie og omsorgsavdelinga**

Samla sett har pleie- og omsorgsavdelinga eit overforbruk på omlag 1,2 million i 2024. Hovudsakleg skuldast meirforbruket utgifter til eksterne leverandørar av BPA, vikarbyrå, omsorgsløn og støttekontakt. Avdelinga fekk meir inntekter enn budsjettert med gjennom eigenbetaling og tilskot for ressurskrevjande tenester.

**Bu og habiliteringsavdelinga**

Bu- og habiliteringsavdelinga gjekk samla sett med mindreforbruk på vel 2,4 million. Mindreforbruket skuldast i hovudsak rekrutteringsutfordringar ved fråvær og strenge vurderingar knytt til innleige. I tillegg fekk avdelinga meir inntekter enn budsjettert med gjennom tilskot for ressurskrevjande tenester.

**Tenestekoordinering**

Meirforbruket på ca 350 000 skuldast lisenskostnadar. Rabattar knytt til Visma veilederen gjekk ut, og vi fekk ei stor prisauke på den. I tillegg endra vi turnusprogram i 2024, som ga lisenskostnadar for 2 system for ei kort periode. Det er også meirforbruk på reperasjonar i teknisk drift.

**Legetenesta**

Av ulike årsaker var det nye tiltaket med realistiske rammer for legetenesta ikkje inkludert i budsjett 2024. Alt i januar 2024 såg vi at denne feilen ville medføre eit stort avvik på slutten av året. Det nye tiltaket tok høgde for kjende kostnadar som

- auke i lisensar
- bruk av vikarbyrå
- driftstilksot til legane
- auka kostnadar til søre Sunnmøre legevakt.

Dette er kostnadar som vi ikkje hadde høve til å gjere noko med, og til trass for innsparingar der det lot seg gjere i 2024, så vart avviket på 9 million.

## Oppsummering tiltak

Seksjonane har arbeidd godt med innsparingstiltak i heile 2024, noko vi ser spesielt godt på fastlønsbudsjetta knytt til heildøgnsomsorg. NAV har sett inn ulike tiltak knytt til sosialhjelp, som vi har stor tru på at vil gi resultat utover 2025. Det er i tillegg lagt eit realistisk budsjett med tanke på meirkostnadane i legetenesta og i barnevernet.

Det er arbeidd godt med å få ned bruk av kostnadskrevjande vikarbyrå, og avtalene er gradvis blitt avslutta gjennom året. ved årets slutt er det berre nytta vikarbyrå i høve to enkeltbrukar i kommunen.

Ved hjelp av innstrammingar i kvalitetsstandarden er det også sett inn tiltak for å redusere meirforbruk knytt til støttekontakt.

## Økonomistatus per konto

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Rekneskap 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 278 181 | 297 456 | 303 361 | 302 944 | 416 |
| Refusjon lønn | −15 894 | −12 943 | −12 943 | −19 016 | 6 073 |
| **Sum Lønn** | **262 287** | **284 513** | **290 417** | **283 928** | **6 489** |
| Drift | 30 488 | 28 476 | 26 975 | 22 135 | 4 840 |
| Kjøp av produksjon | 60 214 | 34 077 | 34 777 | 64 069 | −29 292 |
| Overføringer | 24 297 | 18 042 | 18 042 | 31 197 | −13 155 |
| Finansutgifter | 404 | 100 | 100 | 1 897 | −1 797 |
| **Sum Utgifter** | **115 402** | **80 695** | **79 894** | **119 297** | **−39 404** |

| | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Rekneskap 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| Brukerbetaling | −29 984 | −26 806 | −26 806 | −32 372 | 5 566 |
| Refusjoner | −35 782 | −30 734 | −30 734 | −38 159 | 7 425 |
| Overføringer | −5 849 | −3 143 | −3 143 | −9 967 | 6 824 |
| Finansinntekter | −314 | −2 262 | −2 262 | −2 548 | 285 |
| **Sum Inntekter** | **−71 929** | **−62 945** | **−62 945** | **−83 045** | **20 101** |
| **Netto resultat** | **305 761** | **302 263** | **307 366** | **320 180** | **−12 814** |

## Grafar Økonomi

### Driftsutgifter og inntekter (graf)




### Detaljvisning drift (graf)







## KOSTRA Nøkkeltal

## Kostra-analyse - Pleie og omsorg

| | Herøy (M. og R.) 2023 | Herøy (M. og R.) 2024 | Ulstein | Ørsta | Volda | Hareid | Kostragruppe 01 | Landet |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | | | | |
| Aktivisering, støttetjenester (f234) - andel av netto driftsutgifter til plo (B) | 1,8 % | 2,6 % | 4,6 % | 4,0 % | 6,1 % | 0,7 % | 4,3 % | 5,1 % |
| Institusjoner (f253+261) - andel av netto driftsutgifter til plo (B) | 47,9 % | 47,3 % | 33,0 % | 41,9 % | 35,5 % | 41,4 % | 38,1 % | 40,6 % |
| Netto driftsutgifter pleie og omsorg i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (B) | 37,2 % | 35,6 % | 29,9 % | 37,2 % | 37,1 % | 32,5 % | 34,7 % | 32,4 % |
| Tjenester til hjemmeboende (f254) - andel av netto driftsutgifter til plo (B) | 50,2 % | | | | | | | |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Produktivitet** | | | | | | | | |
| Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner) (B) | 252 132 | 237 868 | 312 290 | 287 673 | 355 833 | 249 900 | 336 643 | 360 552 |
| Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass (B) | 1 463 716 | 1 496 194 | 1 871 311 | 1 628 304 | 1 341 490 | 1 605 915 | 1 524 703 | 1 667 688 |
| **Dekningsgrad** | | | | | | | | |
| Andel brukere i institusjon som har omfattende bistandsbehov: Langtidsopphold (B) | 65,4 % | 92,2 % | 97,1 % | 96,4 % | 95,8 % | | 91,2 % | 89,1 % |
| Andel brukere i institusjon som har omfattende bistandsbehov: Tidsbegrenset opphold (B) | 62,5 % | 78,3 % | 70,6 % | 55,6 % | 50,0 % | | 55,5 % | 54,4 % |
| Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 0-66 år (B) | 19,3 % | 17,1 % | 16,7 % | 16,8 % | 20,2 % | 19,5 % | 17,2 % | 21,0 % |
| Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 67-79 år (B) | 17,4 % | 22,0 % | 11,4 % | 19,0 % | 17,5 % | 30,0 % | 18,1 % | 18,9 % |
| Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 80 år og over (B) | 10,4 % | 14,3 % | 22,2 % | 21,8 % | 22,8 % | 13,1 % | 17,9 % | 17,5 % |
| Andel kommunale institusjonsplasser av totalt antall institusjonsplasser (B) | 100,0 % | 100,0 % | 100,0 % | 100,0 % | 100,0 % | 100,0 % | 97,5 % | 92,0 % |
| Andel plasser i brukertilpasset enerom m/ eget bad/wc (B) | 75,8 % | 78,5 % | 91,1 % | 92,2 % | 94,2 % | 100,0 % | 94,4 % | 97,6 % |
| **Kvalitet** | | | | | | | | |
| Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner | 100,0 % | 100,0 % | 100,0 % | 99,0 % | 100,0 % | 100,0 % | 99,3 % | 99,1 % |
| **Økonomi** | | | | | | | | |
| Brukerbetaling i institusjon i forhold til korrigerte brutto driftsutgifter (B) | 12,7 | 15,3 | 16,1 | 12,4 | 13,6 | 12,2 | 11,5 | 12,9 |

Herøy kommune har tradisjonelt brukt mindre ressursar på førebyggande tenester enn institusjon, og slik var det også i fjor. Vi ser likevel at for pleie og omsorg så peikar tala i rett retning, med dei grepa vi gjer i høve innsatstrappa. Framleis nyttar vi langt over landsgjennomsnittet på institusjonstenester, men vi driftar kvar einskild plass veldig kostnadseffektivt.

Innstrammingane i kvalitetsstandarden i 2024 ser vi ikkje gevinstane av enda, for framleis er det slik at pasientane på langtidsopphald i sjukeheim generelt er mykje friskare enn landsgjennomsnittet. 65,4% av bebuarane på institusjon sett opp mot landsgjennomsnittet som i 2024 er på 89,1%.

## Kostra-analyse - Barnevern

| | Herøy (M. og R.) 2023 | Herøy (M. og R.) 2024 | Ulstein | Ørsta | Volda | Hareid | Kostragruppe 01 | Landet |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | | | | |
| Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten (B) | 9 239 | 9 183 | 9 190 | 9 743 | 10 960 | 15 523 | 14 165 | 15 303 |
| **Produktivitet** | | | | | | | | |
| Andel netto driftsutgifter til barn som er plassert av barnevernet (f.252) (B) | 31,6 % | 23,1 % | 37,4 % | 40,2 % | 46,6 % | 56,1 % | 48,8 % | 52,2 % |

| | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Andel netto driftsutgifter til barn som ikke er plassert av barnevernet (f.251) (B) | 17,4 % | 27,5 % | 2,4 % | 2,0 % | 1,6 % | 4,0 % | 11,6 % | 11,2 % |
| Andel netto driftsutgifter til saksbehandling (funksjon 244) (B) | 51,0 % | 49,4 % | 60,3 % | 57,9 % | 51,9 % | 40,0 % | 39,6 % | 36,6 % |
| Brutto driftsutgifter per barn som er plassert av barnevernet (f. 252) (B) | 543 200 | 305 308 | 386 059 | 578 063 | 544 000 | 514 300 | 592 456 | 631 947 |
| Brutto driftsutgifter per barn som ikke er plassert av barnevernet (funksjon 251) (B) | 43 449 | 59 213 | 23 116 | 4 305 | 11 092 | 11 138 | 59 435 | 71 622 |
| Brutto driftsutgifter til tiltak (funksjon 251, 252) per barn med tiltak (B) | 3 287 | 3 370 | 2 789 | 2 966 | 3 431 | 7 049 | 6 747 | 7 156 |
| Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251, 252) per barn (0-22 år) med tiltak (B) | | | | | | | | |
| **Dekningsgrad** | | | | | | | | |
| Barn med undersøkelse ift. antall innbyggere 0-17 år (B) | 4,3 % | 4,8 % | 2,5 % | 4,2 % | 2,2 % | 6,1 % | 4,0 % | 4,0 % |
| **Kvalitet** | | | | | | | | |
| Stillinger med fagutdanning per 1 000 barn 0-17 år (B) | 4,3 | 4,8 | 5,2 | 5,2 | 5,1 | 5,1 | 5,1 | 5,8 |

Tala syner at barnevernet i Herøy driv godt og effektivt sett opp mot nabokommunar og landsgjennomsnittet generelt. Det gjeld både barn som er plassert av barnevernet og dei som ikkje er det.

## Kostra-analyse - Kommunehelse

| | Herøy (M. og R.) 2023 | Herøy (M. og R.) 2024 | Ulstein | Ørsta | Volda | Hareid | Kostragruppe 01 | Landet |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | | | | |
| Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-20 år (B) | 2 894 | 3 460 | 6 045 | 3 003 | 4 502 | 3 559 | 4 394 | 4 301 |
| Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-5 år (B) | 11 712 | 14 042 | 23 971 | 11 875 | 17 922 | 15 325 | 18 266 | 16 926 |
| Netto driftsutgifter til forebyggende arbeid, helse pr. innbygger (B) | 1 | −93 | 482 | 182 | 36 | 239 | 457 | 499 |
| **Dekningsgrad** | | | | | | | | |
| Pasienter på fastlegeliste per kapasitet i prosent (B) | 102,6 | 100,0 | 100,7 | 100,2 | 101,9 | 102,0 | 99,3 | 98,4 |
| **Andre nøkkeltal** | | | | | | | | |
| Gjennomsnittlig listelengde (B) | 784,4 | 767,7 | 917,7 | 706,2 | 835,8 | 690,3 | 853,5 | 977,4 |

Herøy har mindre driftsutgifter til helsestasjonsarbeid enn nabokommunar og landet elles.

Når det gjeld fastlegekapasitet er det betring frå 2023 til 2024. Gjennomsnittleg listelengd per fastlege ligg under landsgjennomsnittet, men er ikkje så ulikt kommunane rundt oss.

## Kostra-analyse - Sosiale tjenester

| | Herøy (M. og R.) 2023 | Herøy (M. og R.) 2024 | Ulstein | Ørsta | Volda | Hareid | Kostragruppe 01 | Landet |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | | | | |
| Brutto driftsutgifter til introduksjonsordningen pr. innbygger (B) | 1,4 | 0,8 | 2,3 | 1,0 | 2,5 | 1,9 | 1,4 | 1,1 |
| Netto driftsutgifter til råd, veiledning og sos.forebyggend arb. pr. innb, 20-66 år (B) | 3 214 | 4 119 | 2 491 | 2 338 | 727 | −1 068 | 2 294 | 2 362 |
| Netto driftsutgifter til sosialtjenesten i prosent av samlede netto driftsutgifter (B) | 6,7 % | 6,9 % | 6,9 % | 5,1 % | 6,1 % | 3,9 % | 5,7 % | 7,1 % |
| Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år (B) | 9 071 | 9 667 | 9 406 | 7 510 | 8 806 | 5 885 | 7 987 | 9 379 |
| Netto driftsutgifter til tilbud til pers. med rusprobl. pr. innbyggere 20-66 år (B) | 406 | 363 | 198 | 380 | 338 | 448 | 211 | 888 |
| **Produktivitet** | | | | | | | | |
| Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr. mottaker (B) | 56 279 | 72 224 | 54 329 | 148 575 | 66 924 | 46 888 | 60 318 | 74 023 |
| **Dekningsgrad** | | | | | | | | |
| Andel mottakere med sosialhjelp som hovedinntektskilde (B) | 36,2 % | 33,9 % | 49,4 % | 41,7 % | 47,9 % | 45,2 % | 35,4 % | 35,2 % |
| Andelen sosialhjelpsmottakere i forhold til innbyggere i alderen 18-66 år (B) | 5,4 % | 5,8 % | 6,1 % | 4,1 % | 4,8 % | 5,9 % | 5,7 % | 5,0 % |
| **Kvalitet** | | | | | | | | |
| Gjennomsnittlig deltakelseslengde (måneder) | 7 | 7 | 6 | 8 | 7 | 7 | 0 | 0 |

Ei av dei største økonomiske utfordringane i Herøy i 2024 var auken i sosialhjelpsutbetalingar. Kostratala syner at vi ikkje skil oss nemneverdig frå landsgjennomsnittet, og at det er ganske store skilnadar mellom kommunane i Sjustjerna.

## Kostra-analyse - Kommunale boliger

| | Herøy (M. og R.) 2023 | Herøy (M. og R.) 2024 | Ulstein | Ørsta | Volda | Hareid | Kostragruppe 01 | Landet |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | | | | |

| | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Brutto investeringsutgifter til boligformål per innbygger i kroner | 1 108 | 84 | 8 274 | 377 | 2 674 | 14 434 | 1 456 | 1 663 |
| Netto driftsutgifter, boligformål, i prosent av samlede netto driftsutgifter (B) | 0,2 % | −0,1 % | 0,1 % | −0,1 % | 0,0 % | 1,3 % | 0,2 % | 0,6 % |
| **Dekningsgrad** | | | | | | | | |
| Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere (B) | 16 | 16 | 30 | 26 | 20 | | 21 | 21 |
| **Andre nøkkeltal** | | | | | | | | |
| Antall husstander tilkjent statlig bostøtte fra Husbanken per 1000 innbyggere (B) | 1,3 | 1,3 | 1,9 | 1,1 | 1,3 | 2,0 | 1,8 | 0,8 |
| Antall nye søknader per 1000 innbyggere (B) | 4,2 | 3,4 | 16,5 | 7,0 | 8,3 | | 4,5 | 5,2 |
| Antall søknader per 1000 innbyggere (B) | 7,8 | 8,5 | 29,7 | 7,0 | 10,2 | | 6,5 | 8,1 |

Det har vore lite investering knytt til kommunale bustadar i Herøy siste åra, og det viser også kostratala. Fleire av nabokommunane sine tal syner ei markant satsing, noko som er i tråd med nasjonale føringar. Generelt sett ligg Herøy under snittet (og nabokommunar) når det gjeld tilgang på kommunale bustadar per innbyggarar.

## Kostra-analyse - Folkehelse

| | Herøy (M. og R.) 2023 | Herøy (M. og R.) 2024 | Ulstein | Ørsta | Volda | Hareid | Kostragruppe 01 | Landet |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Befolkning** | | | | | | | | |
| Befolkning - Personer som bor alene, 45 år + | 23,5 | | | | | | | |
| **Oppvekst og levekår** | | | | | | | | |
| Oppvekst og levekår - Barn av enslige forsørgere | | | | | | | | |
| Oppvekst og levekår - Inntektsulikhet, P90/P10 | | | | | | | | |
| Oppvekst og levekår - Laveste mestringsnivå i lesing, 5. klasse | | | | | | | | |
| Oppvekst og levekår - Trives på skolen, 10. klasse | 87,0 | | | | | | | |
| Oppvekst og levekår - Vedvarende lavinntekt (husholdninger) (0-17 år) (EU60) | | | | | | | | |
| Oppvekst og levekår - Vgs eller høyere utdanning, 30-39 år | | | | | | | | |
| **Miljø** | | | | | | | | |
| Miljø - Fornøyd m/ lokalmiljøet. Ungdata - Litt eller svært fornøyd, andel (prosent, standardisert) | | | | | | | | |
| Miljø, skader og ulykker - Fritidsorganisasjon. Ungdata | | | | | | | | |
| Miljø, skader og ulykker - God drikkevannsforsyning | | | | | | | | |

| | |
|---|---|
| **Helserelatert åtferd** | |
| Helserelatert atferd - Lite fysisk aktive. Ungdata | |
| Helserelatert atferd - Røyking, kvinner | |
| **Helsetilstand** | |
| Helsetilstand - Forventet levealder, kvinner | |
| Helsetilstand - Forventet levealder, menn | |
| Helsetilstand - Hjerte- og karsykdom | |
| Helsetilstand - Overvekt og fedme, 17 år | 28,0 |
| Helsetilstand - Psykiske sympt./lidelser | |
| Helsetilstand - Utdanningsforskjell i forventet levealder | |
| Helsetilstand - Vaksinasjonsdekning, meslinger, 9 år | |

## Samandrag status investeringar

Investeringsmidlar knytt til smartteknologi vart i 2024 nytta til nye tryggleiksalarmar. 40 alarmar blei betalt av driftskonto, dei resterande 175 blei lagt på investering etter avklaringar med revisjonen, med ein totalkostnad på ca. 691 250 kr.

Alarmane har blitt byta ut grunna 2G skal avviklast. Dei nye alarmane har 4G.

## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 2,65 % | 7,63 % | 10,28 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 2,56 % | 7,55 % | 10,11 % |
| Årleg sjukefråvær 2024 | 2,10 % | 8,30 % | 10,40 % |

## Kommunalsjef Helse og omsorg

### Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Eining | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| Sum | 1 718 | −473 | −652 | −180 |

### Kommentar til status økonomi

### Grafar Økonomi

#### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




***Detaljvisning drift (graf)***







## Barn, familie og helseavdelinga

### Beskriving av tenesteområde

Avdeling barn, familie og helse gir i hovudsak tenester etter helse- og omsorgstenestelova, barnevernlova og sosialtenestelova. Ei rekke andre lover, kommunedelplan for helse og omsorg og tilhøyrande temaplanar, er også styrande for avdelinga si tenesteyting.

Avdelinga har desse seksjonane: førebyggande (helsestasjon), psykisk helse og rus, barnevern, rehabilitering og Nav sosiale tenester.

Herøy er vertskommune for Nav Herøy og Vanylven ut 2024 då blir det endra organisering og Hareid kommune blir vertskommune for 5K.

**Seksjon forebygging**

Jordmortenesta har vore stabil gjennom heile 2024, og alle får tilbod om heimebesøk rett etter heimkomst med nyfødd barn. Alle heimar med nyfødde born får tilbod om heimebesøk av helsesjukepleiar. For dei aller fleste familiar med nyfødde barn, utgjer dette totalt to heimebesøk. . Dei aller fleste gravide i kommunen nyttar seg av gratistilbodet med kommunejordmor. Ein ser ein auke i høve psykiske utfordringar hos gravide og småbarnsforeldre. Det er ønske og behov for kompetanseheving og auka ressurs i høve tiltak for dei som strevar.

Helsesjukepleiar i 80% stilling følgjer godt opp flyktningtenesta.

Sjukepleiar tilsett i 80% engasjementstilling, finansiert av tilskotsmidlar frå Helsedirektoratet.

HFU (helsestasjon for ungdom) har hatt stabil drift i 2024, men med lite tid og ressursar til ei tiltrengt fornying. Det er søkt om tilskot for å få meir ressursar til denne tenesta. Også jordmor vil delta i dette arbeidet vidare.

Psykologstilling for barn og unge, har ikkje vore aktuelt i 2024, i tråd med sparetiltaka.

Helsestasjon 0-5 år har i 2024 hatt god dekning i høve ressurs og ein har meistra å få til kompetanseheving til alle helsesjukepleiarane som har ansvar i høve denne tenesta. 3 helsesjukepleiarar har blitt NBO sertifiserte og 2 helsesjukepleiarar har blitt COS-P sertifiserte. Dette har vore mogleg fordi helsestasjonen har søkt og fått milder til dette, frå BUFDIR. 4 helsesjukepleiarar har starta prosessen med å bli PMTO-rådgivarar.

Skulehelsetenesta til barneskulane i kommunen har vore meir stabil i 2024, og skulane har sin faste helsesjukepleiar.

### Seksjon psykisk helse- og rus

Det er 11,8 årsverk i seksjonen. 0,5 stilling står vakant som innsparingstiltak. Psykisk helse og rus tilbyr oppfølging til barn, ungdom og vaksne med vanskar knytt til psykisk helse og rus og deira pårørande. Vi er opptatt av medverknad og å ta utgangspunkt i brukaren/pasienten sine ressursar og tilpasse målsetjing og oppfølging deretter. Kommunepsykologen er også organisert i seksjonen.

### Seksjon rehabilitering

I 2024 har det vore eit høgt trykk på tenestene i seksjonen. I Herøy har vi mange barn og unge med samansette utfordringar og store behov for våre tenester, og i tillegg har ergoterapien mange ressurskrevjande saker for vaksen og eldre, som gjer dei totale utfordringane for ergoterapien ekstra store. Fleire skal bu heime og det betyr auka trykk på tenesta for å følg opp med tilrettelegging.

### Seksjon Nav

NAV Herøy og Vanylven er eit vertskommunesamarbeid mellom kommunane Herøy og Vanylven. Dette samarbeidet blei inngått 01.01.2019. NAV kontoret leverer statlige og kommunale oppgåver til innbyggjarane i Herøy og Vanylven. Det vart hausten 2024 vedtatt at Nav kontoret skal organiserast inn i eit 5K der Hareid er vertskommune. NAV kontoret er eit partnerskap mellom kommune og stat.

Dei kommunale oppgåvene er:

- Økonomisk sosialstønad §18 og §19
- råd og veiledning, her-under økonomisk rådgiving § 17
- Midlertidig bolig § 27
- Kvalifiseringsprogrammet § 29

## Overordna mål

Overordna mål: å ha samordna og tilpassa teneste med god brukarmedverknad.

Forebygging

Auke kompetanse til dei tilsette og ruste dei til godt førebyggande arbeid og tidleg innsats, samt arbeide vidare med arbeidsnærvær

Psykisk helse- og rus

Målet er å ha gode og tilgjengelege tenester for dei som er i behov av det, og dermed også være med på å bidra til å redusere og lindre psykiske helseplagar blant befolkninga i kommunen. Vi arbeider no med å være meir tilgjengeleg i skulane, og der barn og unge oppheld seg. Dette gjer vi blant anna ved å være ein del av Tverrfagleg team i barnehagar og grunnskular. Vi er også i Ressursteam i vidaregåande skule, og har tilgjengelegheitstid i vidaregåande skule. Jobbar for å auke oppfølging i gruppe.

Rehabilitering

- arbeidsglede og trivsel på arbeidsplassen
- auka fokus på førebyggande tiltak hos vaksne og eldre, for auka eigenmeistring og livskvalitet hjå den enkelte, for å utsette/begrense behovet for hjelp frå kommunen
- auka fokus på tverrfagleg samarbeid for meir heilskaplege tenester
- fortsette å ha fokus på å gi hjelp der vi kan gjere størst skilnad

Barnevernet

Det overordna målet til den kommunale barnevernstenesta er å sikre at barn og unge får trygge og gode oppvekstvilkår. Dette inneber å gi hjelp og støtte til barn og familiar som treng det, på eit tidleg tidspunkt, slik at ein kan førebyggje omsorgssvikt og atferdsproblem.

Barnevernstenesta i Herøy har også ei generell rettleiingsplikt, som inneber at dei gir rettleiing til både private personar og tverrfaglege samarbeidspartar som er bekymra for eit barn

Kommunen har ansvar for å samordne tenestetilbodet for kvart enkelt barn og sikre at barnevernstenesta er tilgjengeleg og synleg for dei som treng hjelp

## Utvalde resultat

HFU (helsestasjon for ungdom) har hatt stabil drift i 2024, men med lite tid og ressursar til ei tiltrengt fornying. Det er søkt om tilskot for å få meir ressursar til denne tenesta. Ein ynskjer å bruke jordmor i denne tenesta, og planlegg for dette.

Helsestasjon 0-5 år har i 2024 hatt god dekning i høve ressurs og ein har meistra å få til kompetanseheving til alle helsesjukepleiarane som har ansvar i høve denne tenesta. 3 helsesjukepleiarar har blitt NBO sertifiserte og 2 helsesjukepleiarar har blitt COS-P sertifiserte. Dette har vore mogleg fordi helsestasjonen har søkt og fått milder til dette, frå BUFDIR. 4 helsesjukepleiarar har starta prosessen med å bli PMTO-rådgivarar.

Skulehelsetenesta til barneskulane i kommunen har vore meir stabil i 2024. Alle skulane har sin faste helsesjukepleiar.

Barnevernstenesta har i 2024 prioritert;

Dagleg drift

- implementering av ny lov om barnevernsteneste iverksett medio 2023
- Implementering av oppvekstreform og BTI
- Satsing på kompetanseauke og læringsnettverk ilag med dei andre barnevernstenestene i Møre og Romsdal
- Nytt fagprogram- Modulus- og Implementering av dette

Ei prosjektstilling knytt til kommunalt rusarbeid er no implementert i ordinær drift, og det psykiske helse tilbodet til barn og unge i kommunen er no vesentlig styrka. Ei ny 60 prosents prosjektstilling knytt til kommunalt husarbeid med fokus på ambulant oppfølging er no på plass. Det har vore ei auking av tilvisingar utover året i 2024; gjekk frå 140 i 2023 til 198 i 2024. Det gis ikkje avslag i tenesta, og ventetida har for det meste vore kort.

## Viktige hendingar

Viktige satsingar har vore

- utarbeiding og ferdigstilling av førebyggande plan
- stor fokus på forebygging og auka samarbeid mellom seksjonane og mellom sektorane
- auke i kompetanse i arbeid for barn og unge
- oppretting av tilbod i grupper på helsestasjon og i psykisk helse-og rus
- arbeid knytt til tenester retta mot lavterskeltilbud, tidleg innsats, forebygging av psykisk helse for barn, unge og deira familier. Psykisk helse- og rus inn i tverrfaglege team
- oppvekstreforma ved mellom anna å vidareutvikle tverrfagleg for samarbeid for barn og unge, innføre BTS-modellen (Betre Tverrfagleg Samhandling)
- styrking av det rusforebyggande arbeidet
- sikre godt tilbod knytt til korona- og influensavaksinering ved massevaksinering
- rekruttering av personell
- kompetanseheving i barnevernet
- tilskotsmidlar i psykisk helse- og rus og helsestasjon
- utvikling av sosiale tenestar ved Nav kontoret ved tilskotsmidlar
- tilskotsmidlar i Nav til auka samarbeid mellom tenester og tilbod til innbyggarane
- Nytt fagsystem i barnevernet og Implementering av dette.

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Eining | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| Sum | 56 827 | 56 397 | 51 968 | −4 429 |

## Kommentar til status økonomi

Avdeling Barn, familie og helse hadde eit negativt avvik på -4,38 millionar kroner som tilsvarar -8,4%

- Nav har eit samla meirforbruk på 3,06 mill og hadde ei auke i utbetalingar på sosialhjelp til flyktningar og ordinære innbyggarar. Det er eit negativt avvik på inntekter på grunn av mindre overføring enn forventa av flyktningmidlar.
- Barnevern hadde eit meirforbruk på kr - 1 141 618 som hovudsakleg var knytt til institusjonsplassering samt fleire beredskapsheim- og forsterheimsplasseringar gjennom året. Dette er lovpålagte kostnadskrevjande tiltak.
- I seksjonane psykisk helse- og rus var det eit meirforbruk på løn og utbetaling til støttekontaktar.
- I seksjon rehabilitering var det eit meirforbruk på 243 000 knytt til løn og driftstilskot til dei private fysioterapeutane.

## Oppsummering tiltak

Det blir jobba godt med tverrfagleg samhandling og forebygging i avdelinga. Dette må vi fortsette med for å kunne flytte ressursar til dei nederste trinna i innsatstrappa. Kostnadskrevjande tiltak i barnevernet jobbar vi for å kunne førebygge med meir tenester tidleg til barna og familien. Vi nyttar prosjektmidlar til å auke kompetansen slik vi kan tilby meir tenester i grupper og dermed nå fleire.

## Økonomistatus per konto

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Rekneskap 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 36 036 | 38 645 | 38 595 | 42 185 | −3 590 |
| Refusjon lønn | −2 280 | −2 208 | −2 408 | −3 681 | 1 274 |
| **Sum Lønn** | **33 757** | **36 438** | **36 187** | **38 503** | **−2 316** |
| Drift | 6 121 | 4 598 | 4 598 | −5 582 | 10 180 |
| Kjøp av produksjon | 7 993 | 6 758 | 6 758 | 10 660 | −3 902 |
| Overføringer | 19 305 | 14 162 | 14 162 | 26 237 | −12 075 |
| Finansutgifter | 6 | 100 | 100 | 356 | −256 |
| **Sum Utgifter** | **33 426** | **25 618** | **25 618** | **31 671** | **−6 053** |
| Brukerbetaling | −299 | −275 | −275 | −410 | 135 |
| Refusjoner | −6 630 | −7 520 | −7 520 | −7 813 | 293 |
| Overføringer | −3 376 | −1 943 | −1 943 | −5 512 | 3 569 |

| | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Rekneskap 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| Finansinntekter | −51 | −100 | −100 | −43 | −57 |
| **Sum Inntekter** | **−10 355** | **−9 837** | **−9 837** | **−13 777** | **3 940** |
| **Netto resultat** | **56 827** | **52 219** | **51 968** | **56 397** | **−4 429** |

## Grafar Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




### *Detaljvisning drift (graf)*







## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 2,25 % | 7,77 % | 10,01 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 2,47 % | 7,95 % | 10,42 % |
| Årleg sjukefråvær 2024 | 0,77 % | 11,96 % | 12,72 % |

# Pleie og omsorgsavdelinga

## Beskriving av tenesteområde

Avdelinga gir helsehjelp, oppfølging og tilrettelegging til innbyggarar i alle aldersgrupper.

Med god samhandling, kommunikasjon, brukarmedverknad og nytenking skal vi levere tenester nødvendig helsehjelp  til innbyggarane våre.

## Overordna mål

Avdelinga har tilsette med helsefagleg kompetanse som sjukepleiarar, vernepleiarar, ergoterapeut, helsefagarbeidarar, kokk,studentar i relevante utdanningsløp, assistentar. Vi har i 2024 hatt ressursar i storleik 166 årsverk. 2,6 årsverk er knytt til kjøp av tenester frå vikarbyrå.

Hovudpunkta i drifta  i 2024:

- for å sikre rekrutteringa til avdelinga tek vi imot elevar, lærlingar og studentar.
- vi har nytta vikarbyrå  i sjukeheim på grunn av mangel på fagkompetanse.
- vi har omorganisert slik at heimetenesta ytre / Eggesbøtun 1:1 bemanning har blitt to seksjonar.
- godt samarbeid mellom seksjonane for å sikre kompetanse
- budsjettarbeid
- rapportering av ressurskrevjande brukarar
- planlegging av arbeidstid

## Utvalde resultat

Desse kompetansehevande tiltaka har blitt gjennomført:

- fleire tilsette tek vidareutdanning innan  trygg legemiddelhandterning, aks for helsefagarbeidar, kreftsjukepleie/helsefag, helserett
- vi har assistentar  som er knytte til opplæringskontoret og tek fagbrev på jobb.
- vi har nytta ulike e-læringskurs for alle tilsette på fagdag.

## Viktige hendingar

Viktige hendingar i 2024 var

- vi starta med nytt turnus program Visma Flyt
- Myrvåg omsorgssenter gjennomførte i samarbeid med NAV arbeidslivssenter Oss og vårt
- det blei gjennomført kurs for næringslivet angåande Demensvenleg samfunn
- omorganisering –delte heimetenesta ytre til to seksjonar
- heimetenesta blei med i TØRN prosjektet gjennom KS med fokus på velferdsteknologi og oppgåvedeling seksjon grøn starta med langvakter på helg
- alle heildøgnsplassar fekk Somnofy
- rekrutteringsstillingar til sjukepleiarstudentar
- ein start bygginga av nytt institusjonskjøkken på Eggesbønes
- det blei redusert med 5 pasientrom på seksjon grøn tilsvarande 2,5 årsverk tilsaman tre stillingar som innsparingstiltak.

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Eining | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| Sum | 149 874 | 154 727 | 153 470 | −1 257 |

## Kommentar til status økonomi

Samla sett har pleie- og omsorgsavdelinga eit overforbruk på omlag 1 257 198  kr millionar kroner for 2024.

- det er samla mindre forbruk på kostnader knytt til løn
- utgifter til eksterne leverandørar av vikartenester, BPA-ordingar (brukartsyrt personleg assistent), omsorgsløn og utgifter til støttekontakt  er det eit overforbruk på.
- Pleie og omsorg får inntektene sine i form av eigenbetaling for sjukeheim, sal frå kjøkkenet, eigenbetaling for tenester og refusjon av sjukeløn her har vi fått meir enn det er budsjettert med. Vi har og fått meir på resurskrevjande  enn budsjettert med.

## Økonomistatus per konto

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Rekneskap 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 158 174 | 163 677 | 164 941 | 164 100 | 840 |
| Refusjon lønn | −9 470 | −6 686 | −7 286 | −10 115 | 2 829 |
| **Sum Lønn** | **148 704** | **156 992** | **157 655** | **153 986** | **3 669** |
| Drift | 12 969 | 11 074 | 11 074 | 13 960 | −2 886 |
| Kjøp av produksjon | 16 454 | 8 075 | 8 075 | 18 533 | −10 458 |
| Overføringer | 2 209 | 1 942 | 1 942 | 2 254 | −312 |
| Finansutgifter | 90 | 0 | 0 | 158 | −158 |
| **Sum Utgifter** | **31 722** | **21 091** | **21 091** | **34 904** | **−13 813** |
| Brukerbetaling | −21 618 | −20 484 | −21 484 | −25 446 | 3 962 |
| Refusjoner | −8 489 | −3 792 | −3 792 | −8 386 | 4 594 |
| Overføringer | −274 | 0 | 0 | −171 | 171 |
| Finansinntekter | −170 | 0 | 0 | −160 | 160 |
| **Sum Inntekter** | **−30 552** | **−24 276** | **−25 276** | **−34 163** | **8 887** |
| **Netto resultat** | **149 874** | **153 807** | **153 470** | **154 727** | **−1 257** |

## Grafar Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




***Detaljvisning drift (graf)***







## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 2,86 % | 7,79 % | 10,65 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 2,61 % | 7,64 % | 10,25 % |
| Årleg sjukefråvær 2024 | 2,46 % | 8,97 % | 11,44 % |

## Bu og habiliteringsavdelinga

## Overordna mål

Avdelinga har 78,13 årsverk.

Hovudpunkt frå drifta i 2024:

- avdelinga består av tre seksjonar: gneis, lunde og båre.
- tilsett 2 nye fagkoordinatorar i seksjon båre og lunde.
- seksjon gneis har samlokalisert seg i kvithaugsmyra.
- vi opna ny barneavlasting Mars 24.
- gjennomført medarbeidarsamtale i seksjonane.
- felles fagdag om tankevirus i heile avdelinga.
- avdelinga har avslutta bruk av vikarbyrå og jobbar kontinuerlig med å rekruttere inn komptanse. I arbeidet med rekruttering har vi jobba med moglegheitene for å kunne auke stilling – med tanke på heiltidskultur og tilrettelegging på tvers av ansvar i avdelinga.
- for å sikre rekruttering til avdelinga tek vi imot elevar, lærlingar og studentar.
- vi ser ein auke i brukarar som søkjer tenester frå avdelinga.
- vi har utfordringar i delar av drifta og jobbar her med å få stabilitet. Vi nyttar ecura bu og habilitering for å stette dette behovet.
- godt samarbeid på tvers av seksjonane for å sikre kompetanse.
- innført Visma flyt ressurstyring
- omsorgsbustadane bustadane og avlastinga nyttar turnus på 24 veker
- budsjettarbeid
- rapportering av ressurskrevjande brukarar
- rapportering av tal på personar med utviklingshemming
- vi har samarbeid med Statsforvaltaren og spesialisert habilitering, mellom anna når det gjeld tvang etter kapittel 9 i helse- og omsorgstjenestelova.
- vi jobbar med å lukke stadlig tilsyn i enkelt sak og varsla tilsyn på barneavlastinga frå Statsforvaltaren.

## Utvalde resultat

Vi hadde eit realistisk budsjett i 2024, men det dukka opp nye behov etter budsjettet var lagt.

Vi har hatt opprettholdet eit sal over forventa budsjett på Herøy produksjon i 2024. Dei har utvikle eindel nye produkt.

Desse kompetanseaukande tiltaka har blitt gjennomført:

- ein tilsett har starta på vidareutdanning psykisk helse for fagarbeidar
- fleire tilsette er undervegs til å ta fagbrev.
- tilsette med kontrakt er undervegs i utdanningsforløp til å utdanne seg som autoriserte helsepersonell.
- verneombodskurs er gjennomført.
- faste tilsette har vore på kurs i tankevirus.
- nytta ulike e-læringskurs
- på fagdagane: palliativ pleie/plan, kommunikasjon og målretta miljøarbeid, stress mestringskurs, forebygging av sjukefråvær og fremming av godt arbeidsmiljø, rettar og plikter til arbeidstakar i sjukefråvær, innsatstrappa, opplæring compilo og avvik, gjennomgang av VAR, tvang og makt, overgongsvanskar/handlingskjede, iplos, adl, tiltaksplanar, legemiddelhandtering, journalføring, ASK, vegdelet epilepsi, ROS, brannvern,

## Viktige hendingar

- opna ny barneavlasting i mars 24.
- oppstart ombygging av svingen for å byggje lavterskel dagtilbod (Ei tverrfagleg arbeidsgruppe er sett ned for å jobbe med prosjektet.)
- satsing på velferdsteknologi, tatt i bruk senger med vendelet.

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Eining | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| Sum | 56 987 | 68 291 | 70 740 | 2 449 |

## Kommentar til status økonomi

Bu- og habiliteringsavdelinga gjekk samla sett i 2024 med eit positivt (mindreforbruk) på omlag 2.450.000,- kroner.

Årsaker til positive tal:

- avdelinga hadde billigare vikarinnleige på vakante stillingar og sjukefråvær.
- Unngått vikarinnleie der det har vore forsvarleg og ein har gitt nødvendig hjelp.
- Gjennomgong og omfordeling av ressursar på tvers av avdelinga.
- Inntekter ressurskrevjandebrukarar.

Årsaker til negative tal:

- vikarbyrå vår 2024
- sjukefråvær
- krav om kompetanse på grunn av tvangsvedtak og rekrutteringsproblem gjer at vi har hatt utfordringar med å dekkje vakter, det har medført ein del overtid
- auke i vedtak
- kjøp av tenester med privat leverandør
- overforbruk til brukarstyrt personleg assistent BPA grunna auke i nokre av vedtaka og nye søknadar
- nye omsorgsstønadar

## Økonomistatus per konto

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Rekneskap 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 63 706 | 73 662 | 74 749 | 68 279 | 6 470 |
| Refusjon lønn | −3 299 | −2 450 | −2 450 | −3 788 | 1 338 |
| **Sum Lønn** | **60 406** | **71 212** | **72 299** | **64 490** | **7 809** |
| Drift | 1 223 | 4 282 | 2 782 | 3 702 | −920 |
| Kjøp av produksjon | 11 058 | 9 066 | 10 566 | 17 422 | −6 855 |
| Overføringer | 461 | 182 | 182 | 122 | 59 |
| Finansutgifter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum Utgifter** | **12 742** | **13 530** | **13 530** | **21 246** | **−7 715** |
| Brukerbetaling | −728 | −527 | −527 | −650 | 123 |
| Refusjoner | −15 434 | −14 562 | −14 562 | −16 795 | 2 233 |
| **Sum Inntekter** | **−16 161** | **−15 089** | **−15 089** | **−17 445** | **2 356** |

| | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Rekneskap 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| Netto resultat | 56 987 | 69 654 | 70 740 | 68 291 | 2 449 |

## Grafar Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




### *Detaljvisning drift (graf)*







## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 2,70 % | 9,71 % | 12,41 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 3,14 % | 8,50 % | 11,64 % |
| Årleg sjukefråvær 2024 | 2,75 % | 7,40 % | 10,14 % |

# Tenestekoordinering

## Beskriving av tenesteområde

Avdelinga skal bidra til heilskapleg sakshandsaming for helse- og omsorgstenester i heile sektoren, i tillegg til støttefunksjonar og teknisk drift. Avdeling for tenestekoordinering er staben til kommunalsjefen i helse og omsorg, og har ordinært ni tilsette.

Tenestekoordinering har auka med 1,9 årsverk. Kommunen tok over ansvaret med transport til og frå dagsenter. Dette blei lagt til teknisk drift, og det blei oppretta ei 100% stilling. Sande kommune skreiv avtale med Herøy kommune om kjøp av tildelingstenester, i samband med dette samarbeidet blei det oppretta ei 90% stilling.

Når avgjersla om at Herøy kommune ikkje skal gå vidare med Helseplattformen, blei også regional og lokal innføringsleiar for Helseplattforma avvikla.

### Overordna mål

Personar som oppheld seg i kommunen skal få koordinerte tenester i samsvar med dei pliktane og rettane lovverket gir. Kvalitetsstandarden for tildeling av helse- og omsorgstenester i Herøy er styringsdokumentet vårt, i tillegg til lovfesta, nasjonale føringar.

### Utvalde resultat

Vi skreiv 2050 enkeltvedtak i 2024, fordelt på 733 personar. I tillegg har det vore ei klar auke på avslag. Det blei skrevet 78 avslag fordelt på 59 personar mot 37 avslag fordelt på 32 personar i 2023.

I Innrapporterte data om helse og omsorg i KPR - Helsedirektoratet frå kommunane finn vi at den største auken er knytt til tidsbegrensa oppald - utgreiing/behandling, avlasting i institusjon og digitalt tilsyn. Dei største reduksjonane er knytt til kommunal øyeblikkeleg hjelp (døgnopphald) og langtidsopphald i institusjon.

Teknologi som er teken i bruk per 31. desember 2024:

- medisineringsstøtte i form av medisindispenser i heimen: 33 stk.
- Somnofy: 111 stk.
- Smartdører: 16 stk. (seksjon Blå, Herøy omsorgssenter)
- Room-Mate: ein person (3 stk.), bu og habilitering.

### Viktige hendingar

Revidering av kvalitetsstandarden.

Sal av tildelingstenester til Sande kommune.

### Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Eining | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| Sum | 9 224 | 10 617 | 10 259 | −358 |

### Kommentar til status økonomi

**34 Tenestekoordinering**

Meirforbruk på 16 723. Meirforbruket er betydeleg større då pengane som stod på Helseplattformen ikkje hadde blitt satt inn på fond, 363 577 kr og at faktura til 7-stjerna ikkje har blitt betalt frå ansvar 3440, 147 996 kr. Det totale meirforbruket blir då 528 296 kr.

**3410 Tenestekoordinering**

Meirforbruk på 401 691 kr. Meirforbruket er auka kostnadar på lisensar. Visma veilederen hadde ei stor pris auke grunna periode med rabattar hadde gått ut. Avdeling pleie og omsorg inngjekk ny avtale på turnus program frå 01.07.24. Det blei betalt på 2 turnusprogram ut året.

**3411 Teknisk drift**

Meirforbruk på 126 605 kr. Dette skyldast store reparasjonar på bilar og maskiner som byrjar å bli gamle. Auka driftsutgifter på bussen då vi starta med transport for brukarar på dagsenteret. Det blei også tilsett ny person i 100% stilling i oktober. Det blei ikkje gjort budsjett korrigering på dette før i 2025.

**3430 Helseplattforma**

Blei avslutta august 2024. Pengane som stod att har ikkje blitt satt inn på fond. 363 577 kr står difor som mindreforbruk.

**3440 7-stjerna Helse og omsorg**

Fakturaen blir betalt på slutten av året, men den har blitt belasta ein annan konto som ikkje ligg til tenestekoordinering. 147 996 kr står difor som mindreforbruk.

## Økonomistatus per konto

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Rekneskap 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 6 892 | 6 804 | 6 850 | 7 604 | −754 |
| Refusjon lønn | −305 | 0 | 0 | −257 | 257 |
| **Sum Lønn** | **6 587** | **6 804** | **6 850** | **7 348** | **−498** |
| Drift | 4 725 | 5 668 | 5 668 | 5 827 | −159 |
| Kjøp av produksjon | 145 | 278 | 278 | 110 | 168 |
| Overføringer | 1 224 | 1 131 | 1 131 | 1 344 | −213 |
| Finansutgifter | 302 | 0 | 0 | 341 | −341 |
| **Sum Utgifter** | **6 396** | **7 078** | **7 078** | **7 623** | **−545** |
| Brukerbetaling | −743 | −820 | −820 | −815 | −5 |
| Refusjoner | −1 263 | −1 486 | −1 486 | −1 604 | 118 |
| Overføringer | −1 708 | −1 200 | −1 200 | −1 745 | 545 |
| Finansinntekter | −45 | −162 | −162 | −189 | 27 |
| **Sum Inntekter** | **−3 759** | **−3 668** | **−3 668** | **−4 353** | **685** |
| **Netto resultat** | **9 224** | **10 213** | **10 259** | **10 617** | **−358** |

## Grafar Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




***Detaljvisning drift (graf)***







## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 1,34 % | 0,78 % | 2,12 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 1,56 % | 2,68 % | 4,24 % |
| Årleg sjukefråvær 2024 | 0,88 % | 0,26 % | 1,14 % |

## Legetenesta

### Beskriving av tenesteområde

Avdeling for legetenester er ei av fem avdelingar i sektor helse og omsorg.

Legeplanen i Herøy vart vedtatt i 2021. Legeplanen skildrar legetenesta per 2021, men peikar framover for å finne god løysingar på utfordringane vi står overfor. Målsettinga for legeplanen er ei trygg og solid

legeteneste for alle som bur og lever i kommunen. Det skal leggast til rette for samarbeid mellom fastlegar og øvrige helse og omsorgstilbod i kommunen,og mellom fastlegane og spesialist helsetenestene

Forholdet mellom kommunen og fastlegane er regulert i fastlegeforeskrifta, i avtalene ASA4310 (rammeavtalen, SFS (særavtalen), ASA4301 (statsavtalen) og i lokale individuelle fastlege-avtaler.

### Overordna mål

Legeplanen legg grunnlaget for legetenesta for perioden 2021-2024, i handlingsplanen.

I arbeidet med legeplan vart avdeling for legetenesta gjort om til eiga avdeling, og løfta ut av avdeling for barn, familie og helse. I utgangspunktet rår legeplanen til at kommuneoverlege skulle være leiar av legetenesta, og i desember 2024 lykkast vi med å plass kommuneoverlege. Legetenesta hadde før det konstituert avdelingsleiar sidan i oktober 2023.

- Det er tre separate legekontor i Herøy kommune
    - Herøy legesenter
    - Myrvåg legesenter
    - Fosnavåg helsehus

### Utvalde resultat

I 2024 vart det tilsett faste fastlegar i alle heimlar, og den siste starta i overgangen til 2025. Det vart nytta vikarbyrå for 2 fastlegar i første tertial 2024, og den siste avtalen vart avslutta 31.12.25

Per 2024 er 4 fastlegar i spesialisering i allmennmedisin, det som blir kalla ALIS. Desse er alle tilsette ved Herøy legesenter.

Både Herøy legesenter og Myrvåg legesenter har hatt LIS1-lege i 2024. LIS1 er det siste halvåret i grunnutdanninga for legar.

Legevaktsordninga i Hovdebygda får gode skussmål frå innbyggarar og tilsette. Nyutdanna legar oppgir ordninga som årsak til at dei søkjer seg til regionen som fastlege.

Styringsgruppa for legeplanen har hatt møter og ein ser behov for å rullere legeplanen.

### Viktige hendingar

På grunn av rekrutteringsutfordringar har ein fastlege hatt beredskapsfunksjon som kommuneoverlege i heile 2024, med unntak av feriar. 1.desember vart same fastlegen tilsett i ei midlertidig stilling som kommuneoverlege og leiar for legetenesta.

### Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Eining | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| Sum | 31 131 | 30 619 | 21 580 | −9 039 |

## Kommentar til status økonomi

Av ulike årsaker var det nye tiltaket med realistiske rammer for legetenesta ikkje inkludert i budsjett 2024. Alt i januar 2024 såg vi at denne feilen ville medføre eit stort avvik på slutten av året. Det nye tiltaket tok høgde for kjende kostnadar som

- auke i lisensar
- bruk av vikarbyrå
- driftstilksot til legane
- auka kostnadar til søre Sunnmøre legevakt.

Dette er kostnadar som vi ikkje hadde høve til å gjere noko med, og til trass for innsparingar der det lot seg gjere i 2024, så vart avviket på 9 million.

## Økonomistatus per konto

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Rekneskap 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 12 032 | 17 824 | 16 939 | 18 917 | −1 979 |
| Refusjon lønn | −539 | −600 | −800 | −1 175 | 375 |
| **Sum Lønn** | **11 493** | **17 224** | **16 139** | **17 743** | **−1 604** |
| Drift | 4 956 | 2 791 | 2 791 | 4 058 | −1 267 |
| Kjøp av produksjon | 24 461 | 9 900 | 9 100 | 17 345 | −8 245 |
| Overføringer | 1 027 | 603 | 603 | 1 235 | −631 |
| Finansutgifter | 6 | 0 | 0 | 267 | −267 |
| **Sum Utgifter** | **30 450** | **13 295** | **12 495** | **22 905** | **−10 410** |
| Brukerbetaling | −6 596 | −3 700 | −3 700 | −5 052 | 1 352 |
| Refusjoner | −3 678 | −3 353 | −3 353 | −3 557 | 204 |
| Overføringer | −491 | 0 | 0 | −1 419 | 1 419 |
| Finansinntekter | −48 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum Inntekter** | **−10 813** | **−7 053** | **−7 053** | **−10 028** | **2 975** |
| **Netto resultat** | **31 131** | **23 465** | **21 580** | **30 619** | **−9 039** |

## Grafar Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




***Detaljvisning drift (graf)***







## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 1,99 % | 0,77 % | 2,77 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 0,22 % | 4,15 % | 4,36 % |
| Årleg sjukefråvær 2024 | 0,59 % | 0,46 % | 1,05 % |

## Sektor samfunnsutvikling

### Beskriving av tenesteområde

Sektor for samfunnsutvikling har ei svært viktig rolle i å legge til rette for at det skal vere godt å bu, arbeide og leve i Herøy kommune. Ansvarsområdet er svært vidt; frå forvaltning og drift av museum til bygging av infrastruktur i form av skular, institusjonar, bustadfelt og tilrettelegging for næringslivet.

Innsatsen frå dei tilsette i sektoren er vesentleg i arbeidet for å auke verdiskapinga i kommunen.

I 2024 hadde sektoren fylgjande seks avdelingar:

- anleggs- og drift
- brann og redning
- eigedom
- Herøy gard
- landbruk
- utvikling

I sektor for samfunnsutvikling møter innbyggjarane og næringslivet kommunen som

- utøvar av mynde ved til dømes byggesak og tekniske tenester
- samfunnsutviklar gjennom planarbeid og ein omfattande investeringsplan
- tilretteleggar for næringsliv
- utleigar av bustad til private
- utleigar av bygg til næring
- driftar av offentlege bygg
- lokaldemokratisk aktør og tenesteutøvar

## Overordna mål

Dei overordna måla til sektoren er:

- Legge til rette for at Herøy kommune skal vere ein god plass å bu, arbeide og besøke.
- Sikre god brukarmedverknad og løpande utvikling i tenesteytinga.
- Levere tenester i samsvar med brukarane sine lovfesta rettar.
- Tenkje innovasjon og ny teknologi i tenesteproduksjon.

## Utvalde resultat

Eit viktig resultat i dette året er den gode utviklinga av samarbeidet med kommunane rundt oss på mange områder

Utviklingsavdelinga leverer gode resultat innanfor gjeldande fristar, og tida for sakshandsaming går stadig ned

Det er utarbeid lokale retningsliner for tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) og tilskot til tiltak i beiteområde. Det er og utarbeid risikobasert kontrollplan for produksjon- og avløysartilskot (PT) og for regionalt miljøtilskot (RMP).

Dette året har ein fått starta utdanning for 9 nye brannkonstablar og brannsjefen er ferdig utdanna

Det er gjennomført sal av kommunale leilegheiter i sentrum

## Viktige hendingar

Utval, formannskap og kommunestyret gjorde mange viktige vedtak som gav premissar for aktivitet i sektoren:

- Kommunestyret vedtok å avslutte prosjektet med mudring av Fosnavåg hamn
- Kommunestyret vedtok revidert planstrategi for perioden 2024-2027.
- Flytting av bibliotek til sentrum
- Nytt mellombels skulelokale på kulturhuset
- Kommunestyret har i 2024 vore gjennom eit arbeid med byutvikling og vedteke sin første Utviklingplan for Fosnavåg med handlingsplan. I kjølevatnet av denne har utval for samfunnsutvikling vedteke å starte opp regulering av Fosnavåg sentrum gjennom ein områdereguleringsplan.
- Herøy kommune har også kjøpt eigedomen på Gjerdet og vedtok at dette skal verte eit statleg sikra friluftsområde som skal istandsettast på ein høveleg måte.
- Kommunestyret vedtok å starte opp arbeid med å lage kommunedelplan for Myrvåg
- I desember 2024 vedtok også kommunestyret å innføre eigedomsskatt og det vart oppretta eigedomsskattekontor

Det var innkjøpsstopp store deler av året 2024, og dette sette ein brems på mykje av planlagd aktivitet. Avdelingane rapporterer likevel om mange hendingar:

Arbeidet med å bygge nytt institusjonskjøkken ved Herøy omsorgssenter vart starta opp

Ein fekk tildelt tilskott til solceller på taket av institusjonskjøkkenet

Ein fekk tildelt støtte frå Husbanken til prosjektet med dagaktivitetssenter på Svingen og arbeidet starta opp

Det vart signert kontrakt for bygging av kai på Mjølstadneset.

Det vart inngått forskutteringsavtale med BIL for legging av nytt kunstgrads på Havila Stadion

Brannfolka har vore med på å redde enkelt-liv i samband med brannar som har oppstått i bolig

God aktivitet ved Herøy gard

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Eining | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| 50-Kommunalsjef Samfunnsutvikling | 1 381 | 1 505 | 1 449 | −56 |
| 51-Utviklingsavdelinga | 2 972 | 4 566 | 5 878 | 1 312 |

| Eining | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| 52-Landbruksavdelinga | 1 415 | 1 109 | 1 277 | 168 |
| 53-Brann og redning | 11 891 | 12 845 | 11 969 | −875 |
| 54-Anleggs- og driftsavdelinga | 8 639 | 7 830 | 9 341 | 1 510 |
| 55-Eigedomsavdelinga | 24 893 | 20 945 | 24 126 | 3 180 |
| Sum | 51 192 | 48 801 | 54 040 | 5 239 |

## Kommentar til status økonomi

Tidleg i året 2024 vart det innført kjøpestopp og tilsettingsstopp i Herøy kommune. Tilsette i sektoren var svært lojale mot denne bestemminga, og ein fekk samla i sektoren ei innsparing på omlag 5,2 millionar kroner.

Det var eit tøft år der ordinær drift vart redusert, innkjøp vart sett på vent, vedlikehaldsarbeid på veg, gatelys og bygningar vart utsett og ledige stillingar vart halde vakante. På denne måten oppnådde dei fleste avdelingane i sektoren innsparing i høve til budsjett. Avdeling brann varsla gjennom året at det ikkje var mogleg å halde seg innafor budsjett, resultatet for avdeling Brann vart eit meirforbruk.

I dei tre avdelingane utvikling, eigedom og anlegg/drift vart det tilsaman halde vakant 3 heile stillingar store deler av året. I tillegg vart det ikkje teke inn vikarar ved fråvær. Seksjon Reinhald hadde også eit prosjekt med innsparing der ein rasjonaliserte og sparte inn store summar.

På utgiftssida var det innsparing på dei aller fleste områda, unntaket var forsikringar, kommunale avgifter, lisensar og kjøp av konsulenttenester. På inntektssida hadde ein også nokre høgare inntekter enn budsjettert, i hovudsak var dette tilskott frå stat og fylke samt nokre leigeinntekter.

Avdelingane varsla ved slutten av året at det ikkje er mogleg å halde utgiftsnivået så lågt over lang tid.

## Oppsummering tiltak

Samla sett vart året 2024 eit år med lågare aktivitet, færre tilsette og lågare utgifter enn dei rammene som var lagt i budsjett.

## Grafar Økonomi

### Driftsutgifter og inntekter (graf)




**Detaljvisning drift (graf)**







## KOSTRA Nøkkeltal

## Kostra-analyse - Plan, kulturminner, natur og nærmiljø

| | Herøy (M. og R.) 2023 | Herøy (M. og R.) 2024 | Ulstein | Ørsta | Volda | Hareid | Kostragruppe 01 | Landet |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | | | | |
| Netto driftsutgifter til fysisk planlegging i prosent av kommunens samlede netto driftsutgifter (B) | 0,7 % | | | | | | | |
| Netto driftsutgifter til kart og oppmåling per innbygger (B) | 107 | 56 | 128 | 102 | 217 | 274 | 194 | 129 |
| Netto driftsutgifter til naturforvaltning og friluftsliv per innbygger (B) | 4 | −7 | 20 | 42 | 8 | 24 | 204 | 221 |

| | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Netto driftsutgifter til plansaksbehandling per innbygger (B) | 270 | 430 | 209 | 272 | 283 | 271 | 315 | 342 |
| Netto driftsutgifter til rekreasjon i tettsteder per innbygger (B) | 121 | 82 | 210 | 396 | 538 | 448 | 175 | 363 |

## Kostra-analyse - Vann, avløp og renovasjon

| | Herøy (M. og R.) 2023 | Herøy (M. og R.) 2024 | Ulstein | Ørsta | Volda | Hareid | Kostragruppe 01 | Landet |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | | | | |
| Vann - Driftsutgifter per tilknyttet innbygger (kr/tilkn.innb) (B) | | | | 1 250 | 1 532 | | 1 784 | 1 175 |
| **Produktivitet** | | | | | | | | |
| Vann - Gebyrinntekter per innbygger tilknyttet kommunal vannforsyning (kr/tilkn.innb) (B) | | | | 2 156 | 3 040 | | 3 026 | 2 476 |
| Årsgebyr for avløpstjenesten - ekskl. mva. (kr) | 4 439 | 4 749 | 3 098 | 3 551 | 3 784 | 4 091 | 6 542 | 6 007 |
| **Kvalitet** | | | | | | | | |
| Avløp - Slamtørrstoff produsert per kubikkmeter avløpsvann | 149 | | | | | | | |
| Estimert gjennomsnittsalder for kommunalt spillvannsnett med kjent alder (år) | 53,0 | 54,0 | 2,0 | 32,0 | 37,0 | 31,0 | | 35,0 |
| Renovasjon - Levert til materialgjenvinning og biologisk behandling per innbygger (kommune) | 186 | 0 | 0 | 183 | 183 | | 0 | 0 |
| Vann - Estimert vannlekkasje per meter kommunal ledning per år (m3/m/år) (B) | | | | 8,2 | 4,3 | 3,2 | 2,0 | 3,9 |

## Kostra-analyse - Brann og ulykkesvern

| | Herøy (M. og R.) 2023 | Herøy (M. og R.) 2024 | Ulstein | Ørsta | Volda | Hareid | Kostragruppe 01 | Landet |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | | | | |
| Antall utrykninger: sum utrykninger til branner og andre utrykninger pr. 1000 innbyggere | 10,1 | 11,1 | 13,8 | 11,3 | 9,3 | 12,0 | 15,6 | 18,4 |
| Netto driftsutgifter til funksjon 338 pr. innbygger (B) | −1 | 240 | 81 | 94 | 59 | 399 | 130 | 99 |
| Netto driftsutgifter til funksjon 339 pr. innbygger (B) | 1 564 | 1 642 | 952 | 1 219 | 1 541 | 969 | 1 159 | 1 007 |
| Netto driftsutgifter, brann og ulykkesvern, i prosent av totale netto driftsutg (B) | 2,0 % | 2,3 % | 1,3 % | 1,6 % | 1,9 % | 1,6 % | 1,6 % | 1,4 % |
| **Kvalitet** | | | | | | | | |
| Årsgebyr for feiing og tilsyn - ekskl. mva. (kr) | 528 | 0 | 588 | 654 | 608 | 694 | 554 | 642 |

## Kostra-analyse - Eiendomsforvaltning

| | Herøy (M. og R.) 2023 | Herøy (M. og R.) 2024 | Ulstein | Ørsta | Volda | Hareid | Kostragruppe 01 | Landet |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | | | | |
| Netto driftsutgifter til kommunal eiendomsforvaltning, i prosent av samlede netto driftsutgifter (B) | 7,8 % | 7,1 % | 8,4 % | 7,6 % | 8,5 % | 9,6 % | 8,1 % | 8,9 % |
| **Produktivitet** | | | | | | | | |
| Utgifter til driftsaktiviteter i kommunal eiendomsforvaltning per kvadratmeter (B) | 761 | 725 | 631 | 609 | | | 673 | 780 |

## Kostra-analyse - Samferdsel

| | Herøy (M. og R.) 2023 | Herøy (M. og R.) 2024 | Ulstein | Ørsta | Volda | Hareid | Kostragruppe 01 | Landet |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | | | | |
| Andel netto driftsutgifter for samf. i alt av samlede netto driftsutg (B) | 2,6 % | 2,3 % | 2,3 % | 2,2 % | 3,0 % | 2,5 % | 1,8 % | 1,7 % |
| **Produktivitet** | | | | | | | | |
| Brutto driftsutgifter ekskl. avskrivninger i kr pr. km kommunal vei og gate (B) | 113 462 | 97 413 | 69 174 | 83 955 | 107 229 | 90 484 | 102 824 | 184 899 |
| Brutto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate (B) | 173 817 | 159 380 | 163 380 | 126 299 | 161 309 | 151 597 | 144 685 | 258 643 |
| Netto driftsutgifter ekskl. avskrivninger i kr pr. km kommunal vei og gate (B) | 98 301 | 84 315 | 68 315 | 81 573 | 102 457 | 87 258 | 98 338 | 155 639 |
| **Dekningsgrad** | | | | | | | | |
| Antall parkeringsplasser skiltet for forflytningshemmede pr. 10 000 innb (B) | 47 | 47 | 90 | 24 | 13 | 0 | 25 | 19 |
| Antall utstedte parkeringstillatelser for forflytningshemmede pr. 10 000 innb (B) | 205 | 215 | 37 | 122 | 261 | 0 | 131 | 102 |

## Kostra-analyse - Næringsforv. og konsesjonskraft

| | Herøy (M. og R.) 2023 | Herøy (M. og R.) 2024 | Ulstein | Ørsta | Volda | Hareid | Kostragruppe 01 | Landet |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | | | | |
| Kommunal næringsvirksomhet brutto investeringsutgifter beløp pr innb (kr) | 14 | 0 | 0 | 0 | 0 | 31 | 170 | 237 |
| Netto driftsutgifter til tilrettelegging og bistand for næringslivet i prosent av samlede netto (B) | 0,3 % | 0,3 % | 0,4 % | 0,3 % | −0,3 % | 0,1 % | 0,4 % | 0,2 % |
| Tilrettelegging og bistand for næringslivet nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) | 225 | 212 | 359 | 246 | −280 | 100 | 304 | 126 |

## Kostra-analyse - Klima og energi

| | Herøy (M. og R.) 2023 | Herøy (M. og R.) 2024 | Ulstein | Ørsta | Volda | Hareid | Kostragruppe 01 | Landet |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Kvalitet** | | | | | | | |
| CO2-utslipp fra energibruk i komm. eiendomsforvaltn., egne bygg | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 2 | 5 |

## Samandrag status investeringar

I all hovudsak skjer investeringane i sektoren på avdeling brann, eigedom og anlegg/drift.

På eigedoms-avdelinga gjekk ein siste halvdel av 2024 gjekk frå tre til to prosjektleiarar, kapasiteten vart soleis redusert. Det har likevel vore mykje aktivitet, både generell prosjektstyring, men også arbeid for å kartlegge tidlegare løyvingar.

Prosjekt som vart prioritert på eigedomsavdelinga i 2024:

- Generelle løyvingar som asfaltering, brannsikring, opparbeiding av leikeplassar, inneklimatiltak og ENØK-tiltak.
- Storkjøkken
- Svingen aktivitetssenter
- Innkjøp knytt til ny lokalisering av bibliotek og flytting av bibliotek
- Ny mellombels løysing for skulelokale på kulturhuset
- Innleiande planlegging kring YHU - måtte utsetjast grunna andre prioriterte prosjekt

Annleggs- og driftsavdelinga hadde vakant prosjektleiarstilling mest heile 2024, det var soleis redusert kapasitet også i den avdlinga.

Det vart likevel sett i verk slikt større prosjekt:

- Inngått kontrakt på bygging av ny kai på Mjølstadneset

Fylgjande prosjekt vart ferdigstilt:

- Hovudtyngda av fortau i Bergslibakken.

Det vart jobba med prosjektering av fylgjande prosjekt:

- Avlaup Kvalsvik hamn
- Ny kai på Mjølstadneset (Fosnot)
- Nytt dekke på Havila Stadion

I 2024 har alle investeringar for Herøy brann og redning vore sett på vent. Dette har medført at det er eit sterkt behov for investeringar i 2025 i staden.

Utviklingsavdelinga har gjort nokre mindre investeringar i nytt utstyr;

Det vart kjøpt inn ny gps til bruk for landmålarane. Prosjektet vart avslutta i kommunestyret desember 2024 med eit mindreforbruk på kr.96.000,-.

Prosjekt med nye flyfoto og laserscanninga er ikkje økonomisk avslutta då det gjenstod nokre flygingar som måtte utsettast pga.vær. Prosjekta vert truleg økonomisk avslutta i 2025.

## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 3,41 % | 4,09 % | 7,50 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 2,05 % | 5,50 % | 7,55 % |
| Årleg sjukefråvær 2024 | 1,20 % | 7,63 % | 8,83 % |

## Kommunalsjef Samfunnsutvikling

### Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Eining | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| Sum | 1 381 | 1 505 | 1 449 | −56 |

### Kommentar til status økonomi

### Grafar Økonomi

***Driftsutgifter og inntekter (graf)***




*Detaljvisning drift (graf)*







## Utviklingsavdelinga

### Beskriving av tenesteområde

Utviklingsavdelinga er per i dag bemanna med ei fordeling som avdelingsleiar meinar er naturleg og tilpassa arbeidsmengd og forventningar. Det i hovudsak tre fagområde på avdelinga:

- plan
- byggesak
- kart og oppmåling

Avdelinga har til saman åtte årsverk med ein leiar, to planleggarar, tre byggesakshandsamarar og to landmålarar, i tillegg utfører leiaren også planoppgåver. I 2024 vart ei byggesaksstilling haldt vakant andre halvdel av året.

Utfordringane som avdelinga står ovanfor er manglande forankring, forståing og aksept for kommunen som plan-, byggesaks-, og matrikkelmynde. Innbyggjarane har sterkt ønske om å utvikle eigedomane utan at dei set seg godt nok inn i regelverket som gjeld. Dette fører ofte til at saker vert konfliktfylte mot bla. naboar allereie før dei kjem til kommunen for handsaming.

Dei fleste av arbeidsoppgåvene til utviklingsavdelinga er gebyrbelagte og kostnadane til avdelinga skal dekkjast av sal av tenester til innbyggjarane. Det kan vere eit lite inntektspotensial ved å auke gebyra til å dekke tenesta 100 prosent (sjølvkostprinsippet), men Herøy kommune har til no valt å subsidiere, spesielt plansaker, med redusert gebyr.

Plan har avgrensa kapasitet til å gjennomføre andre planoppgåver enn dei som blir prioriterte frå kommunestyre/formannskap.

Byggesak handtere inngåande saker på ein god måte innanfor lovpålagde fristar. Herøy kommune er ein av dei kommunane på Søre Sunnmøre som har kome aller lengst med tilsynsarbeidet som kommunane også er pliktige å følgje opp.

Kart og oppmåling har avgrensa kapasitet til å gjennomføre andre oppgåver enn inngåande saker. Utvikling innan geodata og tekniske løysingar vert ikkje prioritert, men det bør vere eit mål å effektivisere drifta slik at ein også kan utvikle fagområdet, spesielt innanfor kartløysingar og analyse.

## Overordna mål

Vi skal yte god service og møte innbyggarane med respekt og openheit. Vi gir ærlege tilbakemeldingar i sakene deira. Vi held avtalte fristar og gir beskjed om vi ikkje klarer det.

Vi skal vere rettvise og behandle alle likt etter lovverket og det skal ikkje verte utvist usakleg forskjellsbehandling.

Vi  skal spele på lag med både innbyggarar og politikarar og vi har i 2024 strekt oss langt for å rettleie innbyggarane for å finne løysingar med dei. Samhandling er avgjerande for å skape dei beste resultata for kommunen.

## Utvalde resultat

| Måltal | 2022 | 2023 | 2024 |
|---|---|---|---|
| Byggesak: Antal dagar sakshandsaming på saker med frist på 3 veker (21 dagar) | 16 | 16 | 13 |
| Byggesak: Antal dagar sakshandsaming på saker med frist på 12 veker (84 dagar) | 44 | 43 | 16 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Oppmåling: Tal på grunneigedomar oppretta | 64 | 65 | 60 |

## Viktige hendingar

Juni 2024 så vedtok kommunestyret ein revidert planstrategi for perioden 2024-2027. Dette er eit overordna verkty for kommunen der ein prioriterer kva planar kommunen skal ha og kva som skal rullerast den komande kommunestyreperioden.

Kommunestyret har i 2024 vore gjennom eit arbeid med byutvikling og vedteke sin første Utviklingsplan for Fosnavåg med handlingsplan. Denne set rammene for korleis kommunestyret ynskjer at Fosnavåg skal utvikle seg og kva aktivitetar kommunedirektøren skal starte opp. Som oppfølging av kommunestyret sitt vedtak har utval for samfunnsutvikling vedteke å starte opp regulering av Fosnavåg sentrum gjennom ein områdereguleringsplan.

Herøy kommune har også kjøpt eigedomen på Gjerdet som representerer eit unikt stykke av Herøy si historie og har vedteke at dette skal verte eit statleg sikra friluftsområde og istandsettast på ein høveleg måte.

Kommunestyret vedtok å starte opp arbeid med å lage ein kommunedelplan for Myrvåg noko som førte til at store delar av kapasiteten til planavdelinga vart sett av til dette. Asplan viak vart engasjert til å bistå kommunen og det vart gjennomført to workshoppar i kommunestyret og eitt folkemøte i Myrvåg.

I desember 2024 vedtok også kommunestyret å innføre eigedomsskatt. Dette vert organisert som Eigedomsskattekontoret under Utviklingsavdelinga og må administrerast av personell på avdelinga.

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Eining | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| Sum | 2 972 | 4 566 | 5 878 | 1 312 |

## Kommentar til status økonomi

Utviklingsavdelinga består av tre fagområder der to av dei er underlagt eit strengt sjølvkostprinsipp. Kostnadane kommunen har til å behandle byggesaker og gjennomføre oppmålingsarbeid skal primært dekkjast gjennom gebyrinntekter. Dersom kommunen har mindreforbruk skal midlane setjast av på fond for å dekkje seinare meirforbruk medan eit meirforbruk må dekkjast av opparbeida fond eller over driftsbudsjettet til kommunen. Inntektene frå byggjesak og oppmåling kan ikkje kryssfinansiere kvarandre, dvs. at eit mindreforbruk på byggjesak kan ikkje dekkje eit meirforbuk på oppmåling og vice versa.

For 2024 har byggjesak eit mindreforbruk på kr. 501.773,- og etter ein har dekt tidlegare framført meirforbruk vert det oppretta sjølvkost-fond på kr. 173.122. Oppmåling har eit meirforbruk på kr. 7.067,- som er mindre enn venta. Plan hadde eit mindreforbruk på kr. 816.885,-.

Samla sett gjekk utviklingsavdelinga med eit mindreforbruk på 1,3mill fordelt på dei tre fagområda.

## Oppsummering tiltak

Ikkje behov for å setje inn tiltak.

## Økonomistatus per konto

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Rekneskap 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 6 487 | 7 460 | 7 624 | 7 344 | 279 |
| Refusjon lønn | −160 | 0 | 0 | −31 | 31 |
| **Sum Lønn** | **6 327** | **7 460** | **7 624** | **7 313** | **311** |
| Drift | 1 985 | 3 101 | 3 101 | 3 150 | −49 |
| Kjøp av produksjon | 27 | 24 | 24 | 33 | −9 |
| Overføringer | 184 | 674 | 674 | 571 | 102 |
| Finansutgifter | 10 | 0 | 0 | 473 | −473 |
| **Sum Utgifter** | **2 206** | **3 799** | **3 799** | **4 228** | **−429** |
| Brukerbetaling | −4 042 | −4 871 | −4 871 | −4 671 | −200 |
| Refusjoner | −160 | −674 | −674 | −751 | 78 |
| Overføringer | −600 | 0 | 0 | −1 500 | 1 500 |
| Finansinntekter | −759 | 0 | 0 | −52 | 52 |
| **Sum Inntekter** | **−5 561** | **−5 545** | **−5 545** | **−6 975** | **1 430** |
| **Netto resultat** | **2 972** | **5 714** | **5 878** | **4 566** | **1 312** |

## Grafar Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




### *Detaljvisning drift (graf)*







## Samandrag status investeringar

I 2024 vart det gjort ei investering for utviklingsavdelinga. Det vart kjøpt inn ny gps til bruk for landmålarane. Prosjektet vart avslutta i kommunestyret desember 2024 med eit mindreforbruk på kr.96.000,-.

Prosjekt med nye flyfoto og laserscanninga er ikkje økonomisk avslutta då det gjenstod nokre flygingar som måtte utsettast pga.vær. Prosjekta vert truleg økonomisk avslutta i 2025.

Innkjøp av ny bil for oppmålingsbil er skyvd ut av økonomiperioden.

## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 0,20 % | 2,65 % | 2,85 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 1,82 % | 5,26 % | 7,08 % |
| Årleg sjukefråvær 2024 | 2,12 % | 0,62 % | 2,74 % |

# Landbruksavdelinga

## Beskriving av tenesteområde

Hovudoppgåvene til landbruksavdelinga er tildeling av statlege tilskot til landbruket, og handsaming av søknadar om tiltak og løyve etter jordlova, konsesjonslova, skoglova og viltlova.

Tilskotsordningane er forankra i sentrale forskrifter og rundskriv. Tilskot til særskilde miljøtiltak i landbruket (SMIL) og nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) har i tillegg lokalt vedtekne retningsliner med prioritering av tilskota.

Tiltak og løyve innafor alle fire lovverka er styrde etter sentrale lover og forskrifter. For hjorteforvaltinga er det i tillegg vedteke ein kommunal forvaltningsplan som vil vere styrande for den lokale forvaltinga.

Herøy kommune er vertskommune for kommunane Hareid og Ulstein på fagområda jord, skog og viltforvalting. Samarbeidet er forankra i ein vertskommuneavtale som skildrar kva lover som er delegerte frå kommunestyra i samarbeidskommunane og til kommunedirektøren i vertskommunen. Sande kommune kjøper tenester på skogforvalting frå Herøy kommune, men dei sa opp denne avtalen i september. Det er 1 år oppseiingstid og avtalen løpet fram til 01.10.2025.

Herøy kommune dekker 43 prosent av kostnadane til avdelinga gjennom vertskommunesamarbeidet. Hareid kommune dekker 28 prosent og Ulstein kommune 29 prosent av kostnadane. Avtale med Sande var i si tid ei 5% stilling, prissett til 20 000 kroner i 2001. Prisen på avtalen har aldri vore justert.

Det har vore fire tilsette ved avdelinga fordelte på to heile og to halve stillingar fram til årsskiftet. Den eine medarbeidaren i halv stilling gjekk av med pensjon ved årsskiftet. Stillinga vert ført vidare med 30 prosent. I tillegg har vi ansvaret for å drifte “10-på topp” og arbeidet utgjer ei 5 prosent stilling. Vi utfører og prosjektoppgåver for utviklingsavdelinga tilsvarande ei 15 prosent stilling. På tampen av året fekk vi og ansvaret for servering og skjenkeløyve. Denne oppgåva hadde ligge til servicetorget tidlegare.

Landbruksavdelinga har ansvaret for administrasjonen av veterinærvaktordninga for Herøy vaktdistrikt. Staten deler landet inn i vaktdistrikt og kommunane Sande, Herøy, Ulstein og Hareid utgjer eit felles vaktdistrikt.

## Overordna mål

Utføre god kommunal sakshandsaming og rettleiing innafor fagområda jordbruk, skogbruk og viltforvalting.

## Utvalde resultat

Siste åra har Statsforvaltaren hatt auka fokus på kommunane sine retningsliner og planar for kontroll for utbetaling av statlege tilskot. Det er no utarbeid lokale retningsliner for tilskot til spesielle miljøtiltak i

jordbruket (SMIL) og tilskot til tiltak i beiteområde. Det er og utarbeid risikobasert kontrollplan for produksjon- og avløysartilskot (PT) og for regionalt miljøtilskot (RMP). Planane gjeld for Herøy kommune og for samarbeidskommunane Ulstein og Hareid.

Det er auka fokus på oppfølging av driveplikta på dyrka jord. Vi starta opp arbeidet med å følje opp korleis gardbrukarane i Ulstein kommune føljer opp driveplikta på sin eigedom.

## Viktige hendingar

Det er viktig at vi har eit godt samarbeid med kommunane i landbrukssamarbeidet. Tilbodet vårt til innbyggarane i Ulstein og Hareid skal vere like godt som til innbyggarane i Herøy. Vi tilbyr gjerne fysiske møte på rådhuset i Ulstein eller i Hareid når det høver best.

God kommunikasjon må vi også ha med sakshandsamarkolleger innafor byggesak, plan og oppmåling i alle kommunane våre. Tidlegare gjennomførde vi 1 – 2 møte i kvar av dei tre kommunane i løpet av året. Vi erfarte at det var for lite, så vi auka talet til 6 møte i 2024. Erfaringa så langt er svært positiv.

Det vart gjennomført eit møte med kommunalsjefane i samarbeidskommunane. Møtet vert halde kvart år for å syte for god kommunikasjon i samarbeidet.

Vi deltek og i samarbeidsmøte med landbrukskollegar innafor 7-stjerna. No siste var vi i Vanylven kommune.

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Eining | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| Sum | 1 415 | 1 109 | 1 277 | 168 |

## Kommentar til status økonomi

Det var ei samla mindreforbruket på eininga på 168 191 kroner. Største mindreforbruket var ved drifta av landbruksavdelinga som hadde eit mindreforbruk på 189 562 kroner. Årsaka var lågare lønnskostnadar og at vi ikkje deltok på kurs og fagsamlingar. Dette har vore del av sparetiltaka i kommunen.

Veterinærvakta hadde eit meirforbruk på 22 941 kroner som skuldast kompensasjon for 2-delt vakt.

## Oppsummering tiltak

Stillinga som var vakant delar av året vert no delvis erstatta. Det vert prioritert deltaking i kurs og fagsamlingar slik at vi vert godt oppdatert innfor fagområda våre.

## Økonomistatus per konto

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Rekneskap 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 2 441 | 2 454 | 2 509 | 2 517 | −8 |

| | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Rekneskap 2024 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| Refusjon lønn | −12 | 0 | 0 | −117 | 117 |
| **Sum Lønn** | **2 430** | **2 454** | **2 509** | **2 400** | **109** |
| Drift | 263 | 222 | 222 | 174 | 48 |
| Kjøp av produksjon | 2 235 | 1 908 | 1 908 | 2 047 | −138 |
| Overføringer | 126 | 27 | 27 | 33 | −6 |
| Finansutgifter | 18 | 12 | 12 | 0 | 12 |
| **Sum Utgifter** | **2 642** | **2 169** | **2 169** | **2 253** | **−84** |
| Brukerbetaling | −169 | −155 | −155 | −152 | −3 |
| Refusjoner | −2 245 | −1 968 | −1 968 | −1 936 | −32 |
| Overføringer | −1 226 | −1 263 | −1 263 | −1 450 | 186 |
| Finansinntekter | −16 | −15 | −15 | −7 | −9 |
| **Sum Inntekter** | **−3 656** | **−3 401** | **−3 401** | **−3 544** | **143** |
| **Netto resultat** | **1 415** | **1 222** | **1 277** | **1 109** | **168** |

## Grafar Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




### *Detaljvisning drift (graf)*







## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 5,26 % | 4,85 % | 10,11 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 2,73 % | 1,53 % | 4,26 % |
| Årleg sjukefråvær 2024 | 0,61 % | 7,39 % | 8,00 % |

# Brann og redning

## Beskriving av tenesteområde

